

Årsmelding 2024

Haram

Interkommunale samarbeid

Interkommunale selskap (IKS)

Selskap	Deltakande kommunar	Kommentar
Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal (IKA)	Alle kommunane i Møre og Romsdal med	Driftstilskot vert fastsett av representantskapet ut
Oppgåvefelleskap	Deltakarkommune	Kommentar
Sunnmøre friluftsråd	Giske, Fjord, Haram, Hareid, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Vestnes, Volda, Ørsta og Ålesund.	Årleg tilskot basert på folketal. Depotleige i samsvar med vedtatte satsar. Kvar deltakarkommune har to utsendingar til folketalet pr 01.01 kvart år. representantskapet.
		1 medlem i representantskapet
Sunnmøre kontrollutvalgssekretariat	Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven, Haram, Ålesund	Årleg tilskot vert fastsett av representantskapet i forhold til eigardel og medgått tidsbruk. Eigardel 1/11 1 medlem i representantskapet
Sunnmøre Regionråd	Giske, Fjord, Haram, Hareid, Herøy, Sande, Stranda, Sula, Sykkylven, Ulstein, Vanylven, Vestnes, Volda, Ørsta og Ålesund.	Årleg driftstilskot basert på folketal. Alle kommunane har lik eigardel. Alle kommunane har 1 medlem (ordføraren) i representantskapet.
Ålesundregionens havnevesen	Sula, Giske, Haram og Ålesund	Ikkje driftstilskot frå kommunane. Selskapsavtalen må opp til ny behandling. Manglar like vedtak i deltakarkommunane. Sula kommune har meldt seg ut av samarbeidet.

Kommunalt oppgåvefelleskap

Vertskommunesamarbeid

Årsmelding 2024

Samarbeid	Vertskommune	Samarbeidskommune	Kommentar
Brannvernssamarbeid	Ålesund	Sula, Giske, Haram	Avtalen omfattar deltaking i Ålesund brannvesen og alle oppgåvene i lov om brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver. Fordeling av utgifter etter sjølvkostprinsippet.
Interkommunalt utvalg mot akutt forurensning - IUA Sunnmøre	Ålesund	Fjord, Stranda, Sykkylven, Ørsta, Volda, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Sula, Giske og Haram	Utvalet skal planlegge, iverksette og leie større aksjonar mot akutt forurensning innan regionen på land og til sjøs ut til 4nm frå grunnlinja dersom skadevoldar ikkje iverksetter tilstrekkelege tiltak.
Kulturskule	Ålesund	Haram	Felles kulturskule for Haram og Ålesund
Interkommunal barnevernsvakt	Ålesund	Fjord, Stranda, Sykkylven, Ørsta, Volda, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Sula, Giske og Haram	
Krisesenter	Ålesund	Fjord, Stranda, Sykkylven, Ørsta, Volda, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein, Hareid, Sula, Giske og Haram	Krisesenter for Sunnmøre er interkommunalt og gir eit tilbod til innbyggjarar i kommunane
Landbrukskontor	Haram	Ålesund, Sula og Giske	Landbrukskontoret sine oppgåver er forvaltning knytt til særlovene i landbruket, som jordlova og konsesjonslova.

Årsmelding 2024

Legevakt	Ålesund	Sula, Giske, Haram, Stranda, Fjord og Vestnes	
Overgrepsmottaket på Sunnmøre	Ålesund	Heile Sunnmøre	Overgrepsmottaket dekkjer heile Sunnmøre og gjeld for seksuelle overgrep og vald i nære relasjonar.
ØHD	Ålesund	Fjord, Giske, Vestnes, Haram og Sula	Kommunane samarbeidar om det kommunale døgntilbodet for øyeblikkeleg hjelp

Offentleg-
offentleg
samarbeid

Årsmelding 2024

Samarbeid	Deltakande kommunar	Kommentar
ALV Møre og Romsdal		ALV-Møre og Romsdal er ein læringsarena for velferdsteknologi, drifta gjennom eit partnerskap mellom NTNU i Ålesund og 19 kommunar
God helse	Møre og Romsdal fylkeskommune og kommunar i Møre og Romsdal	Samarbeidsavtale med formål å sikre ei god samordning av folkehelsearbeidet i fylket og følge opp måla i den nasjonale, regionale og lokale folkehelsepolitikken. Avtalen skal medverke til ei samfunnsutvikling som fremmar folkehelse og utjamnar sosiale helseforskjellar.
Geodata	Ålesund, Sula og Haram	• <u>Forvalting, drift og vedlikehald (FDV) av geodata.</u> Samordning/samarbeid om FDV av kartdatabasar, plandatabasar, planarkiv og liknande. Samarbeid om naudsynt programvare og datainfrastruktur • <u>Tilgjengeliggjering av geodata; «Kart på Internett»</u>
IKT eKommune	Ålesund, Haram, Sula, Giske og Fjord	Målet med samarbeidet er å gi kommunane gode, framtidsretta og kostnadseffektive løysingar. Samarbeidet er delt inn i to samarbeidsområde: • <u>IKT Drift</u>

Årsmelding 2024

		Desse driftstenestene vert hovudsakleg levert frå Ålesund kommune • <u>IKT og digitalisering innanfor fagområda.</u>
Møre og Romsdal 110-sentral	Alle kommunane i Møre og Romsdal	110-sentralen fungerer på ein måte som eit interkommunalt samarbeid, fordi det omfattar alle kommunane i fylket, men
Selskap	Deltakande kommunar	Kommentar
Attvin AS	Ålesund, Giske, Sula, Haram, Fjord, Vestnes, Sykkylven og Stranda	Kommunane dekkar i finansiering av sentralen og er representert i styret gjennom at regionråda velger medlemmer på vegne av kommunane i den enkelte region med høve til å uttrykke innflytning. Alle kommunar er forplikta gjennom lov til å være med i nødmeldingstenesta.

Samvirkeforetak

Aksjeselskap

Andre samarbeid

Haram kommune har også samarbeid med andre organ. Av desse kan ein nemne:

Foretak	Deltakande kommunar	Kommentar
Møre og Romsdal Revisjon SA	Eigd av 21 kommunar på Nordmøre, i Romsdal og Nordre Sunnmøre, i tillegg til Møre og Romsdal fylkeskommune.	Utfører finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonstenester for eigarane inkludert kommunale foretak og selskap.

Organ	Samarbeid
Politiråd	Formålet til politiråd er at kommunen og politi tar eit felles ansvar for innbyggjarane sin tryggleik og kriminalitetsførebygging. Kunnskap om lokale problem skal omsettast til samordna innsats. Politirådet i Haram utgjer styringsnivå i samordningsmodellen SLT for lokale, førebyggjande tiltak mot rus og kriminalitet.
Haram kyrkjelege fellesråd	Kommunen gir tilskot til kyrkja si verksemd lokalt, inkludert tilskot til bygging, vedlikehald og drift av kyrkjebygg. Kyrkjeleg fellesråd sørger for drift og vedlikehald av gravplassar med økonomisk tilskot frå kommunen. Kyrkjeleg fellesråd kjøper tenester frå kommunen til rekneskapsføring.
Idrettsrådet	Samarbeidsavtale som skal vere med på å: • fremje felles mål om idrett, fysisk aktivitet og folkehelse for alle i kommunen • sikre god samordning og kommunikasjon mellom kommunen og idretten • klargjere viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar tilsamarbeidet sikre god ressursutnytting av offentlege midlar til idrettsanlegg og aktivite
Røde kors	Samarbeidsavtale som legg til rette for beredskapssamarbeid mellom Haram kommune og dei to lokale Røde Kors foreiningane Brattvåg Røde Kors og Vatne/Tennfjord Røde Kors

Medarbeidarar

Medarbeidarane våre er sjølve ryggrada i kommunen vår. Det er ikkje berre dei som utfører dei daglege oppgåvene, dei er òg drivkrafta bak utvikling, vekst og eit godt arbeidsmiljø. Utan engasjerte og dyktige medarbeidarar vil sjølv dei beste planane og strategiane miste sin verdi. I Haram kommune skal vi ha fokus på gode og heilskaplege tenester, og vi er opptatt av å jobbe på tvers av tenestoområda våre slik at vi saman kan skape berekraftige og gode tilbod for innbyggjarar og næringsliv.

Året 2024 har vore spesielt for Haram kommune, då det har vore prega av etableringa av ein ny, sjølvstendig kommune. Denne prosessen har ført til store endringar og arbeidet med å bygge opp kommunen har vore omfattande. Fleire medarbeidarar er nytilsette og treng nødvendig opplæring. Det gjeld både tilsette og leing.

Trass i desse utfordringane har kommunen, på grunn av våre medarbeidarar, kome langt i etableringsarbeidet. Det er lagt ned ein stor innsats for å sikre gode tenester til innbyggjarane, og grunnlaget er no på plass for vidare utvikling av kommunen i åra som kjem.

Etisk standard og varsling

For at innbyggjarane og tenestemottakarane skal ha tillit til kommunen, må tenester og myndigheitsutøving halde høg etisk standard. Vår etiske standard skal bidra til ein kultur der tilsette tek ansvar for eigne handlingar og vurderer etiske problemstillingar i kvardagen. Kvar enkelt har eit sjølvstendig ansvar for å sikre at tenestene blir utførte på ein forsvarleg og rettviss måte.

Etiske spørsmål er ein naturleg del av leiaropplæringa, og leiarane i kommunen har eit særleg ansvar for å sette etisk standard på dagsorden i sine einingar. Korleis tilsette handlar og vel i ulike situasjonar,

påverkar både tilliten til kommunen og kvaliteten på tenestene. Difor skal vår etiske standard vere ei støtte for gode val i møte med innbyggjarar, brukarar og samarbeidspartnarar.


Haram kommune har også rutinar for å varsle om og følge opp kritikkverdige forhold. På den måten kan vi kontinuerleg arbeide for å forbetre tenestene og sikre ein trygg og open organisasjon.

Årsverk, tilsette og likestilling

Haram kommune har om lag 632 årsverk og 744 tilsette. Som i kommunesektoren elles har Haram kommune stor overvekt av kvinnelege medarbeidarar. Tilsette er fordelt med om lag 83 % kvinner og 17 % menn.

Kommunen har 26 tenesteleiarar (tenesteleiarar, rektorar og barnehagestyrarar), 27% menn og 73% kvinner.

Det er 6 leiarar i kommunedirektøren si leiargruppe (inkl. kommunedirektøren), 50% menn og 50% kvinner.




Heiltid

Haram kommune ønsker å ha flest mogleg av våre tilsette i heiltid. Det bidreg til høgare kvalitet til tenestemottakarane våre og betre arbeidsvilkår for våre tilsette. Gjennomsnittleg stillingsstorleik i kommunen er på 86%. Dette er høgt samanlikna med andre kommunar i Noreg.

Ved utlysing av stillingar drøftar vi med fagforeiningane i kommunen. Det er eit særleg fokus på bruk av heiltid i staden for deltid i drøftingane. Dersom det er sakleg å lyse ut deltidsstilling kan det gjerast, men hovudregelen er at ein skal lyse ut heiltidsstillingar. Det er ikkje kartlagt eventuell ufrivillig deltid i kommunen i 2024, men ein planlegg for dette i 2025.

Årsmelding 2024




Sjukefråvær

Sjukefråværet i Haram kommune ligg på 9,50%, fordelt med 3,29% korttidsfråvær og 6,21% langtidsfråvær. Av korttidsfråværet er over 1,24% eigenmeldt fråvær. Trass i høge sjukefråværstal blir det sett på som positivt at det eigenmeldte fråværet er såpass høgt då eigenmelding reduserer belastninga på fastlegeordninga. Sjukefråværstala viser normale sesongvariasjonar til liks med det nasjonale sjukefråværet. Det er derimot store variasjonar i sjukefråværet mellom kommunalområda, noko som også er i tråd med nasjonale trendar.

Haram kommune har mykje dei same utfordringane med sjukefråvær som dei fleste andre kommunar. Alle kommunalområda følger nærvær og fråvær tett og er merksame på konsekvensar oppretting av ny kommune kan ha for tilsette. I 2025 vil kommunedirektøren styrke arbeidet med nærvær og sjukefråvær.

Nærare beskriving av sjukefråværet blir rapportert i det enkelte kommunalområde.

Årsmelding 2024



Tabellen under viser statistikk for legemeldt sykefravær for alle kommunar i Noreg frå 2020 og ut 2024 (eigenmeldingar er ikkje med i statistikken):

Legemeldt sykefravær fra og med 1. kvartal 2020 til og med 4. kvartal 2024. Kommunene.

Kilde: SSB via KS

	2020				2021				2022
Næring	1	2	3	4	1	2	3	4	1
Alle næringer	8,3	6,9	5,9	7,9	8,2	7,6	6,2	8,4	8
Offentlig administrasjon mv.	5,4	4,3	4,0	5,0	4,8	4,7	4,2	5,4	5
Off. adm., undervisning, helsetj. samt pleie og omsorg	8,5	7,0	6,0	8,0	8,4	7,8	6,3	8,5	9
Undervisning	7,0	5,5	4,2	6,8	7,3	6,6	4,5	7,2	8
Grunnskoleundervisning	7,1	5,6	4,2	6,9	7,4	6,7	4,5	7,2	8
Helsetjenester	8,8	7,1	6,5	8,1	8,4	7,6	6,8	8,7	9
Pleie og omsorgstjenester i institusjon	9,9	8,3	7,5	9,4	9,9	9,2	7,9	9,8	10
Andre omsorgsinstitusjoner samt bofellesskap	10,0	8,5	7,5	9,3	9,5	9,0	7,8	9,8	10
Sosiale omsorgstj. uten botilbud, ekskl. barnehager	9,7	8,1	6,9	8,9	9,1	8,6	7,2	9,6	9
Barnehager	10,7	9,2	7,4	10,2	11,0	10,2	8,0	10,9	12
Barnevernstjenester	9,7	7,5	6,6	8,7	9,0	8,9	7,7	9,6	9
Kommunale sosialkontortjenester	8,3	6,5	6,1	7,3	7,0	7,0	6,2	8,3	8

Alderssamansetting

Alderssamansettinga av tilsette i Haram kommune følger normalkurva samanlikna med andre kommunar. Vi skil oss likevel ut i forhold til resten av fylket med at vi har fleire tilsette under 25 år og færre tilsette i aldersgruppa 55-64 år. Vi er usikre på kvifor ein har slike utslag, men ein av grunnane kan vere at vi er ein ny organisasjon som har tilsett relativt mange i nyoppretta stillingar. Vi står likevel overfor store utfordringar knytt til at 174 av våre mest erfarne medarbeidarar har moglegheit til å gå av med pensjon innan 7 år. Det blir derfor viktig å arbeide med tiltak for å få tilsette til å stå i stilling.

År	Antal tilsette	Prosent
<25 år	48	6,52 %
25-34 år	130	17,66 %
35-44 år	175	23,78 %
45-54 år	209	28,40 %
55-64 år	151	20,52 %
>64 år	23	3,13 %

Rekruttering og turnover


I 2024 har Haram kommune gjennomført 166 rekrutteringsprosessar, noko som er ut over det som er vanleg. 124 tilsette har begynt i fastlønna stillingar, og 12 tilsette i fastlønna stillingar har slutta. Dette gir ein turnover på fastlønna stillingar på under 2%, noko som er svært lågt. Ein må rekne med ei viss usikkerheit i dette talet med bakgrunn i at vi er ny kommune. Ein kan lese meir om turnover på KS sine temasider.

Organisering og styring

2024 har vore eit år der organisering og styring har hatt stort fokus i Haram kommune. Det å opprette ein ny kommune som er bygd på det beste frå Ålesund og tidlegare Haram kommune er eit svært omfattande arbeid. Utgangspunktet var systema vi hadde i Ålesund, men det har vore nødvendig med store tilpassingar. Haram kommune er ein heilt annan organisasjon enn Ålesund kommune, og det er viktig at styringa er tilpassa Haram sin storleik og forhold elles. Ein må også følge gjeldande lovverk.

Organisasjonsstrukturen for Haram var ny ved årsskiftet. I løpet av året har ein evaluert organiseringa, og gjort nokre justeringar. Den overordna strukturen derimot, er ikkje endra gjennom året, og under kommundirektøren finn ein fire kommunalområde og kommundirektøren sin stab.

Årsmelding 2024



Styringssystem

Alle kommunar skal ha internkontroll for å sikre at lov og forskrifter vert etterlevd. Det er kommunedirektøren som er ansvarleg for internkontrollen. Den skal vere systematisk og tilpassa verksemda sin storleik, eigenart, aktivitetar og risikoforhold.

Kommunedirektøren skal:

- utarbeide ei skildring av verksemda sine hovudoppgåver, mål og organisering
- ha naudsynte rutinar og prosedyrar
- avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- dokumentere internkontrollen i den forma og det omfanget som er nødvendig
- evaluere og ved behov forbetre skriftlege prosedyrar og andre tiltak for internkontroll

Dei viktigaste prioritetane for Haram kommune i 2024 var å sikre at politisk styring og styringssystem for økonomi kom på plass. For å sikre dette brukar Haram kommune systemet Framsikt.

Framsikt knyt i hop:

- planane våre, og oppfølging av desse med oppdrag og rapportering
- oversikt over økonomisk status, rapportering på dette, økonomiske tiltak og oppfølging av desse
- politiske vedtak blir delegert internt, og blir fylgt opp med rapportering
- organisasjonsinterne administrative oppdrag kan leggst inn og rapporterast i same struktur som planoppdrag, økonomiske tiltak og politiske vedtak

Eit viktig tema innan styring er å ha kontroll på nødvendige arbeidsprosessar ved hjelp av rutinar og prosedyrar. Dette var også ei prioritert oppgåve i 2024. Vi har fleire system som støttar oss i dette arbeidet, men Compilo er det sentrale systemet der arbeidsprosessane våre er beskrivne. Det har vore

gjort ein stor ryddejobb for å tilpasse Compilo til Haram sin organisasjon og aktivitet. Dette er eit kontinuerleg arbeid, og må halde fram også i 2025. Haram kommune har også eit intranett som hjelper oss med intern kommunikasjon og støttar opp om behovet for å kommunisere rutinar og endringar.

Prinsipp for styringssystem i Haram

Styringssystema i Haram bygg på krava i kommunelova og anna lovverk. Prinsippa som ein finn i internasjonale styringsstandardar, som for eksempel ISO 9001 og KS sin rettleiar “Orden i eige hus”, legg også viktige premiss. Filosofien til Haram kommune er å ha eit felles styringssystem der det er mange fagområde integrert. Dei ulike fagområda har ansvar for fagrelaterte rutinar og at lovkrav og standardar vert følgde. Styringsprinsippa og dei overordna strukturane er like for alle. Ein nyttar til dømes Compilo til rutinar og prosedyrar, har same avvikssystem og same system for risikoanalysar.

Eksempel på underliggende styringssystem er:

- Kvalitet
- HMS/ Internkontroll
- Økonomi
- Informasjonssikkerheit og personvern (ISMS)
- Miljø

Informasjonssikkerheit og personvern

I tillegg til dei overordna prinsippa, blir styringssystemet for informasjonssikkerheit (ISMS) bygd på prinsippa i ISO 27001. Utarbeiding av ISMS er eit arbeid som er sett i gong i fellesskap mellom Haram, Giske, Sula, Fjord og Ålesund. Vi har mange felles system og er alle del av IT-samarbeidet eKommune. Det er difor hensiktsmessig å samarbeide om utarbeiding av styringssystem. Både fordi vi teknisk og på support har dei same forholda, men også fordi informasjonssikkerheit er eit fagområde som set høge krav til kvar kommune. Arbeid med styringssystemet for informasjonssikkerheit held fram i 2025.

Forbetring

Haram kommune jobbar kontinuerleg for å forbetre sine arbeidsprosessar. Dette gjeld i alle delar av organisasjonen. Arbeidsprosessar vert gått gjennom og forbetra, system og rutinar vert bytta ut og revidert, og vi tek vare på dei avvika som dukkar opp slik at vi kan lære av dei og bli betre.

Vi arbeider også for ein god avvikskultur. Vi rapporterer og behandlar avvik som ei mulighet for forbetring, og ikkje med negativt forteikn. Det å rapportere avvik er eit positivt bidrag til god kvalitet. For å bli betre, må vi vite kvar ting går gale. Prosess- og systemavvik blir rapportert i Compilo.

Tabellen under viser oversikt over avvik i 2024, fordelt på kategori og organisatorisk eining:

Avvik fordelt på kategori eller organisatorisk eining	Tal avvik
Kategori HMS	71

Årsmelding 2024

Kategori organisasjon, internt, teneste/tenestemottakar	327
Kategori personvern og informasjonssikkerheit	16
Kategori ytre miljø	2
Kommunalområde barnehage og skule	117
Kommunalområde livsløp	35
Kommunalområde helse og omsorg	218
Kommunalområde PELT	8
Kommunedirektøren sin stab	8
Totalt i 2024	386

Utvikling og innovasjon

Kunstig intelligens er spennande teknologi som kan bidra til at Haram kommune kan jobbe meir effektivt og med fagleg høgare kvalitet. I 2024 har vi jobba med dette på fleire område. Det er blant anna sett i gong eit arbeid med å godkjenne ein språkmodell som kan nyttast til undervisning i grunnskulen. Det er også starta testing av kunstig intelligens til bruk på legekontora våre. Dette kan bidra til ein meir effektiv arbeidskvardag. Begge desse prosjekta er planlagd fullført i 2025.

Kommunedelingsprosessen medførte ein gjennomgang av kva IT-system vi skulle nytte i Haram. Det vart også gjennomført ei "skyreise" der ein flytta sentrale system frå lokale serverløysingar og ut på skybaserte løysingar. Haram kommune var først ut i eKommune, og fungerte med dette som pilot for skyreisa.

Samarbeid

Det er viktig for Haram å ha samarbeid med andre kommunar. Særleg i dei fagområda med små fagmiljø, er det å knyte saman fagkunnskap på tvers veldig nyttig. eKommune og dei fem kommunane i IT-samarbeidet har fleire faggrupper der ein deler kunnskap og jobbar ilag om gode løysingar.

Digi Møre og Romsdal er eit nettverk for kommunar i fylket med mål om å fremme digitalisering og effektivisering av tenester. Nettverket har også fleire faggrupper. Haram er representert i gruppe for dokumentasjonsforvaltning, medan andre i eKommune-samarbeidet er representert i andre grupper. Dermed får ein utveksla kunnskap og informasjon begge vegar.

Samfunnssikkerheit og beredskap

Det er sterkare fokus på samfunnssikkerheit og beredskap i norske kommunar no, enn det har vore på mange tiår. Både den endra sikkerheitspolitiske situasjonen i verda, men også klimaendringane, gjer at vi må vere endå meir bevisst oppgåvene vi har innanfor feltet. Som ny kommune har vi også måtte byggd beredskapsorganisasjonen på nytt.

Psykososialt kriseteam

Etablering av psykososialt kriseteam for Haram kommune har hatt høg prioritet i året som har gått. Dei første fem månadane etter kommunedelinga, fekk innbyggjarane i Haram tilbod om psykososial støtte frå Ålesund sitt psykososiale kriseteam. Frå 01.06.24 har Haram kommune hatt eige tilbod om psykososialt kriseteam til sine innbyggjarar. Teamet i Haram er organisert under kommunalområde livsløp, og består av sju personar som alle er kommunalt tilsette.

Felles beredskapsråd

Haram kommunestyre vedtok 25.04.2024 å delta i interkommunalt beredskapsråd med Ålesund, Giske og Sula kommunar (sak 034/24). Dette er ei vidareføring av samarbeidet som vart inngått mellom kommunane Ålesund, Sula og Giske i 2022 om å danne eit interkommunalt beredskapsråd.

28.februar 2024 vart det gjennomført møte i interkommunalt beredskapsråd på Giske rådhus. Der deltok representantar frå Ålesund, Giske, Sula og Haram kommunar, samt dei fleste av dei samvirkeaktørane som var invitert. På saklista stod blant anna tema som sårbarheit i el-nettet, øvingsutvalet v/politiet og tema totalforsvaret, ved Statsforvaltar.

Eigenberedskap blant innbyggjarane

Eit av områda innanfor samfunnssikkerheit og beredskap vi jobba særleg aktivt med i 2024, var eigenberedskap blant innbyggjarane. I mars 2024 leverte kommunen case til "Innovasjonscamp" på Brattvåg ungdomsskule. Oppgåva elevane fekk var å sette saman ein beredskapspakke til ein familie på fire personar, samt lage ei rutine for korleis ein skal vedlikehalde innhaldet i pakken. Rutinen skulle også innehalde konkrete råd om korleis ein skal opptre under ei krise. Elevane laga også ein informasjonsfilm om temaet.

I veke 44 markerte vi den nasjonale eigenberedskapsveka med utstilling på tenestehuset. Utstillinga viste eksempel på kva dei nye anbefalingane tilrår at ein har tilgjengeleg i eigen heim av mat, drikke og nødvendig utstyr, for å greie seg i éi veke. Det vart også organisert ein konkurranse som fekk stor deltaking og merksemd. Vinnaren av konkurransen fekk utdelt ei "beredskapskasse" som inneheldt noko av det ein er anbefalt å ha på lager heime.

Regional plan for EPS

I tråd med forskrift om kommunal beredskapsplikt, er det inngått eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane Ålesund, Sula, Giske, Haram, Fjord, Sykkylven og Stranda om ein regional plan for evakuert- og pårørandesenter (EPS). Planen skal vere ein felles plattform å jobbe ut frå for å nå målet om å ta best mogleg vare på evakuerte og pårørande ved ei større hending. Med større hending meiner ein ei hending som har eit omfang som gjer at kommunane må samarbeide om å handtere det. Planarbeidet vart starta opp mot slutten av året, og vil halde fram inn i 2025.

Planarbeid 2024

Kommunale planar er viktige verktøy for utforming av politikk, styring og prioritering.

Planstrategi for Haram kommune blei vedtatt i juni i 2024 (sak 058/24), og med dette vedtaket vart fleire sentrale planarbeid sett i gong. Mellom anna legeplan for Haram kommune, alkoholpolitisk handlingsplan, naturmangfaldsplan og ikkje minst revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel.

Arbeidet med ny samfunnsdel vart starta opp allereie i mars, då dei politiske signala var heilt klare på at det var behov for å utarbeide ein samfunnsdel med forankring i den nye kommunen. I kommunestyret 21.mars vart det oppretta eit samfunnsutval som fekk som mandat å sikre medverknad og innbyggjarinvolvering i prosessen. 3.desember 2024 vedtok Haram planutval å legge forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel på høyring, med høyringsfrist 20.januar 2025.

I Haram skal handlings- og økonomiplan vere handlingsdelen i kommuneplanen sin samfunnsdel. Dette er fordi ein ønsker å forsterke “den raude tråden” i plansystemet vårt, slik at vi sikrar faktisk oppfølging av samfunnsdelen som kommunen sitt overordna politiske styringsdokument. I 2024 vart handlings- og økonomiplan vedtatt utan at kommuneplanen sin samfunnsdel var kome på plas. Ein hadde likevel fått kunnskap om tydelege utviklingstrekk i samfunnsplanprosessen, som gjorde at ein kunne sette ei retning i handlings- og økonomiplan. I den handlings- og økonomiplanen som vart vedtatt i 2024, var det denne retninga som viste koplinga mellom hovudtrekka i samfunnsdelen og den økonomiske prioriteringa. Neste gong handlings- og økonomiplan skal vedtakast, vil ein få ei endå tettare integrering av handlingsdelen i kommuneplanen. Då er målsettingane i samfunnsdelen på plass og ein kan i endå større grad tydeleggjere korleis desse blir følgt opp i det enkelte kommunalområde.

Målet med alle planar i det kommunale plansystemet er at vi skal klare å gå frå skriven plan til praktisk handling og at det skal vere samheng mellom planane. Figuren under viser kva for planar som inngår i plansystemet i Haram kommune, og kva rolle dei har:



Når vi i det vidare arbeidet i 2025 skal utarbeide planar og strategiar i kommunalområda, skal desse skal ta utgangspunkt i målsettingane frå samfunnsdelen og konkretisere korleis ein skal jobbe for å nå desse innanfor det enkelte fagområde. Nokre av planane i kommunalområda er lovpålagde å utarbeide, andre er nødvendige for å sette retning. Likevel er det viktig at ein avgrensar seg, slik at ein ikkje ender opp med eit svært omfangsrikt plansystem som gjer det vanskeleg å kople planane saman.

Eit av dei viktigaste prinsippa i det kommunale plansystemet er at ein greier å oppnå kopling mellom samfunnsdelen og arealdelen, mellom samfunnsdelen og handlings- og økonomiplan og mellom samfunnsdelen og planane i kommunalområda. Desse må snakke ilag dersom ein skal greie å gå frå plan til handling. Ein viktig del av dette, er at ein har orden i målhierarkiet. Det vil vere med på å gi oss heilskapleg styring, både politisk og administrativt.

Figuren under viser målhierarkiet i Haram kommune:



Samfunnsutvikling

Det har skjedd mykje i verda, i Noreg og i lokalsamfunnet vårt dei siste åra som på ulike måtar har sett sitt preg på samfunnsutviklinga. Sjølv om vi lever i ein fredeleg del av verda, er det globale verdsbildet meir usikkert og alvorleg enn på lenge, og det påverkar også oss som kommune. Vi bur i eit land med ein omfattande velferdsstat, men likevel er den norske økonomien prega av at renter og inflasjon er relativt høge og at kronekursen er svak.

Haram kommune har eit godt tenestetilbod trass strammare økonomiske rammer. Likevel må ein ta innover seg at driftsutgiftene auka meir enn inntektene i 2024, og at fleire av tenestedområda hadde stort meirforbruk. Dette er ei generell utvikling ein ser i dei fleste norske kommunar no. Endringane i befolkningssamansetninga, men også i samfunnsstrukturane, gjer at vi står overfor komplekse utfordringar i åra som kjem. Desse utfordringane vil legge press på tenestene til kommunen, og gjere at vi må sjå på andre måtar å jobbe på.

Befolkningsutvikling

Befolkningsutviklinga påverkar både inntektene og utgiftene til kommunen og behovet innbyggjarane har for tenester og bustadar.

Vi står no i startfasen av store endringar i befolkningssamansetninga, med sterk auke i dei eldste aldersgruppene utan at vi blir fleire i yrkesaktiv alder. Det vil skape eit gap mellom tenestebehovet til innbyggjarane våre og dei menneskelege ressursane vi har tilgjengeleg for å levere desse tenestene.

Det har aldri budd så mange i Haram kommune som det gjer no, og 31.desember 2024 var talet på innbyggjarar 9409 personar. Det betyr at i det første året Haram var eiga kommune igjen, auka folketalet med 52 personar. Historisk har variasjonane i Haram vore små frå år til år, så dette er ei relativt stor auke i løpet av eitt år. Auken er eit resultat av både fødselsoverskot, netto positiv innanlandsk flytting og netto positiv innvandring.

Tabellen under viser utvikling i folketalet i åra 2000-2025, og endringar i 5-års periodar:

Årstal	2000	2005	2010	2015	2020	2025
Folketal frå 01/01	8774	8715	8739	9120	9332	9409
Endring frå forrige 5-års periode		-59	+24	+381	+212	+77

Dei største endringane den siste tiårsperioden, ser vi i alderssamansettinga blant innbyggjarane. Denne utviklinga vil halde fram. Dei eldste aldersgruppene vil få størst vekst, medan det vil bli færre i dei yngste aldersgruppene i barnehage og skule. Dette er ei felles utvikling for heile landet, og ifølgje SSB sine prognosar, vil det om 30 år årleg dø fleire enn det vert fødde i Norge. Det betyr at det er innvandring åleine som vil sørge for at folketalet held fram å vekse.

Tabellen under viser utvikling i dei ulike aldersgruppene i Haram kommune for åra 2013-2023:

Haram aldersfordelt	2013	2015	2017	2019	2021	2023	Endring 2013-2023	Endring i prosent
0-5 år	629	628	659	643	608	564	-65	-10,3%
6-12 år	789	804	801	815	776	799	10	1,3%
13-18 år	758	739	722	691	698	700	-58	-7,6%
19-44 år	2821	2829	2888	2912	2869	2827	6	0,2%
45-66 år	2572	2589	2648	2683	2659	2674	102	4%
67-79 år	878	968	1035	1098	1185	1302	424	48,3%

Årsmelding 2024


80-89 år	430	420	412	397	407	410	-20	-4,6%
90+ år	113	112	123	128	133	131	8	16%

Ser ein på SSB sine framskrivingar for folketalet i Haram i åra framover, ser ein ei utvikling med relativt svak vekst, omtrent som vi kjenner den frå før. Framskrivingar av folketalet har fleire usikkerheitsmoment knytt til seg og må derfor brukast deretter. Det er eit utgangspunkt for å seie noko om korleis det kan komme til å sjå ut i åra framover, men ingen fasit. Det er likevel utviklingstrekk det ikkje er knytt usikkerheit til, og det er utviklinga blant dei eldste. Her veit vi at auken blir stor i åra framover, og særleg i åra 2025-2035.

Tabellen under viser framskrivne endringar i dei ulike aldersgruppene i åra 2024-2035 for Haram kommune. Av tabellen går det tydeleg fram at det vert ei auke i dei tre eldste aldersgruppene det kommande tiåret, medan ein forventar nedgang i dei yngste aldersgruppene.

Aldersgrupper	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030	2031	2032	2033	2034	2035
0 - åringer	0	-3	-14	-13	-12	-10	-8	-6	-5	-3	-2	-1
Barnehage (1-5 år)	0	-13	-13	-19	-35	-37	-40	-29	-20	-12	-3	6
Grunnskole (6-15 år)	0	-10	-42	-66	-76	-106	-121	-133	-158	-196	-211	-217
Videregående (16-19 år)	0	4	-7	-23	-26	-14	-17	-33	-29	-19	-22	-24
Voksne (20-66 år)	0	13	-25	-25	-30	-27	-12	-3	5	-11	2	-16
Eldre (67-79 år)	0	39	46	61	66	65	77	94	89	100	98	101
Eldre (80-89 år)	0	12	35	68	99	132	141	152	187	233	249	275
Eldre (90 år og eldre)	0	10	1	-11	-11	-14	-6	-2	-3	0	6	18
SUM	0	52	-19	-28	-25	-11	14	40	66	92	117	142

I Haram har fødselstala vore ganske stabile over tid. Tabellen under viser utviklinga i kommunen dei siste fem åra. Med unntak av 2021, som var eit toppår på landsbasis også, så har ein i Haram hatt ei ganske jamn utvikling seinare år, men med ei lita auke siste to åra.



Næringsutvikling

Haramsmodellen

I vårt første driftsår som eiga kommune, har det vore viktig å ta opp igjen samarbeidet med næringslivet, lag og organisasjonar og utdanningsinstitusjonane, også kjent som Haramsmodellen. Vi arbeider tett saman med styringsgruppa Nordre, tidlegare styret i Haram Næring og Innovasjonsforum, om dette. I 2024 har det ført til faste møteplassar mellom blant anna:

- kommune og næringsliv
- kommune, næringsliv og NAV Haram
- kommune, næringsliv og utdanningsinstitusjonar, særleg Haram vidaregåande skule

Læring for næring

I 2024 har Haram kommune vore med i utviklingsprogrammet til KS, Møre og Romsdal fylkeskommune og Bærekraftsløftet Møre og Romsdal, «Læring for næring». Over fire samlingar har vi saman med Aure, Sunndal, Tingvoll, Molde, Ulstein og Sykkylven kommune, arbeidd med korleis vi kan få næringsutvikling til å bli ein del av ønska samfunnsutvikling.

Lokalt næringsliv inn i skulen

Under Haramskonferansen i februar vart det signert ein intensjonsavtale om å få lokalt næringsliv inn i skulen. Avtalen skal sikre at partane organiserer og systematiserer arbeidet med å få lokalt næringsliv inn i grunnskulen og vidaregåande skule i Haram kommune. Målet er å sikre at elevane i kommunen skal få moglegheit til å bli kjent med mangfaldet av ulike næringar og yrke i Haram, uavhengig av geografisk tilhøyre og tilfeldige kontaktnett mellom lærarar og bedrifter. Avtalen vart signert av ordførar, kommunalsjef for barnehage og skule, Haram vidaregåande skule, Næringsforeningen i Ålesundregionen, NåOpp - Fleirfagleg opplæringskontor Sunnmøre og Romsdal og Ungt Entreprenørskap Møre og Romsdal.

Reiselivsprosjekt

Haram kommune hadde i første halvdel av året eit forprosjekt innan reiseliv på Nordøyane i samarbeid med Næringsforeningen i Ålesundregionen. Prosjektet fekk midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune og målet var å kartlegge kva moglegheiter opninga av Nordøyvegen gir for utvikling av berekraftige næringsverksemder på Nordøyane og på Nordre Sunnmøre. Prosjektet vart avslutta i august 2024.

Samarbeidsavtale med Sula kommune

I oktober inngjekk Haram kommune ein samarbeidsavtale med Sula kommune angående kjøp av tenester og utveksling av kunnskap innan fagområdet næring. Samarbeidsavtalen inneber at næringssjefen i Haram kommune arbeider tilsvarande ei 20% stilling i Sula kommune, med ansvar for å organisere fordeling av midlar frå kommunalt næringsfond og hoppid-midlar. Avtalen inneber også kontaktfunksjon for Sula Næringsforening.

Rekrutteringsprosjekt

I november tok Haram kommune initiativ til å etablere eit rekrutteringsprosjekt på Nordre Sunnmøre, saman med styringsgruppa Nordre. Målet med rekrutteringsprosjektet er at det skal bidra til å tiltrekke seg og behalde kvalifisert arbeidskraft i Haram kommune og tidlegare Sandøy kommune. Prosjektet skal dekke ei 3-årig prosjektstilling og ulike aktivitetar som støttar rekruttering og kompetanseutvikling. Målet er å samarbeide om felles utfordringar og finne felles løysingar for å oppnå god samfunnsutvikling som legg til rette for å bu, leve og virke i kommunane våre.

Berekraftmåla

Årsmelding 2024

Haram kommune har ei aktiv rolle i det grønne skiftet, både gjennom eigen organisasjon og i samspel med lokalsamfunnet. Vi brukar vår rolle som planmyndigheit, forvaltar, innkjøpar, eigar, pådrivar og samfunnsutviklar til å skape eit meir berekraftig Haramssamfunn.

I vårt første driftsår har ein har jobba med målsettingar knytt til klima, natur og sirkulærøkonomi i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel og tilhøyrande arealstrategi. Gjennom oppstart av arbeidet med naturmangfaldsplan, har ein begynt å skaffe seg betre kunnskap om kvar urealiserte reguleringsplanar er i konflikt med viktig naturmangfald og kvar utbyggingsområde i kommuneplanen er i konflikt med naturmangfaldsverdiar.

Som på dei fleste andre område i Haram kommune, har kommunedelinga og arbeidet med etablering av ny kommune også prega klimaarbeidet. I 2024 har ein derfor prioritert å følge opp og implementere allereie påbegynt arbeid frå fellesperioden, framfor å starte opp nye arbeid. Det har likevel blitt gjort mykje i organisasjonen og elles i regi av aktørar kommunen samarbeider tett med på feltet.

Innleiing ved kommunedirektøren

2024 har vore eit år prega av utvikling, utfordringar, samarbeid og samhald for Haram kommune. Etter samanslåinga med Ålesund kommune og den påfølgjande prosessen med gjenoppbygging av Haram som eigen kommune, har 2024 representert det første heile driftsåret som ny kommune. Dette året har vore ein viktig milepæl i utviklinga av både identitet, struktur og tenestetilbod i kommunen vår.

Årsmeldinga gir eit omfattande bilete av kommunen si drift, utviklingsarbeid, måloppnåing og økonomiske situasjon. Den dokumenterer både korleis ressursane våre har blitt forvalta og kva slags verdiar vi har skapt for innbygarane våre.

Gjennom 2024 har det vore høg aktivitet på den politiske arenaen. Kommunestyret har vore eit sentralt forum for både viktige avgjerder og prinsipiell drøfting av samfunnsutvikling. Som nyoppstarta kommune har Haram vore gjennom prosessar knytt til både kommunal planstrategi, kommuneplanen sin samfunnsdel og økonomiplanar med perspektiv mot framtida.

Eit mål for 2024 har vore å styrke dialogen med innbygarane. Vi ser at medverknad gir eigarskap. Når folk får vere med å forme lokalsamfunnet sitt, aukar både trivsel, tillit og engasjement. Dette er avgjerande verdiar for eit levande lokaldemokrati.

Det å etablere ein ny kommune er ei stor oppgåve. Etter at Haram vart skilt ut frå Ålesund kommune, har vi arbeidd målretta med å få på plass eigne strukturar for leiing, organisering, tenester og forvaltning. Det har vore ein krevjande, men lærerik prosess.

Samtidig har vi gjennomført rekrutteringar til fleire nøkkelstillingar, og vi har arbeidd med kompetanseutvikling på tvers av einingar og fagfelt. Ambisjonen vår er å vere ein attraktiv arbeidsgivar, som både tiltrekker og utviklar dyktige medarbeidarar – og som fremjar eit arbeidsmiljø prega av respekt, tillit og utviklingslyst.

2024 har vore eit økonomisk stramt år for mange kommunar – også for Haram. I prosessen med å etablere kommunen på nytt, har vi hatt ei særleg utfordrande økonomisk ramme. Det har vore nødvendig med stram budsjettstyring, nøkterne prioriteringar og tydelege val. Trass dette går kommunen ut av 2024 med eit negativt driftsresultat. Arbeidet med å tilpasse driftsnivået til den økonomiske handleevna vår må halde fram i tida som kjem. Å bygge ein kommune som er robust over tid, krev at vi har kontroll på utgifter, ser på nye måtar å organisere tenestene våre på og utnyttar ressursane best mogleg.

Årsmelding 2024

Vidare har vi hatt ei positiv utvikling når det gjeld å lage tydelege rammer for god planlegging – kommunen skal ta ansvar for framtidsretta samfunns- og beredskapsplanlegging.

Vi har arbeidd med å legge til rette for tettare kontakt mellom kommune og næringsaktørar. Det har vore avgjerande å bygge ein kommuneorganisasjon som forstår næringslivet si rolle og behov – og som er tilgjengeleg, løysingsorientert og proaktiv.

Eg vil rette ein stor takk til alle tilsette i Haram kommune som kvar dag står på for innbyggerane våre. De er grunnfjellet i kommunen, og dykkar innsats, kompetanse og engasjement er avgjerande for dei resultatane vi har oppnådd i 2024.

Eg takkar kommunestyret for godt politisk leiarskap, for konstruktiv dialog og for modige val i ei krevjande tid.

Anders Norvald Hammer

Kommunedirektør

Ny kommune

Haram kommune vart oppretta som eiga kommune frå 01.01.2024. Kommunen har vore ein del av Ålesund kommune sidan 01.01.2020 og fram til 31.12.2023.

Tidlegare Haram kommune var ein av ti kommunar som vart vedtatt slått saman med tvang, sommaren 2017. Ny regjering opna opp for at kommunar som vart slått saman i kommunereforma (2017-2020), kunne be om reversering.

Etter eit innbyggjarinitiativ frå «*Haram ut av Ålesund*» gjennomførte Ålesund kommune ei rådgivande folkeavrøysting i februar/mars 2022. I etterkant av folkeavrøystinga vedtok Ålesund kommunestyre å søke om ei deling av kommunen, men med ei innstilling om at den tidlegare Haram kommune, med unntak av valkrinsane Vatne/Tennfjord og Grytastranda/Søvik, kunne opprettast som ny kommune.

Den 3. mai 2022 kunngjorde regjeringa at den ville fremme sak for Stortinget om deling av Ålesund kommune i tråd med kommunegrensene slik dei var før samanslåinga av dei tidlegare kommunane Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund.

Den 13. juni 2022 fatta Stortinget vedtak om deling av Ålesund kommune i samsvar med regjeringa si innstilling. Haram kommune skulle opprettast som ny kommune frå 1. januar 2024, med kommunegrenser som tilsvarte grensene per 31. desember 2019. Samtidig skulle Ålesund kommune opprettast innanfor grensene til dei tidlegare kommunane Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund.

Delinga av Ålesund kommune var den første kommunedeling i Noreg sidan 1977.

Kommunedeling

Forskrift om gjennomføring av deling av Ålesund kommune til Haram kommune og Ålesund kommune, fastsette juridiske rammer for delinga av kommunane. Før delinga 01.01.2024 hadde tidlegare Ålesund kommune hatt utstrakte fullmakter på vegne av dei to nye kommunane.

Årsmelding 2024

Det vart vedtatt eit førebels prinsipp for fordeling av eigendelar, gjeld og eigenkapital, som utgangspunkt for fordeling til utarbeiding av økonomiplan for 2024-2027 og årsbudsjettet for 2024. Endeleg fastsetting av eigendelar, gjeld og eigenkapital skulle skje enten ved avtale mellom kommunane, ved bistand frå statsforvaltar eller ved skjønnsemd etter inndelingslova §18.

Ålesund kommune og Haram kommune har hatt omfattande forhandlingar gjennom 2024, også med bistand frå statsforvaltar, utan å bli samde i alle saker. Partane avklarte kvar ein framleis var usamde, og den 20.desember 2024 kravde Ålesund kommune skjønn, etter avtale med Haram kommune. Det var sju saker ein ikkje blei samde om, og som skjønnsnemnd skulle ta stilling til. Sakene med dei største økonomiske konsekvensane var finansiering av Nordøyvegen (avtale 2) og fordeling av disposisjonsfondet til tidlegare Ålesund kommune.

Kommunedirektøren i Haram kommune har fullmakt frå Haram kommunestyre til å til å opptre som partsrepresentant for Haram kommune i sak for skjønnsnemnda. Dette inneber også å forhandle og eventuelt forlike enkeltpostar fram til skjønnsnemnda treff avgjerd i saka. Ein eventuell anke til overskjønnsnemnd er delegert til formannskapet, jamfør kommunestyresak 084/24.

Kommunedelingsmidlar

Det er eit svært omfattande arbeid å etablere ein ny kommune. For deling av tidlegare Ålesund kommune er det sett av kroner 200 mill til arbeidet. Haram kommune har i 2024 rekneskapsført omlag 34 millionar kroner til delinga. Rekneskapen skal godkjennast av revisor før den samla, for Ålesund og Haram, skal sendast til kommunal- og distriktsdepartementet.

Økonomirapportering drift

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum generelle driftsinntekter	-709 517	-720 398	10 881	1,5 %
Avskrivningar	20 102	25 906	-5 804	-28,9 %
Motpost avskrivningar	-35 000	-38 934	3 934	11,2 %
Netto finansutgifter	48 840	32 121	16 719	34,2 %
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	12 657	20 538	-7 881	-62,3 %
Til disposisjon	-662 918	-680 766	17 849	2,7 %
Kommunedirektøren sin stab	48 285	42 532	5 753	11,9 %
Livsløp	108 793	133 465	-24 672	-22,7 %
Helse og omsorg	227 312	231 672	-4 360	-1,9 %
Barnehage og skule	208 263	212 508	-4 245	-2,0 %
Plan Eigedom Landbruk Teknisk (PELT)	63 411	58 798	4 613	7,3 %
Frie inntekter, finans mm	6 854	1 791	5 063	73,9 %
Sum disponering	662 918	680 766	-17 849	-2,7 %
Meirforbruk +/-mindreforbruk -	0	0	0	0,0 %

Status drift for kommunen (1A)

Beløp i 1000

Årsmelding 2024

	Opph. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev.bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Rammetilskot	-325 840	-347 020	21 179	6,5 %	-325 840	21 179	6,5 %
Inntekt- og formuesskatt	-325 800	-301 465	-24 335	-7,5 %	-325 800	-24 335	-7,5 %
Eigedomsskatt	-16 947	-18 470	118	0,6 %	-18 352	118	0,6 %
Andre generelle driftsinntekter	-39 524	-53 444	13 920	35,2 %	-39 524	13 920	35,2 %
Sum generelle driftsinntekter	-708 112	-720 398	10 881	1,5 %	-709 517	10 881	1,5 %
Korrigert sum løyvingar drift, netto	648 110	690 696	-85 802	-14,2 %	645 527	-45 169	-7,0 %
Avskrivningar	35 062	38 934	-3 872	-11,0 %	35 062	-3 872	-11,0 %
Sum netto driftsutgifter	683 172	729 630	-89 675	-14,0 %	680 589	-49 041	-7,2 %
Brutto driftsresultat	-24 940	9 232	-78 794	-113,3 %	-28 928	-38 160	-131,9 %
Renteinntekter	-14 760	-19 347	4 587	31,1 %	-14 760	4 587	31,1 %
Utbytte	0	0	0		0	0	
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-20 000	-32 195	12 195	61,0 %	-20 000	12 195	61,0 %
Renteutgifter	50 700	53 361	-2 661	-5,2 %	50 700	-2 661	-5,2 %
Avdrag på lån	32 900	30 308	2 592	7,9 %	32 900	2 592	7,9 %
Netto finansutgifter	48 840	32 125	16 715	34,2 %	48 840	16 715	34,2 %
Motpost avskrivningar	-35 000	-38 934	3 934	11,2 %	-35 000	3 934	11,2 %
Netto driftsresultat	-11 100	2 424	-58 145	-104,3 %	-15 088	-17 512	-116,1 %
Disponering eller dekning av netto driftsresultat							
Overføring til investering	0	0	0		0	0	
Avsetningar til bundne driftsfond	2 750	38 762	-36 012	-1309,5 %	2 750	-36 012	-1309,5 %
Bruk av bundne driftsfond	-319	-37 965	37 646	11801,2 %	-319	37 646	11801,2 %
Avsetningar til disposisjonsfond	8 669	0	54 473	100,0 %	13 840	13 840	100,0 %
Bruk av disposisjonsfond	0	-3 221	2 038	172,3 %	-1 183	2 038	172,3 %
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0		0	0	
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	11 100	-2 424	58 145	104,3 %	15 088	17 512	116,1 %
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0		0	0	

Driftsrekneskap

Rekneskap etter tredje tertial syner eit meirforbruk på om lag 3,2 mill.kr før bruk av disposisjonsfond. Totale disponeringar til disposisjonsfond i revidert budsjett var netto avsetning 12,7 mill.kr, eit samla avvik 15,9 mill.kr. Meirforbruket skuldast i stor grad eit vesentleg meirforbruk på drifta, som ekskludert 90-området, gjekk om lag 22,9 mill.kr i meirforbruk. Årsprognosa for kommunalområda (unnateke 90 Frie inntekter, finans og felles) viste per 2.tertial eit meirforbruk på om lag 32,8 mill.kr. Noko mindre avrekna pensjonsutgifter i 3.tertial bidrog sterkt til reduksjon i meirforbruket i drifta for 2024. Prognosane var sterkt påverka av svært mange usikre faktorar knytt til kommunedelinga. Her var mykje uavklart gjennom året og fortsatt inn i 2025 er ein del ikkje endelig avgjort. Endring i frie inntekter og i finansmarknaden, kan ofte gi eit betre netto driftsresultat ved årets slutt, mens auka pensjonsutgifter og fallande skatteinntekter kan verke andre vegen.

Driftsåret 2024 har vore sterkt prega av kommunedelinga med bygging og etablering av nye system og ein til dels ny organisasjon med mange nye leiarar. Ein visste lite om kor ein var og kva ein skulle styre

Årsmelding 2024

etter. Delingsbudsjettet var svært mangelfullt og usikkert. Mange grunnlag var ikkje kjent før mot slutten av 2024, blant anna pensjon. Det ein visste med sikkerheit frå tida i Ålesund, var at driftsnivået var for høgt i forhold til inntektene frå staten og at difor farta inn i 2024 var alt for høg. Driftssituasjonen for kommunalområda har difor vore krevjande og ein ser at omstillingstiltaka tek tid. Veldig mykje har kome på plass, og det vert gjort ein formidabel jobb. Det er i årsmeldinga rapportert og svart ut status på tiltaka under kvart kommunalområde. I tillegg er det svart ut vesentlege avvik og kor utfordringane ligg. Dei største avvika er som venta innanfor kommunalområde Livsløp, men det er mykje som venta siden dette er det mest samansette kommunalområdet og der det var mest usikkerheit i forhold til budsjettering.

For å kunne nå målet om ein berekraftig kommuneøkonomi for Haram er det sjølv i eit krevjande år særst viktig at omstillingsarbeidet vert prioritert og at tiltaka som vert iverksatt har fart og rett retning.

Frie inntekter og skatt

Rammeinntektene for 2024 fordeler seg på

(i heile 1000)	Reknskap 2024	Buds(end) 2024	Budsjett 2024	Avvik 2024
Ansvar: 9010 Skatter og rammetilskot				
1800 Rammetilskudd	- 305.112	- 325.840	- 325.840	- 20.728
1801 Inntektsutjevning	- 41.908	-	-	41.908
1870 Skatt på formue og inntekt	- 301.465	- 325.800	- 325.800	- 24.335
	- 648.485	- 651.640	- 651.640	- 3.155

I forslag til revidert statsbudsjett for 2024 som vart lagt fram 14. mai var det anslag for svært lite endring i dei frie inntektene. Det vart lagt opp til eit mindre trekk i ramme, samt ei mindre oppjustering av skatteanslag. Skattetala, som SSB publiserte 17. januar, viser at skatteinntektene til kommunane i 2024 var på vel 213 mrd. kroner, eller 1,4 prosent høgare enn i 2023. Dei samla skatteinntektene frå fylkeskommunane var på 41,7 mrd. kroner, noko som er om lag på same nivå som i 2023. Totalt 255 mrd.kr i faktisk mot 263,5 mrd.kr anslag i opphavleg statsbudsjett. Fasit for 2024 viste seg difor som ein større nasjonal skattesvikt utover hausten, der forskjellen mellom opphavleg skatteanslag og faktisk skatteinngang svarer om lag til 1 500 kroner per innbyggjar. For Haram utgjør skattesvikten vel 14,2 mill.kr.

I budsjettet til Haram for 2024 var det mykje usikkerheit og ein stilte spørsmål ved skatteanslag i statsbudsjettet, særleg sidan dei bygde på Ålesund sine tal med eit høgare skattenivå. Haram sette difor sitt skattebudsjett ein del lågare enn statsbudsjettet og slik fekk ein eit mykje lågare avvik mot budsjett på vel 3,1 mill.kr heller enn vel 14,2 mill.kr som skattesvikten utgjorde for 2024. Anslaga for årslønsvekst (5,2) og prisvekst (3,0) i RNB, bomma begge noko. Den faktiske årslønsveksten i KS-området for 2024 blei 5,4% (undervisning 5,6%), og den generelle prisveksten 3,1% (anslag kommunar om lag 3,5%).

Eigedomsskatt blei noko høgare enn først budsjettert (16,9 mill.kr), og vart justert etter 1.tertial til 18,35 mill.kr og enda rekneskapsført på 18,47 mill.kr. Det er lagt inn eit samla tilskot på 24,290 mill.kr knytt til integrering og norskopplæring flyktningar, mot budsjettert 19,424 mill.kr, eit positivt avvik på 4,866 mill.kr. Tilskot til særst ressurskrevjande flyktningar kjem i tillegg, basert på døyremerka søknad og er inntektsført på søkande eining.

Overføring til fylkeskommunar ifm. Nordøyveg forpliktinga vart korrigert etter gjeldande prinsipp. Det kommunen kom inn med, justert for opptent rett/forplikting i fellesperioden 1.1.2020-31.12.2023. Det som er opptent rett/forplikting i fellesperioden er fordelt etter same vedteke brøk som felles anlegg og elers, frie inntekter 2024. (85,7/14,3). Endeleg avklaring vil være ein del av delingsoppgjeret.

Andre sentrale inntekter - Havbruksfond og produksjonsavgift

Havbruksfondet for 2024 gav Haram ei rekneskapsført inntekt på 23,315 mill.kr, mot budsjettert 16,653 mill.kr, eit positivt avvik på 6,662 mill.kr. Inntektene frå Havbruksfondet varierer frå år til år og annakvart stor/liten utbetaling. 2024 var eit hovudår med stor utbetaling.

Produksjonsavgift vindkraft gav i 2024 ei rekneskapsført inntekt vel 2 mill.kr, mot budsjettert 2,464 mill.kr, eit negativt avvik på 0,45 mill.kr.

Pensjon

Pensjonsutgifter er vanskelige å lage gode prognoser på og det notoriske premieavviket gjør pensjonsøkonomi til en vanskelig øvelse å forklare godt. Det var i tillegg særskilt mykje usikkerheit knytta til utviklinga i pensjonsutgifter og det regnskapsmessige pensjonsavviket grunna manglande grunnlag overført ifm. kommunedelinga. Prognosane vart heldigvis betre mot slutten av året og ein kunne rekneskapsføre om lag 53,95 mill.kr mot budsjettert 56,89 mill.kr, noko som var lagt betre enn frykta og bidrog til eit mindre overforbruk i einingane til tross for generelt høgare lønsutgifter enn budsjettert.

Finans

Rentetoppen frå Norges Bank i 2024 vart både noko høgare og ein del lengre enn prognosane frå 2023 (Higher for longer). Dette kan gav noko høgare renteutgifter enn budsjettert for 2024, men også noko høgare renteinntekter.

Årsmelding 2024

(i heile 1000)	Reknskap	Buds(end)	Budsjett	Avvik
	2024	2024	2024	2024
Ansvar: 9300 Finansinntekter og -kostnader				
1500 Renteutgifter - lån	45.770	43.500	43.500	- 2.270
1501 Renteutgifter - formidlingslån	7.580	7.200	7.200	- 380
1510 Avdrag på lån	30.308	32.900	32.900	2.592
1596 Kalkulatoriske renter	- 6.684	- 8.385	- 8.385	- 1.701
1597 Kalkulatoriske avdrag	- 6.344	- 6.513	- 6.513	- 169
Sum utgifter	70.630	68.702	68.702	- 1.928
1810 Overføringer fra staten (rentekomp.)	- 3.825	- 2.807	- 2.807	1.018
1900 Renteinntekter bankinnskudd	- 5.450	- 4.200	- 4.200	1.250
1901 Renteinntekter ansvarlige lån	-	- 2.800	- 2.800	- 2.800
1902 Andre renteinntekter	- 2.940	-	-	2.940
1903 Avkastning likviditetsplassering	- 6.766	- 560	- 560	6.206
1904 Renter på utlån	- 4.192	- 7.200	- 7.200	- 3.008
1909 Gevinst finansplassering	- 32.196	- 20.000	- 20.000	12.196
Sum inntekter	- 55.369	- 37.567	- 37.567	17.802
Sum ansvar: 9300 Finansinntekter og -kostnader	15.261	31.135	31.135	15.874

Ålesund sat med mykje av driftslikviditeten og fonda i påvente av delinga. Det er difor tatt opp ekstra driftslikviditet i markedet for Haram. Det gav noko høgare renteutgifter, men disse vart kompensert med renteberekning som er rekneskapsført under renteinntekter. Finansavkastninga har vore svært god i 2024, som synte om lag 32,2 mill.kr i meiravkastning og er godt over budsjettmål på 20 mill.kr.

Eit svært godt år der samla finansresultatet er 15,874 mill.kr betre enn budsjett for 2024. Ein viser elles til utfyllande finans- og gjeldsrapportar.

Fond - disposisjonsfond

Det er i 2024 rekneskapsført brukt 3,2 mill.kr av disposisjonsfond for dekking av meirforbruk i tråd med kommunelova. Det var budsjettet med ei netto avsetning på 12,7 mill.kr i 2024, eit avvik på 15,9 mill.kr.

Disposisjonsfondet er bokført inngåande verdi 1.1.24 i tråd med prinsippa i kommunedelinga (IB 40,633 mill.kr). Det kommunen kom inn med, justert for opptent rett/forplikting i fellesperioden 1.1.2020-31.12.2023. Det som er opptent rett/forplikting i fellesperioden er fordelt etter same vedteke brøk som felles anlegg og ellers, frie inntekter 2024. (85,7/14,3). Det er likevel fortsett usikkerheit knytta til delingsprosessen og endeleg storleik på avsetninga.

Usikre faktorar - kommunedeling

Dei store uavklart sakene med økonomisk konsekvens for Haram, er fordeling av forpliktinga knytt til Nordøyvegen og deling av disposisjonsfondet. Desse sakene er fortsett uavklart ved utgangen av 2024

Årsmelding 2024

og er rekneskapsført i tråd med Haram kommune sine anførsler. Ålesund kommune har rekneskapsført i tråd med sine anførsler i saka. Det endelege resultatet vil truleg medføre korrigeringar i begge rekneskap i 2025.

Arbeidet med kommunedeling har hatt mykje fokus i organisasjonen og ein har noko kostnadsrefusjon for dei områda som har ekstraordinær aktivitet, men som ikkje leiger inn ekstrahjelp eller har direkte kjøp av tenester i den forbinde. I 2025 vil ein ikkje ha slik kostnadsrefusjon og ein må difor vurdere kapasitet og ressursbruk nøye når inntekta frå kommunedelingsmidlar er avslutta.

I løpet av 2024 vart det avdekt at mykje av «delingstala» frå 2023, ikkje var riktige for Haram, og Haram difor fått feil utgiftsutjamning i rammetildelinga for 2024. Eit tal hadde spesielt stor innverknad, grunntilskot PU over 16 år, der Haram mangla tilskot på totalt 11,57 mill.kr for 2024. Gjennom bruk av kommunedelingsmidlane, i samråd med revisjonen, vart denne feilen i utgiftsutjamning delvis kompensert. Dialog med departementet i 2024 sikra at ein ikkje fekk same feil i talmaterialet for 2025 rammetildelinga.

Utvikling i netto driftsresultat

Beløp i 1000

	Opph. bud.	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %
Bruk av avsetninger					
Bruk av bundne driftsfond	-319	-319	-37 965	37 646	11801,2 %
Bruk av disposisjonsfond	0	-1 183	-3 221	2 038	172,3 %
Sum bruk av avsetnader	-319	-1 502	-41 186	39 684	2642,1 %
Avsetninger					
Avsetninger til bundne driftsfond	2 750	2 750	38 762	-36 012	-1309,5 %
Avsetninger til disposisjonsfond	8 669	13 840	0	13 840	100,0 %
Sum avsetnader	11 419	16 590	38 762	-22 172	-133,6 %
Netto driftsresultat	-11 100	-15 088	2 424	-17 512	-116,1 %
Sum driftsinntekter	-888 571	-888 974	-977 704	88 730	10,0 %
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter	1,2 %	1,7 %	-0,2 %	-19,7 %	0,0 %

Driftsresultat inkl. avsetning/bruk av fond

Beløp i 1000

	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Sum generelle driftsinntekter			
Rammetilskot	-347 020	-325 840	-325 840
Inntekt- og formuesskatt	-301 465	-325 800	-325 800
Eigedomsskatt	-18 470	-16 947	-18 352
Andre generelle driftsinntekter	-53 444	-39 524	-39 524
Sum Sum generelle driftsinntekter	-720 398	-708 112	-709 517
Netto finansutgifter			
Renteinntekter	-19 347	-14 760	-14 760
Utbytte	0	0	0
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-32 195	-20 000	-20 000
Renteutgifter	53 361	50 700	50 700
Avdrag på lån	30 308	32 900	32 900
Sum Netto finansutgifter	32 125	48 840	48 840

Årsmelding 2024

	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Sum sentrale inntekter og finansposter	-688 272	-659 272	-660 677
Tenesteområda - drift	690 696	648 110	645 527
Netto driftsresultat	2 424	-11 162	-15 150
Sum driftsinntekter	-977 704	-888 571	-888 974
Driftsresultat i prosent av driftsinntekter	-0,2 %	1,3 %	1,7 %

Beløp i 1000

	Rekneskap	Opph. bud.	Rev. bud.
Avsetningar til bundne driftsfond	38 762	2 750	2 750
Avsetningar til disposisjonsfond	0	8 669	13 840
Bruk av bundne driftsfond	-10 918	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-3 221	0	-1 183
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	0	0	0
Overføring til investering	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	-4 085	-2 750	-2 750
Netto avsetninger - sentrale poster	20 538	8 669	12 657
Avsetninger til bundne driftsfond	4 085	2 750	2 750
Bruk av bundne driftsfond	-27 047	-319	-319
Netto avsetninger i tenesteområda	-22 962	2 431	2 431
Sum sentrale inntekter og finansposter	-2 424	11 100	15 088

Status investering og finansiering (2A)

Beløp i 1000

	Opph. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Investeringar i varige driftsmidlar	195 400	227 030	-30 168	-15,3 %	213 618
Tilskot til andre sine investeringar	0	712	0	0,0 %	712
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	2 200	1 957	243	11,0 %	2 200
Utlån av egne midlar	3 360	3 360	0	0,0 %	3 360
Avdrag på lån	0	2 017	-2 017		0
Sum investeringsutgifter	200 960	235 077	-31 943	-15,7 %	219 890
Kompensasjon for meirverdiavgift	-35 256	-40 842	5 444	15,4 %	-35 398
Tilskot frå andre	-300	0	-300	-100,0 %	-300
Sal av varige driftsmiddel	-2 200	-2 846	646	29,4 %	-2 200
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0		0
Mottatte avdrag på utlån av egne middel	0	-2 017	2 017		0
Bruk av lån	-163 204	-182 232	16 997	10,3 %	-181 992
Sum investeringsinntekter	-200 960	-227 938	24 804	12,2 %	-219 890
Vidareutlån	40 000	18 940	21 060	52,6 %	40 000
Bruk av lån til vidareutlån	-40 000	-18 940	-21 060	-52,6 %	-40 000
Avdrag på lån til vidareutlån	2 000	6 693	-4 693	-234,6 %	2 000
Mottatte avdrag på vidareutlån	-2 000	-7 819	5 819	290,9 %	-2 000
Netto utgifter vidareutlån	0	-1 126	1 126		0
Overføring frå drift	0	0	0		0

Årsmelding 2024

	Opph. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Avsetninger til bundne investeringsfond	0	1 126	-1 126		0
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0		0
Avsetninger til ubunde investeringsfond	0	0	0		0
Bruk av ubunde investeringsfond	0	0	0		0
Dekning av tidlegare års udekket beløp	0	0	0		0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	0	1 126	-1 126		0
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	0	7 139	-7 139		0

Status investeringar (2B)

1. Investeringar i varige driftsmidlar

Beløp i 1000

	Opph. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Kommunedirektøren sin stab	4 000	4 113	-113	-2,8 %	4 000
Plan Eigedom Landbruk Teknisk (PELT)	188 400	221 268	-32 868	-17,4 %	188 400
Frie inntekter, finans mm	3 000	1 649	2 813	63,0 %	21 218
Investeringar i varige driftsmidlar	195 400	227 030	-30 168	-15,3 %	213 618

2. Tilskot til andre sine investeringar

Beløp i 1000

	Opph. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
I: Investeringar Kyrkjeleg Fellesråd	0	712	0	0,0 %	712
Tilskot til andre sine investeringar	0	712	0	0,0 %	712

3. Investeringar i aksjar og andelar i selskap

Beløp i 1000

	Opph. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
Egenkapitalinnskott KLP	2 200	1 957	243	11,0 %	2 200
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	2 200	1 957	243	11,0 %	2 200

4. Utlån av egne midlar

Beløp i 1000

	Opph. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024
I: Klubbhus IL Ravn	3 360	3 360	0	0,0 %	3 360
Utlån av egne midlar	3 360	3 360	0	0,0 %	3 360
Sum del 1-4	200 960	233 059	-29 926	-14,7 %	219 890

Error: Setup is ImproperKOSTRA hovudtall

Årsmelding 2024

	Haram 2023	Haram 2024	Giske	Ålesund	Herøy (M. og R.)	Ørsta	Volda	Kostragruppe 01
Økonomi								
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)		31,0 %	24,8 %	7,1 %	10,3 %	-2,7 %	14,2 %	12,3 %
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger *)		104 282	98 436	105 186	114 938	109 445	129 373	113 677
Frie inntekter i kroner per innbygger **)		67 295	67 653	69 593	69 620	67 309	69 926	68 739
Korrigert netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B)		0,3 %	-2,6 %	1,1 %	-0,3 %	-9,0 %	-4,3 %	-1,4 %
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter		119,7 %	122,9 %	117,1 %	76,5 %	120,1 %	139,8 %	92,6 %

Finansrapportering 2024

Samla avkastning i den langsiktige finansportefølja for 2024 er rundt 10,2% etter kostnader per 3. tertial, tilsvarande om lag 32,2 MNOK. Årets budsjettmål var 20 MNOK. Grunna omlegging av porteføljestyringa der forvaltarseleksjon og totalrapportering ligg hos Gabler / Fokus Kapitalforvaltning, vil ikkje avkastningshistorikken vere fullstendig for 2024. Nokre tilpassingar har vore nødvendige, men sjølve avkastninga har vore svært bra. Vi har fått på plass ei heilskapleg rapportering som også gir rapporteringsmoglegheiter både i sanntid og skreddarsydd. Porteføljen er framleis sikra diversifisering langs fleire dimensjonar og brei samansetning, og dessutan kostnadseffektiv forvaltning.

Den langsiktige gjeldsporteføljen (eks. kortsiktig likviditetslån 300mnok) er framleis samla på eit lågare rentenivå samanlikna med dagens marknadsrente (benchmark er 3mnd Nibor +0,6 =5,3%), men er raskt på veg opp så lenge rentene held seg høge. Per 3.tertil er no vekta snittrente 3,96 %, med ei rentebinding rundt 2 år. Gjennomsnittleg kapitalbinding er 4,3 år.

Samla lånegjeld per 3.tertil 2024, er 1.305 MNOK, mot 1.294 MNOK per 1.1.2024.. Trekkjer ein frå Husbanklån til vidareutlån i perioden, har det ikkje vert reel vekst. Det kjem i hovudsak av at Haram førebels tok over meir lån enn nødvendig i samband med kommunedelinga, og desse låneopptaka vart brukte i løpet av 2024 til finansieringa av nye Eidet Skule. Dei to nye skuleprosjekta vil ved utgangen av 2025 ha auka gjelda til Haram med om lag 400 mill. kroner og verknadene av avskrivingar/avdrag og rentekostnader vil gjeldefor fult frå 2026.

Den langsiktige finansportefølja og gjeldsportefølja ligg innanfor alle fastsette rammer og avgrensingar i finansreglementet til kommunen.

Marknadskommentarar

Det var stort sett ei positiv utvikling i aksjemarknadene gjennom heile året, berre avbroten av eit brått fall i starten av august. Store selskap, spesielt ei handfull amerikanske teknologiaksjar, bidrog igjen til mykje av oppgangen i dei internasjonale aksjemarknadene. Den globale aksjemarknaden var opp 31,4 % i 2024 omrekna til norske kroner. Målt i lokal valuta var dei globale aksjemarknadene opp 20,2 %. Forskjellen i avkastning kjem av at norske kroner svekte seg mot dei største og mest sentrale valutaene gjennom året. Sidan 2014 til i dag har krona svekt seg med 50 % mot dollar. Ifølgje Noregs Bank har krona aldri vore svakare målt mot dollar sidan 1859. Det er inga overdriving lengre å seie at den internasjonale kjøpekrafta til den norske krona forvitrar i eit tempo dei færraste så for seg.

Utviklinga på Oslo Børs var svakare enn utviklinga i dei globale marknadene, med ein oppgang i hovudindeksen på 9,1 % i løpet av året. Aksjar i framveksande marknader gav ei avkastning på 20,2 % rekna om til norske kroner.

Etter eit par års oppgang i rentene var det ved inngangen til 2024 forventa at styringsrentene i Noreg og utlandet ville setjast ned i løpet av året. I USA og eurosona har det skjedd, om enn i mindre grad enn det som var forventa ved inngangen til året. Den norske styringsrenta har likevel lege flatt på 4,5 %. Marknadsrentene steig noko i løpet av året, og medførte at avkastninga frå obligasjonar vart noko svakare enn den korte pengemarknadsrenta.

Marknadsutviklinga mot slutten av året var prega av det amerikanske presidentvalet. Både aksjemarknaden og marknadsrentene steig i takt med at sannsynet auka for at Donald Trump skulle bli vald, og til slutt vart vald som president. Den økonomiske politikken hans med meir deregulering og låge skattar for bedrifter og hushald, blir sett på som positivt for aksjemarknaden i USA, noko som støtta opp under den positive utviklinga dei siste månadene av året.

I rentemarknaden såg vi også ein «Trump-effekt» dei siste månadene av året, berre med motsett forteikn for avkastninga enn i aksjemarknaden. Trump blir sett på som meir ekspansiv i finanspolitikken enn demokratane, i tillegg til at han har signalisert ei meir proteksjonistisk linje enn den som har vore. Marknaden ser på Trumps politikk som meir inflasjonsdrivande, noko som har ført til at lange renter har stige, både i forkant og etterkant av valet. Republikansk fleirtal både i senatet og representantanes hus gjer at presidenten kan få større gjennomslagskraft for politikken sin, noko som er med å forklare rentestigninga etter valet. Avkastninga i den globale obligasjonsindeksen med ca. 6,5 års durasjon var 2,5 % i løpet av året, medan indeksen for norske obligasjonar med 3 års durasjon var opp 3,1 % i same periode.

Noregs Bank heldt som venta styringsrenta uendra i desember, og oppjusterte samtidig prognosane sine for framtidig styringsrente noko. Den amerikanske sentralbanken heldt fram med å kutte renta, denne gongen med 0,25% men signaliserte også færre rentekutt i 2025 enn før. Dette har ført til ein oppgang i dei lange rentene mot slutten av 2024, også i Noreg. Under rentemøtet 19 desember heldt Noregs Bank styringsrenta uendra, heilt i tråd med det som var venta på førehand. Dette vart mellom anna grunnlagt med at aktiviteten i norsk økonomi ser ut til å vere sterkare enn det ein tidlegare har gått ut frå. Eksempelvis viser tal frå arbeidsmarknaden framleis låg arbeidsløysing med NAV-tal på 2,0% og tal frå SSB på 4,0%. Begge uendra frå månaden før. Samtidig blir det påpeika at prisveksten har minka meir enn det sentralbanken har lagt til grunn i prognosane sine. Noregs Bank signaliserer derfor ganske tydeleg at første kutt mest sannsynleg vil komme i mars 2025.

Kjerneinflasjonen (KPI-JAE) i november enda på 3,0%, som isolert sett er ein liten oppgang sett mot månaden før. Dette er likevel lågare det Noregs Bank la til grunn i prognosen frå september. Den totale prisveksten (KPI) heldt fallet fram og enda på 2,4% i november. Noregs Bank trekte også denne gongen fram den svake kronekursen som ei grunngeving for uendra styringsrente, då med bakgrunn i den inflasjonsdrivande effekten ei svak krone kan ha. Spesielt mot amerikanske dollar har krona svekt seg mykje gjennom desember. Per 31.12 svarte til ein amerikansk dollar 11,38 norske kroner. Også mot euroen har norsk krone svekt seg, men her mindre markant, og ved utgangen av 2024 låg ein euro på 11,78 kroner. I USA heldt FED fram (sentralbanken) å kutte styringsrenta med eit enkeltkutt på 0,25%. Samtidig nedjusterte FED sine anslag for talet på rentekutt i 2025 frå fire til to, og oppjusterte forventningane sine til framtidig inflasjon. Dette med bakgrunn i at fallet i den underliggjande inflasjonen har minka. PCE inflasjonen, som er FEDs føretrekte mål, steig noko frå oktober til november. Dette var venta på førehand, men understrekar budskapet frå sentralbanken om at det vil ta noko tid å nå målet på 2 prosent. Marknaden reagerte med å drive dei lange rentene oppover og dette førte igjen til ein oppgang norske fastrenter. I tillegg til rentekutt i USA har også den europeiske sentralbanken og

Årsmelding 2024

den svenske sentralbanken kutta renta no i desember. Dette var i stor grad prisa inn i marknaden på førehand og har dermed ført til små rørsler. 3mnd Nibor enda på 4,68% ved månedsslutt, kredittpåslaget til kommunalbanken er 0,6%, som gir ein totalt lånerente på 5,28%.

Utfyllande rapportar for langsiktig finans og gjeldsforvaltning er vedlagt saka.

Status politiske oppdrag

Politiske oppdrag

Tabellen under viser dei politiske oppdraga som er gitt gjennom året og ei beskriving av status for desse. I årsmeldinga er teksten er avkorta i nokre av oppdraga. For å lese den fullstendige teksten kan du gå til den politiske saka som er referert til i saksreferansen.

Politiske vedtak (P)

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
Sak om kostnader for å halde politiske møter på dagtid innanfor barnehage/SFOs opningstide	Vedtak: Formannskapet ber kommunedirektøren utarbeide ei sak om kostnader for å halde politiske møter på dagtid innanfor barnehage/SFOs opningstider	Ferdig	Kommunedirektøren la fram sak hausten 2024 til politisk handsaming. Formannskapet sak 111/24 og kommunestyret sak 102/24.	F 003/24
Sak om utgreiing av kostnader for røystekrins for Søvika i samband med vurderinga av røystekrinsar til stortingsvalet 2025	Vedtak: Formannskapet ber kommunedirektøren utarbeide ei sak med utredning av kostnader for røystekrinsar for Søvika i samband med vurderinga av røystekrinsar til stortingsvalet 2025	Ferdig	I samband med stortingsvalet 2025 vil kommunestyret oppnemne eit valstyre. Valstyret vil gjere fordeling av røystekrinsar for Haram kommune. Kommunedirektøren vil i samband med den saka gjere ei utgreiing av røystekrinsar for stortingsvalet 2025 med bakgrunn i tidlegare valutføring. Saka vart handsama før jul i valstyret.	F 003/24
Behovet for ungdomsarbeid i kommunen, og korleis ein skal legge til rette for dette både økonomisk og praktisk	Vedtak: Formannskapet ber kommunedirektøren greie ut om behovet for å ha ein ressurs med ansvar for koordinering, drift og utvikling av ungdomsarbeidet i kommunen.	Ferdig	I juni behandla kommunestyre, KS-sak 048/24 - Økonomisk støtte til ungdomsklubbane og andre tiltak for ungdom, om tematikken. Arbeidet med barn og unge er kontinuerlig i fokus og det vil vere naturleg at tema også blir aktualisert gjennom planarbeid og i budsjett.	F 003/24
Busetting av flyktningar i 2024	Vedtak: Haram kommunestyre vedtek å busette inntil 70 nye flyktningar i 2024. Kommunestyret ber kommunedirektøren legge prinsipp om spreidd busetting til grunn for integreringsarbeidet i Haram, og nytte ledig kapasitet i barnehagar, skular og kollektivtransport i heile kommunen. Kommunestyret skal	Ferdig	Haram kommunestyre vedtok i 2024 å busette 70 flyktningar. Det er 57 personar busette, medan tre har reist tilbake til heimlandet, og ein er sekundærbusett i ein annan kommune. Dette gir eit netto busettingstal på 53 personar, der 16 av dei er under 18 år. Hovuddelen kjem frå Ukraina og er under 50 år. Nokre busettingar har blitt avslagne grunna omfattande helseproblem og behov for tilrettelagde bustader. Tenesteområdet for integrering følgjer opp totalt 97 flyktningar innan integreringsperioden på fem år, i tillegg til dei som blir busett i	K 006/24

Årsmelding 2024

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
	informerst om status i integreringsarbeidet hausten 2024, med oversiktsbilete om korleis ein har gått fram for å sikre god integrering av flyktningar i Haram.		2025. Busettinga i 2024 har vore spreidd på ulike delar av kommunen: Brattvåg: 26, Søvika: 9, Longva: 9, Haramsøya: 5, Vatne: 4	
Flatere struktur med færre avdelingsleiarar på både Eidet Omsorgsenter og Haram Omsorgsenter	Vedtak: Formannskapet tek kommunedirektøren si vurdering til vitande.	Ferdig	På begge institusjonane er det to avdelingsleiarar som dekker to avdelingar, med over 100 tilsette på kvar plass. Dette medfører eit for stort leiarspenn for ein leiar.	F 003/24
Formannskapet ber kommunedirektøren synleggjere korleis Haram kommune vil prioritere arbeid med forebygging innanfor alle tenesteområde	Vedtak: Formannskapet ber kommunedirektøren synleggjere korleis Haram kommune vil prioritere arbeid med forebygging innanfor alle tenesteområde for å sikre sosial berekraft i sine planprosessar, og kva for tiltak ein vil nytte for å iverksette planane. Formannskapet ber om å bli orientert om framdrift i arbeid med BTI og SLT. Formannskapet ber kommunedirektør legge fram sak om organisering av folkehelsearbeidet, inkludert vurdering av God Helse samarbeidsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune.	Ferdig	Arbeidet med planen er no under utarbeiding, og blir lagt fram for politisk behandling i kommunestyret i september 2025. Kommunestyret skal vedta ein plan for kommunen sitt arbeid med å førebygge at barn og unge blir utsette for omsorgssvikt eller utviklar åtferdsproblem, jf. barnevernslova § 15-1 andre ledd. Målet med planen er å sikre overordna forankring av det førebyggjande tilbodet og tydeleggjere fordelinga av kommunen sine ressursar til dette arbeidet.	F 003/24
Gjere tomter tilgjengelege i heile kommunen og få laga eit oversiktleg system for dette	Vedtak: Formannskapet ber om orienteringssak til formannskapet 27/2/2024. Det hastar med å få i gang utbygging av bustader i fleire område av kommunen dersom vi vil ha fleire til å busette seg her. Formannskapet ber kommunedirektøren legge fram ein sak om kor vidt og evt i kva grad Haram kommune skal engasjere seg aktivt i tomteutbygging.	Ferdig	Haram kommune hadde tilgjengeleg og publisert tomteportal for kjøp av ubygd eigedom tidleg i 2024. På grunn av manglande kapasitet på tenesteområdet eigedom vart denne mellombels skjult frå nettsida, i påvente av nye rekrutteringar med rett kompetanse. Tomteportal er no planlagt publisert på nytt i hausten 2025	F 003/24
God Helse samarbeidsavtale 2024-2027	Vedtak: Kommunestyret vedtek å inngå God Helse samarbeidsavtale 2024-2027 med Møre og Romsdal fylkeskommune.	Ferdig	Haram kommune har inngått eit strategisk samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune for å styrke folkehelsearbeidet. Samarbeidet skal sikre god samordning og bidra til å nå mål i nasjonal, regional og lokal folkehelsepolitikk. Gjennom avtalen skal ein arbeide for ei samfunnsutvikling som fremjar god folkehelse og reduserer sosiale helseforskjellar. Sak 044/24	K 044/24

Årsmelding 2024

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
Grunnavtale om interkommunalt samarbeid i Ålesundregionen, og søknad til statsforvaltaren om skjønnsmidlar	Formannskapet vedtek:1. Haram kommune vedtek grunnavtale for interkommunalt samarbeid i Region Ålesund slik den ligg føre. 2. Haram kommune søker om skjønnsmidlar frå statsforvaltaren til å organisere og finansiere arbeidet i ein prosjektperiode slik det kjem fram i denne saka.	Ferdig	Kommunane Giske, Sula, Ålesund og Haram har søkt og fått innvilga skjønnsmidlar frå statsforvaltaren.	F 070/24
Haram kommune må sjå heilheitleg på behova for kommunale boligtilbod	Vedtak: Formannskapet ber kommunedirektøren legge fram sak med orientering om status på kommunale bustadar, vurdering av behov, og framtidige investeringar innan utgangen av 2024	Iht. plan	Kommunalområdet Livsløp startar arbeidet med bustadsosial handlingsplan i 2025 med mål om ferdigstillelse desember 2025. Kommunalområdet PELT har lagt fram to av tilsaman tre orienteringssaker til formannskapet om arbeidet med kunnskapsgrunnlaget for langsiktig, heilheitleg og framtidsretta eigedomsstrategi for Haram kommune. Den siste orienteringa vart fylgt opp i det vidare arbeidet med HK Eigedomsstrategi og er no lagt inn i arbeidet med HK boligsosial handlingsplan. Sjå planstrategi.	F 003/24
I dag er det leigeutgifter til biblioteket på 2,2 millionar kroner, og kommunen treng meir kontorlokaler. Då vil det vere gunstig å bruke dei midlane vi har betre og ha "gratis" bilblioteksleige på Eidet skule, og heller bruke tenestehuset til anna	Vedtak: Formannskapet tek orienteringa til kommunedirektøren til vitande	Ferdig	Ei slik flytting er ikkje aktuell. Spørsmålet vart svart ut i samband med behandlinga av verbalforslaga i formannskapet i januar 2024, der formannskapet tok kommunedirektøren si orientering til vitande.	F 003/24
Informasjon, rettleiing og praktisk hjelp til pårørnde som har demens	Vedtak: Formannskapet tek kommunedirektøren si vurdering til vitande.	Ferdig	Det skal gjennomførast kartlegging av tenestene som blir ytt til personar med demens og pårørnde deira. Dette skal leggjast til grunn når vi skal utarbeide ein eigen demensplan for kommunen der vi tek for oss både personar med demens og pårørnde deira. Viser til vedtatt planstrategi for Haram kommune der Demensplan ligg inne.	F 003/24
Leigeavtale med IL RAVN	Vedtak: Formannskapet tek kommunedirektøren si vurdering til vitande.	Ferdig	Vedtaket om å løyve midlar i tråd med tidlegare vedtak vart tatt inn i budsjettet. Forskotsutbetaling av lån på kr 3.360.000 til IL Ravn utført 5.1.2024.	F 003/24
Matombringning til eldre heimebuande	Vedtak: Formannskapet tek kommunedirektøren si vurdering til vitande.	Ferdig	Det vart sett i gang ei utprøving av matombringning i Brattvåg, der vi gjorde oss verdifulle erfaringar. Vi tek med oss erfaringane vidare i planlegging av ei løysing der alle som treng det i kommunen, får dette tilbodet. Er i dialog med frivillige/ Haram Industrier om	F 003/24

Årsmelding 2024

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
			temaet. Eldre på Nordøyane har eit fullverdig tilbod om matutlevering i samarbeid med frivillige. Måltidsproduksjon med matombringning vil utgreiast og takast opp til politisk handsaming i 2025.	
Medlemskap i nynorskkommunar	Vedtak: Haram kommunestyre vedtek å melde Haram kommune inn i Nynorskkommunane - LNK. Haram kommune må sørge for å vere eit aktivt medlem og få nytte av medlemsskapet. Vi ønsker å få ei kort orientering om kva nytte kommunen har etter ca eit års medlemsskap.	Iht. plan	Kommunen er meldt inn i Nynorskkommunar-LNK i tråd med kommunestyret sitt vedtak. Det er føresett at kommunen skal vere eit aktivt medlem og få nytte av medlemsskapet. Kommunestyret ønsker å få ei kort orientering om kva nytte kommunen har etter ca eit års medlemskap, dvs. våren 2025.	K 021/24
Ny opplæringslov, lokale forskrifter for Haram kommune	Vedtek: Formannskapet legg høyringsutkasta ut på offentleg høyring og aktuelle interessegrupper blir oppmoda om å delta med høyringsuttalar. Etter at høyringsfristen er ute blir høyringsinnspela vurdert og gjort tilgjengeleg ved endeleg handsaming i kommunestyret i september 2024. Vedtekne forskrifter sendast deretter til Lovtidend redaksjonen for kunngjering.	Ferdig	I samband med ny opplæringslov per 01.08.24 var der behov for å vedta lokale forskrifter. Det vart utarbeida utkast til fem forskrifter administrativt, før formannskapet la høyringsutkasta ut på offentleg høyring. Aktuelle interessegrupper vart oppmoda om å delta med høyringsuttalar. Etter at høyringsfristen var ute vart høyringsinnspela vurdert og gjort tilgjengeleg ved ny handsaming i formannskapet. Kommunestyret vedtok dei fem lokale forskriftene i sak 072/23, 19.09.24. Forskriftene er kunngjort i Norsk Lovtidend.	F 072/24
Ny sjøledning Lepsøy – Haramsøy	Vedtak: Formannskapet tek kommunedirektøren si vurdering til vitande.	Ferdig	Ny sjøleidning vart prosjektert og lagt våren 2024 i samsvar med plan.	F 003/24
Oppdatering på stoda for Hamnsundsambandet	Vedtak: Formannskapet tek kommunedirektøren si vurdering til vitande.	Ferdig	I vedtaket vert det ikkje tatt stilling til verbalforslaget. Hamnsundsambandet er eit eige aksjeselskap. Haram kommune eig aksjar i selskapet. Det er Hamnsundsambandet AS som må gi oppdatering på stoda.	F 003/24
Oppdatering på stoda for korleis det ligger an for Jakt, fiske og friluftssenteret i Vatnedalen	Vedtak: Formannskapet tek kommunedirektøren si vurdering til vitande.	Ferdig	Administrasjonen har fortsatt ikkje nødvendige opplysningar frå tiltakshavar for at planen kan fremjast.	F 003/24
Oppfølging av struktursak barnehage og skule	Vedtak i sak 014/24 : Kommunestyret vedtek å samle skulane på Nordøyane på Haramsøy frå hausten 2024. Rektor må ivareta dei tilsette i ein god prosess. Kommunestyret vedtek at Lepsøy barnehage og Longva barnehage skal drivast i heile kommunestyreperioden. Longva barnehage skal	Ferdig	Kommunestyret i Haram fatta 21.03.24 vedtak i sak 14/24 i høve barnehage- og skulestruktur. I tråd med vedtaket har rektor ved Haramsøy skule ivareteke dei tilsette gjennom gode prosessar. Det vart 12.12.24 gjort kommunestyrevedtak på oppstart av Camp Nordøyane (sak 110/24), der Flem skule er planlagt som lokasjon for leirskule. Ved Lepsøy skule er det framleis barnehage- og bibliotekdrift, og det er difor ikkje lagt fram eiga sak i høve etterdrift av dette bygget i 2024. Kommunedirektøren gjekk	K 014/24 og K 042/24

Årsmelding 2024

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
	drivast som ordinær kommunal barnehage med eigen styrar og nok kapasitet til å ta imot alle barn som har rett på plass frå Fjørtoft, Flemsøy/Skuløy og andre som har det som førsteval. Hildre barnehage blir lagt ned som kommunal barnehage frå hausten 2024. Vi er positive til oppstart av privat barnehage og vil seie ja til søknaden frå Hildre Montessoribarnehage. Vi er positive til at Utigarden barnehage får beholde tilskotet frå kommunen sjølv om dei flyttar lokasjon til Grytastranda. Sjølv godkjenninga vert handsama i eiga sak. Vedtak i sak 042/24: Kommunestyret vedtek at Haramsøy skule skal gi eit SFO-tilbod i eigne lokaler		i dialog med skulen og fylket i høve ordningar for skuleskyss til Haramsøya for elevane frå dei andre øyane. Mogleg SFO ilag med barnehagane var lagt fram som sak, der kommunestyret vedtok at Haramsøy skule skal gi eit SFO-tilbod i eigne lokale i sak 042/24. Det er jobba med godkjenning av Longva som eigen barnehage utover hausten 2024, men ein var ikkje i mål med dette arbeidet før nyttår. Kommunestyret vedtok i sak 043/24 å behalde namnet på Haramsøy skule som i dag.	
Orientering om status og utfordringar i grunnskulen i Haram	Vedtak: Formannskapet ber kommunedirektøren kome tilbake med ei orientering om skulane i løpet av våren	Ferdig	Formannskapet fekk 16.04.2024 ei orientering om status og utfordringar i grunnskulen i Haram i sak 038/24. 17.10.24 vart ein tilstandsrapport for grunnskulen i Haram framlagt for kommunestyret, der kvar skule hadde levert ei kvalitetsmelding som saksgrunnlag (sak 010/24).	F 003/24
Orientering vedkomande overgang frå barnehage til skule	Vedtak: Formannskapet ber kommunedirektøren komme tilbake med ei orientering i løpet av kommunestyreperioden.	Iht. plan	Oppdraget er ikkje gjennomført i 2024. Vil bli følgt opp i løpet av kommunestyreperioden.	F 003/24
Overføring av eigedomar på Austnes	Vedtak: Haram kommunestyre vedtek følgjande endringar av vedtaket frå 2009: 1. Haramsøy og Austnes Bustadstifting overtek eigedom gbnr. 311/68. 2. Haramsøy og Austnes Bustadstifting overtek berre den delen av eigedom gbnr. 311/18 som er regulert til bustadformål. 3. Haram kommune beheld den delen av eigedom gbnr. 311/18 som er regulert til park.	Ferdig	Overtakinga er fortsatt under arbeid. Avtaleutkast er utarbeida og ein reknar med at arbeidet med dei praktiske forholda vil fortsette ut i 2025.	K 049/24

Årsmelding 2024

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
Oversikt over kommunale eigedommar	Vedtak: Formannskapet ber kommunedirektøren legge fram orienteringssak til formannskapet 27/2/2024	Ferdig	Administrasjonen har lagt fram to av tilsaman tre orienteringssaker til Formannskapet om arbeidet med kunnskapsgrunnlaget for langsiktig, heilheitleg og framtidsretta eigedomsstrategi for Haram kommune. Den siste orienteringa er tatt inn som ledd i det løpande arbeidet med HK Eigedomstrategi ifm vedtatt planstrategi.	F 003/24
Overtaking av Hellestranda vassverk	Vedtak: Haram kommunestyre er positiv til overtaking av Hellestranda vassverk og har ingen merknader til at det vert jobba vidare med saka fram mot ein inngåelse av avtale. Følgjande moment vert lagt til grunn for vidare arbeid: Tilstandsvurdering må utførast før avtale vert inngått. Eventuelle manglar må normalt rettast gjennom bruk av oppsparte midlar. Verdivurdering kan utførast etter mal frå overtaking av Vatne vassverk og Longva vassverk. Utbetaling av eventuell erstatning føreset at tilknytingsgebyr vert kravd inn. Eventuelt restbeløp på bankkonto vil tilhøyre vassverket/abonnentane. I prosessen fram mot avtaleinngåelse må ein i tillegg utgreie følgjande: Grensesnitt mellom private og kommunale leidningar, abonnentlister, grunnrettar og detaljert framdriftsplan og fordeling av ansvar	Iht. plan	Overtakinga er fortsatt under arbeid. Avtaleutkast er utarbeida og ein reknar med at arbeidet med dei praktiske forholda vil fortsette ut i 2025.	K 023/24
Rekruttering av fastlegar	Vedtak: Formannskapet ber kommunedirektøren fortsette arbeidet for å rekruttere fastlegar til kommunen.	Ferdig	Ved inngangen til 2024 hadde Haram kommune store utfordringar med legedekninga, særleg ved Brattvåg legekantor. I løpet av året har vi rekruttert 9 legar, og ved årsskiftet var alle heimlar besette. Dette inkluderer ein ny heimel ved Vatne og erstatning for ein lege som pensjonerte seg hausten 2024.	F 003/24
Sak i høve vedtekter for dei kommunale barnehagane der lengre åpningstider vert vurdert	Vedtak: Formannskapet ber kommunedirektøren om å komme tilbake med ei sak i høve vedtekter for dei kommunale barnehagane	Ferdig	Vedtekter for kommunale barnehagar vart handsama som følgjer: 117/24 Formannskapet 19.11.2024. 116/24 Kommunestyret 12.12.2024. Nye vedtekter er lagt ut på kommunen si heimeside.	F 003/24

Årsmelding 2024

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
Sak om etablering av Rådgivande enhet ved russaker	Vedtak: Formannskapet ber kommunedirektøren legge fram sak om etablering av Rådgivande enhet ved russaker, jf. nytt lovkrav juni 2022	Ferdig	Frå juli 2022 blei det obligatorisk for alle kommunar å ha rådgivande eining for russaker. Primæroppgåve er rettleiing, råd og generell informasjon til personar som bli ilagt møteplikt som vilkår for betinga påtaleunnlating i saker som handlar om bruk og besittelse av narkotika. Eininga er lagt til psykisk helse og rus i Haram kommune. For meir informasjon: Rådgivande eining for russaker - Haram kommune	F 003/24
Sak om evaluering av kulturskuletilbodet	Vedtak: Formannskapet ber kommunedirektøren om å kome med sak om evaluering av kulturskuletilbodet i løpet av kommunestyreperioden.	Ikke startet	Evalueringssak må leggst fram seinare i kommunestyreperioden. Ein vil ha oppstart av arbeidet med evalueringa etter at første heile kulturskuleår er gjennomført hausten 2025.	F 003/24
Sak om å sikre god språkopplæring for flyktningar og innvandrara i grunnskulen	Vedtak: Formannskapet ber kommunedirektøren greie ut for korleis ein skal sikre god språkopplæring for flyktningar og innvandrara i grunnskulen, og sjå dette i samanheng med målet om å bruke heile kommunen i busetting av flyktningar.	Forsinket	Formannskapet bad i sak 003/24 kommunedirektøren greie ut for korleis ein skal sikre god språkopplæring for flyktningar og innvandrara i grunnskulen, og sjå dette i samanheng med målet om å bruke heile kommunen i busetting av flyktningar. Det vart i 2024 nedsett ei tverrfagleg gruppe med mål om å gjere ei slik utgreiing. Gruppa har avhaldt eit møte. Det er vidare behov for eit mandat, slik gruppa kan gjenoppta arbeidet. Arbeidet legg grunnlaget for kommunedirektøren si orientering.	F 003/24
Sak vedkomande skuletilbod for ungane på Fjørtofta	Vedtak: Formannskapet ber kommunedirektøren legge fram ei sak for kommunestyret.	Ferdig	Skuletilbod for elevar på Fjørtofta har vore til følgjande behandling: 029/24 Formannskapet 12.03.2024. 015/24 Kommunestyret 21.03.2024. Saka fekk følgjande vedtak i kommunestyret: Kommunestyret vedtek at elevar som er i eit skuleløp på Fjørtofta får frå skuleåret 24/25 skuleplass ved Nordøyane skular. Haram kommune ynskjer å tilby grunntenester til innbyggjarane sine sjølv.	F 003/24
Støtte til ungdomsklubbar	Vedtak:Kommunestyret tek saka til orientering og ber kommunedirektøren kome tilbake med ei ny sak der ein gjer greie for kva som ligg til grunn for støtte til ungdomsklubbar og andre tiltak for ungdom i kommunen. Vedtak: Haram kommunestyre løyvar 70 000 kroner til kvar av dei tre ungdomsklubbane i kommunen i form av frie	Ferdig	Kommunestyret vedtok i sak 48/24 å gi eit tilskot på kr 70.000 til kvar av ungdomsklubbane i kommunen. Tilskotet er utbetalt i tråd med vedtaket.	K 013/24 og K 048/24

Årsmelding 2024

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
	midlar til drift/prosjekt, 20 000 kroner til Ung kunst, 20 000 kroner overført til Kulturutvalet, som kan disponerer dei til ungdomstiltak.			
Tiltak som skal sikre god innbyggjarmedverknad	Vedtak: Formannskapet ber kommunedirektøren kome tilbake med ei sak om korleis vi skal arbeide fram struktur for dialog og innbyggjarmedverknad i nye Haram. Det er ønsket større medvirkning ved å styrke dette gjennom et Næringsutvalg så fort som mulig.	Ferdig	Kommunestyret har sett ned eit oppgåveutval som skal legge til rette for brei medverknad i samfunnsplanprosessen, og det er gjennomført tre folkemøte og ei digital spørjeundersøking. Kommunestyret har også vedtatt vedtekter for frivilligsentral (KS-sak 059/24) og eit rådgjevande organ for frivilligsentralen (KS-sak 060/24). Haram kommune er tilgjengeleg gjennom heimeside og i sosiale medium. Det skal vere ein låg terskel for å kome med innspel. Ein vel å avslutte oppdraga i 2024, men ser at dette er eit pågåande arbeidet der ein må utvikle samhandlinga i tråd med forventningar og krav, samt samfunnsutviklinga. I kommunalområdet Helse og omsorg vil tiltak for innbyggjarinvolvering og brukarmedverknad vere eige tema og utgreiast for i Helse og omsorgsplan. Ulike tiltak vil vere brukarutval, formelle og uformelle møtepunkt for tenestemottakarar og deira pårørande og ulike møtepunkt mellom tenester i kommunalområd og frivillige aktørar samt næringsliv i kommunen. I kommunalområdet Barnehage og skule er det inngått ein intensjonsavtale mellom skule og næringsliv på Haramskonferansen i februar. Denne tek sikte på eit systematisk samarbeid gjennom eit årshjul, for å sikre alle elevar kontakt med det lokale næringsliv gjennom skuleløpet. Det vart i september arrangert eit møte mellom skuleleiinga og næringslivet, der både ordførar og nærings sjef haldt innlegg. Alle partar verkar positive til vidare samarbeid.	F 003/24
Todelt regnskap som viser tydeleg kor stor prosentdel av utgiftene til dei respektive skulane er på hhv pedagogiske og helserelaterte tiltak	Vedtak: Formannskapet tek informasjonen til vitande.	Ferdig	Formannskapet tok informasjonen til vitande i sak 003/24. Det vart då informert om at utgifter til helserelaterte tiltak og spesialundervisning vert ført på eigne prosjektnummer. Tenesteleiar og kommuneadministrasjonen har slik ei god oversikt over dette.	F 003/24
Unngå ufrivillig deltid og ha heiltidskultur i Haram kommune	Vedtak: Formannskapet tilrår at saka blir tatt opp i partssamansette utval.	Iht. plan	Arbeid med heiltid og ufrivillig deltid i Haram kommune: Kommunedirektøren tilrår til formannskapet at arbeidet med heiltidskultur i Haram kommune skal arbeidast vidare med. Ved utlysing er arbeidsgjevar plikta til å drøfte, bruk av deltidsstilling. Dersom det er sakleg å lyse ut deltidsstilling kan det gjerast, men	F 003/24

Årsmelding 2024

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
			hovudregelen er at ein skal lyse ut heiltidsstillingar. Ein vil ha fokus på arbeid med heiltid når ein skal til med ein eigen arbeidsgjevarstrategi i kommunen. Gjennomsnittleg stillingsstorleik innan kommunalområdet helse og omsorg er over 79%, og gjennomsnittleg stillingsstorleik i kommunen er på 86%. Dette er høgt i høve andre kommunar i Noreg.	
Utgreie ein modell for formelt samarbeid mellom kommunen og ungdomsklubbane for å sikre drift og aktivitet	Vedtak: Formannskapet ber kommunedirektør utgreie ein modell for formelt samarbeid mellom kommunen og ungdomsklubbane for å sikre drift og aktivitet, herunder moglegheiter for å søke tilskot til aktivitetar. Det må sjåast i samanheng med verbalforslag nr.24 og nr.1 kor samarbeid med ungdomsråd og frivilligkoordinator blir sentralt i utgreie av modell for samarbeid	Ferdig	Kommunestyret vedtok i sak 48/24 å gi eit tilskot på kr 70.000 til kvar av ungdomsklubbane i kommunen. Tilskotet er utbetalt i tråd med vedtaket. SLT koordinator og fagstab livsløp har faste møter med ungdomsklubbane.	F 003/24
Utgreie flytting av hovedbiblioteket frå tenestehuset til nye Eidet skule	Vedtak: Formannskapet tek orienteringa til kommunedirektøren til vitande	Ferdig	Ei slik flytting er ikkje aktuell. Spørsmålet vart svart ut i samband med behandlinga av verbalforslaga i formannskapet i januar 2024, der formannskapet tok kommunedirektøren si orientering til vitande.	F 003/24
Utgreiing av alternative tiltak for å førebygge utanforskap og sikre moglegheiter for deltaking i lag og organisasjonar	Vedtak: Formannskapet tek kommunedirektøren si vurdering til vitande.	Ferdig	I 2024 er det oppretta rådgjevande organ for frivilligsentralen. 6. mai invitert kommunen inn til samhandlingsmøte med lokale lag og organisasjonar. Det møtte representantar for over 40 ulike lag og organisasjonar i kommunen. Ressursbase har fått innvilga prosjektmidlar til LOS stilling. Dette er eit treårig prosjekt som arbeider med utanforskap for ungdom. Det er også gjeve midlar til å opprette stilling som ruskonsulent for ungdom. Nav har fått prosjektmidlar til muligheitskoordinator som skal arbeide med utsette barn og familiar. .	F 003/24
Utgreiing av formueskatt	Vedtak: Formannskapet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitande.	Ferdig	I samband med behandlinga av verbalforslaga i formannskapet i januar vart det gitt ei orientering om ulike problemstillingar knytt til endringar i satsen for formueskatt. Kommunedirektøren opplyste ellers at Tiltaket kan greiast ut, men det er svært vanskeleg å lage scenario som er treffsikre av den grunn at vi ikkje veit kven som flyttar til og frå kommunen dersom eit slik skattegrep blir innført. Formannskapet tok kommunedirektøren si orientering til vitande. Dersom tiltaket	F 003/24

Årsmelding 2024

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status	Saksreferanse
			skal utgreiast må det vedtakast ei politisk bestilling.	
Utgreiing av kva verknadar lågare arbeidsgiveravgift har for kommunen	Vedtak: Formannskapet tek orienteringa til vitande.	Ferdig	I samband med behandlinga av verballforslaga i formannskapet i januar vart det gitt ei orientering i saka. Redusert arbeidsgiveravgift vil ha positive verknadar for næringslivet i kommunen, men kommunen har avgrensa mulegheiter til å påverke nivået på avgifta. Formannskapet tok kommunedirektøren si orientering til vitande.	F 003/24
Utgreiing av løpande barnehageinntak i Haram	Vedtak: Formannskapet tek kommunedirektøren si orientering til vitande	Ferdig	Dette er svart ut og tatt til vitande. Det vart informert om at der fins nasjonale føringar som regulerer hovudopptak, og midlane som blir tildelt kommunane heng saman med dei. Laupande barnehageopptak krev at det til ein kvar tid er overkapasitet på barnehageplassar, slik ein er klar til å ta imot nye barn i løpet av året. Dette er økonomisk kostbart, og det gjer det krevjande å planlegge for gode barnegrupper, samtidig som det gjer det meir fleksibelt for småbarnsfamiliane.	F 003/24
Ved busetting av flyktningar skal heile kommunen bli brukt	Vedtak: Formannskapet ber kommunedirektør om å bruke heile kommunen ved busetting av flyktningar, og gjere heilskaplege vurderingar knytt til kapasitet og behov for ulike tenester.	Ferdig	Vi har førebels klart å halde ein spreidd busetnad.	F 003/24

Kommunen sine kommunalområde

Kommunedirektøren sin stab

Beskriving av kommunalområdet

Kommunedirektøren sin stab skal legge til rette for og understøtte god og effektiv tenesteproduksjon og vidareutvikling av tenester til det beste for innbyggjarane i kommunen. Kommunedirektøren sin stab har ansvar for fellesoppgåver knytt til styring, utvikling og leiing, og å yte støttetjenester til heile kommuneorganisasjonen. Staben blir leia av stabssjefen.

Staben er inndelt i forskjellige fagområde og fagansvar. Ein har mellom anna overordna fagansvar for næring, krisestab, IKT og digitalisering, kommunikasjon, frivilligsentral, personvern, strategiutvikling, samfunnsplanlegging og politisk sekretariat.

Fagområda er organisatoriske einingar der fleire arbeider innan same fagansvar. I kommunedirektøren sin stab er dette:

- Fagområde HR (2 tilsette) - HMS, tariff, personal, kvalitet
- Fagområde Økonomi og finans (5 tilsette) - Løn, rekneskap, controller, finans
- Fagområde Arkiv og dokumentforvaltning (2 tilsette)
- Fagområde innbyggjarservice og frivilligkoordinator (3 tilsette)

Kommunedirektøren sin stab har eit særskilt ansvar for samarbeid på tvers, både internt i staben og på tvers av heile organisasjonen.

Kommunedirektøren har 20 årsverk i sin stab. I tillegg kjem økonomiansvar for lærlingar og frikjøp av hovudtillitsvalde og hovudverneombod.

Bibliotek, kultur, kulturskule og idrett

Forvaltning av kulturfeltet med bibliotek, kultur, idrett og kulturskule (vertskommunesamarbeid med Ålesund) ligg organisatorisk til kommunedirektøren sin stab.

- Fagområde biblioteka i Haram har 2,5 årsverk. Biblioteka i Haram er fem folke- og kombinasjonsbibliotek med lokasjonar på Haramsøya, Longva, Lepsøya, Brattvåg og Vatne. Hovudbiblioteket er lokalisert på tenestehuset i Brattvåg. Biblioteket på Haramsøya opna i nye lokaltetar i januar.

Utvikling og utfordringar i 2024

2024 har vore eit spesielt og viktig år for Haram kommune. Etablering av ein ny, sjølvstendig kommune prega store delar av året. Denne prosessen har ført med seg omfattande organisatoriske endringar, og det har vore eit stort arbeid å bygge opp strukturar og system som skal danne grunnlaget for den nye kommunen.

Kommunedirektøren sin stab skal støtte for alle tenesteområda i kommunen på same tid som ein bygg ei ny organisasjon. Dette er svært krevjande. Vi har teke viktige steg i retning av mål- og resultatstyring, mellom anna gjennom innføringa av programmet Framsikt. Dette er eit nytt verktøy for organisasjonen,

Årsmelding 2024

og opplæring i bruken av det har vore ei sentral oppgåve gjennom året. Innføringa av nye system og rutinar har vore viktige for å legge til rette for betre styring og oversikt.

Sidan kommunen er i ein oppbyggingsfase, er det utfordrande å vurdere måloppnåing på vanleg måte. Mangelen på fastsette mål gjer det vanskeleg å måle resultat, men det er likevel gjort eit stort arbeid i 2024 for å legge til rette for god styring og utvikling. Prosessen er ikkje ferdig, og det står att mykje arbeid før kommunen er fullt etablert med klare mål. Trass desse utfordringane har kommunen kome langt i etableringsarbeidet. Det er lagt ned ein stor innsats for at tenestoområda våre kan levere gode tenester til innbyggjarane, og grunnlaget er no på plass for vidare utvikling av kommunen i åra som kjem.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Virksomhet	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
1000-Kommunedirektør	-2 867	1 902	4 769	250,7 %
1100-Kommunedirektørens stab	45 399	46 383	984	2,1 %
Sum	42 532	48 285	5 753	11,9 %

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	30 119	29 437	682
Refusjon lønn	-1 000	-302	-698
Sum Lønn	29 119	29 135	-16
Drift	13 943	15 673	-1 731
Kjøp av produksjon	12 598	11 417	1 181
Overføringer	3 882	8 572	-4 690
Finansutgifter	0	62	-62
Sum Utgifter	30 422	35 723	-5 301
Brukerbetaling	-260	-1 093	833
Refusjoner	-10 996	-7 831	-3 165
Finansinntekter	0	-13 402	13 402
Sum inntekter	-11 256	-22 326	11 070
Netto resultat	48 285	42 532	5 753

Kommentar til status økonomi

Årsresultatet viser eit mindreforbruk på ca. 5,7 millionar kroner som utgjer ca. 11,9% av årsbudsjettet. Hovudårsaka til mindreforbruket er knytt til midlar frå kommunedelinga der refusjon for diverse felleskostnader ikkje er fordelt på dei ulike kommunalområda, men ført som inntekt under ansvarsområdet for kommunedirektøren.


Samla lønnskostnadar for området vart som budsjetttert, men avveik delvis innanfor dei einskilde ansvarsområda. Møtegodtgjersle til politikarar ligg under det budsjetterte.

Samla vart driftsutgiftene ein del høgare enn budsjetttert (ca. 5,3 millionar kroner). Kommunedirektøren sin stab refunderer kommunalområda sine kostnader til lærlingar og desse vart ca. 2,3 millionar kroner høgare enn budsjetttert i 2024. Kostnadar til meirverdiavgift vert kompensert under inntekter, men vil vise som ein meirkostnad under utgifter i rekneskapen. Meirverdiavgifta utgjorde i 2024 ca. 2,9 millionar kroner.

Driftsinntektene vart også vesentleg høgare enn budsjettert (ca. 11 millionar kroner). Størstedelen av dette er knytt til kommunedeling (ca. 6,7 millionar kroner). Inntekt frå kompensasjon av meirverdiavgift utgjer ca. 2,9 millionar kroner. I tillegg er ein del av avviket i inntekter knytt til gebyr/salsinntekter og refusjon frå fylkeskommunen.



Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)

Årsmelding 2024



KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse - Kultur og idrett

	Haram 2023	Haram 2024	Giske	Ålesund	Herøy (M. og R.)	Ørsta	Volda	Kostragruppe 01
Prioritet								
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner *)		2 350	1 131	2 052	2 937	2 079	1 588	2 331
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år *)		4 412	887	2 674	4 518	3 081	3 904	3 553
Kvalitet								
Besøk i folkebibliotek per innbygger		3,2	1,3	3,5	1,4	2,4	2,9	3,3

Årsmelding 2024

*) Inflasjonsjustert med deflator

Kostra-analyse - Adm, styring og fellesutgifter

	Haram 2023	Haram 2024	Giske	Ålesund	Herøy (M. og R.)	Ørsta	Volda	Kostragruppe 01
Prioritet								
Administrasjon brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)		5 053	4 547	4 670	11 469	3 575	4 981	5 427
Administrasjon nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *) **)		1 396	4 166	4 237	3 307	3 271	3 895	4 519
Politisk styring brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *) **)		441	426	295	404	466	501	573

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplaniltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving
Nye tiltak		
Kulturmidlar, og oppretting av kulturpris og ungdomens kulturpris i Haram kommune	700	Ferdig Tiltaket må sjåast i samanheng med kommunestyret sitt vedtak knytt til flatt kutt og overføring av midlar til ungdomstiltak. Økonomiplaniltak knytt til reduksjon av kulturmidlar mv. på kr 200.000 er innarbeidd her. Kostnadar knytt til kulturprisane vart ein del lågare enn rekna med, og bidreg til at samla effekt vert relativt låg.
Sum	700	
Politisk vedtak		
Flatt kutt 2,5 prosent	-1 204	Ferdig Fordelt ut over alle områder i kommunedirektøren sin stab.
Kulturmidlar, og oppretting av kulturpris og ungdomens kulturpris i Haram kommune	-200	Ferdig Tiltaket må sjåast i samanheng med kommunestyret sitt vedtak knytt til flatt kutt og overføring av midlar til ungdomstiltak.

Årsmelding 2024

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving
		Reduksjonen på 200.000 er innarbeidd i anna økonomiplantiltak knytt til kulturmidlar mv.
Hjernehinnebetennelsevaksine til russen ved HVS	50	Ferdig Gjennomført innanfor kommunalområde Livsløp etter nærare avtale. Vil bli vidareført årleg framover.
Tilskot til ungdomstilbod drift	300	Ferdig Utbetalt i tråd med vedtak i kommunestyresak 48/24.
Sum	-1 054	
Sum tiltak	-354	

Status investeringsprosjekt

Kommunedirektøren sin stab

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året		Status
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap	
IKT	-	-	4 000	4 113	Iht. plan
Sum	0	0	4 000	4 113	

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	1,51 %	0,47 %	1,97 %

Status sjukefråvær

I sjukefråværsstatistikken er kommunedirektøren sin stab inkludert bibliotek, i tillegg til det som normalt blir omtalt som offentlig administrasjon. Sjukefråværet ligg stabilt på eit lågt nivå, og godt under KS sine tal for offentlig administrasjon frå 2023.

Dei fleste tilsette i kommunedirektøren sin stab arbeider ikkje direkte inn mot innbyggjarar eller brukarar. Eventuelt korttidsfråvær er som regel mindre for denne arbeidstakargruppa, som følge av at ein i periodar kan nytte heimekontor som arbeidsstad ved enkelte sjuketilfelle.

Oppretting av ein ny kommune krev svært mykje frå kvar medarbeidar. Alle tilsette er med og driv eit stort utviklingsprosjekt, på same tid som ein skal drifte kommunen. System, rutinar og arbeidsmetodikk må etablerast, på ein slik måte at ein driftar så optimalt som mogleg. Tilsette kan stå i dette over tid, men dersom spagaten mellom arbeidskapasitet og arbeidsoppgåver blir for stor, er risikoen for auka fråvær høg.

Vi har eit bevisst forhold til oppfølging og våre medarbeidarar skal ha stor grad av autonomi, innanfor rammene av sitt fagfelt. Dette bidreg til psykologisk tryggleik som er særskilt viktig for at vi skal lykkast med fortsatt lågt sjukefråvær.

Livsløp

Beskriving av kommunalområdet

Kommunalområde Livsløp har heilskapleg ansvar for barn, vaksne, familie og integrering og skal støtte opp under innbyggjarar og tenester i eit livsløpsperspektiv. Kommunalområdet skal legge til rette for førebygging og tidleg intervensjon.

Kommunalområdet har særleg ansvar for oppretting av faglege samhandlingsarenaer, i nært samspel med dei andre kommunalområda. Tverrfagleg samarbeid, er eit prioritert område å lukkast med i Haram kommune.

Årsmelding 2024

Utvikling og utfordringar i 2024

Kommunalområde Livsløp vart etablert som eit heilt nytt område i 2024. Dei fleste tenestene måtte byggast opp på nytt, med mange nyttilsette medarbeidarar og leiarar. Trass denne omfattande oppbygginga har vi likevel klart å levere gode tenester til innbyggjarane gjennom heile overgangsfasen. Nokre av tenestene har måtta blitt styrka særleg mykje og rekruttering pågjekk gjennom heile 2024.

Kommunalområdet har hatt sterkt fokus på samarbeid og samhandling både internt og på tvers av andre kommunalområde. Dette fungerer stadig betre. Legemangel er eit generelt problem som mange kommunar opplever å stå i no. I Haram kommune har ein likevel greidd å sikre eit stabilt og godt legetilbod til innbyggjarane heile døgnet, med faste legar, kompetente medarbeidarar og dyktige vikarlegar. Kommunen har og lukkast godt med rekruttering, noko som vil gje ytterlegare styrka effekt i tenesta frå 2025.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Virksomhet	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
2000-Livsløp	11 643	10 632	-1 011	-9,5 %
2050-Koordinering og tildeling	-6 354	-9 926	-3 572	-36,0 %
2100-NAV	12 876	10 170	-2 706	-26,6 %
2300-Lege, fysio og ergo	48 945	23 586	-25 358	-107,5 %
2400-Psykisk helse og rus	18 832	19 509	678	3,5 %
2500-Helsestasjon og jordmor	8 930	10 335	1 404	13,6 %
2600-Pedagogisk fagsenter	7 014	7 530	516	6,9 %
2700-Integrering	11 899	11 288	-611	-5,4 %
2800-Barnevern	15 875	19 537	3 662	18,7 %
2850-Ressursbase	3 805	6 131	2 326	37,9 %
Sum	133 465	108 793	-24 672	-22,7 %

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	107 243	103 496	3 748
Refusjon lønn	-2 424	-6 116	3 691
Sum Lønn	104 819	97 380	7 439
Drift	17 587	40 892	-23 305
Kjøp av produksjon	34 368	37 850	-3 482
Overføringer	1 753	9 299	-7 546
Finansutgifter	0	1 685	-1 685
Sum Utgifter	53 709	89 726	-36 017
Brukerbetaling	-14 780	-15 613	833
Refusjoner	-32 855	-33 995	1 140
Overføringer	-2 100	-101	-1 999
Finansinntekter	0	-3 933	3 933
Sum Inntekter	-49 735	-53 641	3 906
Netto resultat	108 793	133 465	-24 672

Kommentar til status økonomi

Kommunalområde Livsløp hadde meirforbruk i 2024. Hovudårsaka var høge kostnader til vikartenester for legar.

Andre store avvik skuldast:

- Auka utgifter til BPA, lisensar, og feilførte kostnader innan telefon og velferdsteknologi
- Svekka inntekt frå brukarbetaling og statlege refusjonar, m.a. grunna færre ressurskrevande brukarar og færre institusjonsplassar
- Spreidd busetnad og høgt sakstrykk etter kommunedeling har ført til meir bruk av overtid og vikarar

NAV Haram hadde overforbruk grunna press på sosiale tenester, fleire flyktningar og følgene av dyrtid. Samstundes var det mindreforbruk i kvalifiseringprogrammet og løn.

Andre tenester hadde mindreforbruk, hovudsakleg grunna sjukefråvær, vakansar og refusjonar. Nokre tenester fekk prosjektmidlar som ikkje vart tatt i bruk før seint på året.


Oppsummering tiltak

Tiltaka for å tilpasse ramma har vore å redusere kostnader der det har vore mogleg, utsette tiltak og prioritere dei mest alvorlege sakene. Tenestene har i stor grad halde forsvarleg drift, men med nøktern bruk av ressursar.


For å redusere bruken av vikarbyrå framover, har det blant anna blitt sett i gong tiltak for rekruttering av fleire fastlegar.

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse - Barnevern

	Haram 2023	Haram 2024	Giske	Ålesund	Herøy (M. og R.)	Ørsta	Volda	Kostragruppe 01
Prioritet								
Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak *)		313 830	277 214	387 516	185 161	191 900	284 058	337 449
Netto driftsutgifter per innbygger (244) barnevernstjeneste (B) *) **)		1 094	1 104	895	1 034	1 390	1 213	1 237
Dekningsgrad								

Årsmelding 2024

Andel barn med barnevernstiltak pr 31.12 ift. innbyggere 0-17 år	2,0 %	1,7 %	1,7 %	3,5 %	3,0 %	2,1 %	2,6 %
--	-------	-------	-------	-------	-------	-------	-------

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Kostra-analyse - Kommnehelse

	Haram 2023	Haram 2024	Giske	Ålesund	Herøy (M. og R.)	Ørsta	Volda	Kostragruppe 01
Prioritet								
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommnehelse (B) *) **)	0	5 686	3 927	4 227	5 222	4 006	3 991	4 597
Dekningsgrad								
Ergoterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (kommnehelse+omsorg) (årsverk)		1,1	3,2	4,3	3,1	6,3	4,8	3,7
Hjemmebesøk nyfødte Andel barn (prosent)		100,0 %	90,5 %	100,3 %	110,3 %	98,9 %	99,1 %	93,4 %
Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)		9,0	3,5	6,9	7,4	8,6	7,8	7,7
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241		12,2	12,4	12,2	15,5	15,4	14,0	11,0
Kvalitet								
Andel pasienter på liste uten lege		27,9 %	8,4 %	5,6 %	9,7 %	6,8 %	0,0 %	6,3 %
Gjennomsnittlig listelengde		692,0	785,0	1 069,0	768,0	706,0	836,0	853,0

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Kostra-analyse - Sosiale tjenester

	Haram 2023	Haram 2024	Giske	Ålesund	Herøy (M. og R.)	Ørsta	Volda	Kostragruppe 01
Prioritet								
Netto driftsutgifter i prosent 242 råd veiledning og sosialt forebyggende arbeid (B)		1,7 %	1,1 %	1,2 %	3,1 %	1,5 %	0,5 %	1,6 %
Netto driftsutgifter per innbygger (243) tilbud til personer med rusproblemer (B) *) **)		304	338	772	265	293	271	152
Netto driftsutgifter per innbygger (275) introduksjonsordningen (B) *) **)		679	661	803	1 045	1 423	3 340	1 590
Netto driftsutgifter per innbygger (281) økonomisk sosialhjelp (B) *) **)		956	1 655	1 613	2 592	2 056	2 698	1 993
Produktivitet								
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B) *)		39 734	45 099	55 209	72 428	64 635	66 924	60 340
Dekningsgrad								
Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B)		22,3 %	17,8 %	32,0 %	33,9 %	41,7 %	47,9 %	35,4 %
Andelen sosialhjelpsmottakere 18-24 år, av innbyggerne (19)-24 år (B)		4,3 %	4,2 %	4,5 %	6,2 %	4,5 %	5,1 %	5,9 %
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 18-66 år (B) **)		4,1 %	6,2 %	4,8 %	7,3 %	5,4 %	6,5 %	6,9 %
Gjennomsnittlig stønadslengde for mottakere med sosialhjelp som hovedinntekt (måneder)		4,3	4,9	5,9	5,3	5,6	5,6	5,7

Årsmelding 2024

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Kostranalyse - Flyktninger og integrasjon

	Haram 2023	Haram 2024	Giske	Ålesund	Herøy (M. og R.)	Ørsta	Volda	Kostragruppe 01
Andre nøkkeltal								
Flyktninger - Vedtak om bosetting - Prosent av anmodning (B)		70,0 %	65,0 %	61,0 %	100,0 %	72,0 %	76,9 %	74,2 %
Tilskudd fra IMDi (kr)	0	24 961 566	25 410 464	202 470 420	68 151 516	61 273 934	94 277 479	1 513 866 763

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving
Nye tiltak		
Justering ramme helsestasjon og jordmor	-170	Ferdig Helsestasjonen har et midreforbruk og ein klarte tiltak.
Sum	-170	
Politisk vedtak		
Flatt kutt ca 2,5 prosent	-2 800	Ferdig Livsløp klarte ikkje å gjennomføre eit flatt kutt på 2,5 % i ramma. Vi hadde eit overforbruk på 25,6 mill og dermed klarte vi ikkje innsparinga.
Sum	-2 800	
Sum tiltak	-2 970	

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	2,93 %	6,00 %	8,93 %

Status sjukefråvær

Sjukefråværet i 2024 har variert mellom tenestene, men ligg samla sett på eit nivå som er frå moderat til høgare enn forventa. Det er særleg langtidsfråvær som har bidrege til høge fråværstal i enkelte tenester, medan korttidsfråværet gjennomgåande har vore lågt.

Tiltak for å redusere sjukefråvær og fremje nærvær har vore blant anna:

- Tilrettelegging av arbeidsoppgåver og arbeidstid
- Tett individuell oppfølging og dialog
- Felles møte med fastlege og NAV
- Fokus på HMS, arbeidsmiljø og psykologisk tryggleik
- Bruk av vikarar der dette har vore mogleg og hensiktsmessig
- Ekstern rettleiing og interne prosessar for å identifisere belastningsfaktorar

I fleire einingar har desse tiltaka hatt positiv effekt, og sjukefråværet har gått ned mot slutten av året.

Livsløp

Beskriving av tenesteområde

Fagstaben i kommunalområde livsløp har fire tilsette, inkludert kommunalsjefen. Til saman har desse ansvar for fagutvikling, kvalitet, kompetansestyring og FoU i området. Hovudoppgåvene er oppfølging av dei andre tenesteområda, sakshandsaming og forvaltningsoppgåver. I tillegg har fagstaben i livsløp eit særleg ansvar for å bidra til samhandling og samskaping i, og på tvers av, kommunalområda.

Ein av rådgivarane i fagstab er Haram kommune sin SLT-koordinator. SLT står for “samordningsmodell for lokale, førebyggjande tiltak mot rus og kriminalitet”. Målet med SLT er at barn og unge i Haram skal få rett hjelp til rett tid, av eit hjelpeapparat som samarbeider godt på tvers av tenester og faggrupper. Modellen skal sørge for å koordinere kunnskap og ressursar mellom politi og relevante kommunale tenester. Også næringsliv og frivillige organisasjonar høyrer med i dette nettverket.

Inn under fagstaben ligg også:

- Barn og unge sin representant i plan- og byggesaker
- Administrering av psykososialt kriseteam
- Barnehagemynde
- Kommuneoverlege
- Miljøretta helsevern

Barnehagemynde har som oppgåve å fatte vedtak om godkjenning av barnehagar, behandle søknader om dispensasjonar, finansiere private barnehagar samt andre myndigheitsoppgåver som følger av barnehagelova med forskrifter. Barnehagemynda kan gi pålegg om å retting av ulovlege eller uforsvarlege tilhøve ved godkjente eller godkjenningspliktige verksemder. Avgjerda om å gje pålegg om retting av uforsvarlege forhold skal fungere som ein sikkerheit og fange opp tilhøve som ikkje er direkte regulert i barnehagelova, men som kan føre til uforsvarleg tilhøve for barna sin trivsel, leik, læring og utvikling i barnehagane.

Utvikling og utfordringar i 2024

Fagstaben har brukt mykje tid på å bli godt kjent med tenestene, etablere gode samarbeidsstrukturar og arbeide med omfattande planoppgåver, det første året. Staben har følgd opp tenesteområda tett og utført sakshandsaming og ulike forvaltningsoppgåver. Sentrale ansvarsområde har vore fagutvikling og kvalitetsarbeid. Samhandling og samskaping internt og på tvers av kommunalområda har hatt høg prioritet. Andre viktige oppgåver har vore knytte til SLT-arbeid, administrering av psykososialt

Årsmelding 2024

kriseteam, barnehagemynde, kommuneoverlegefunksjonen og miljøretta helsevern. Utfordringane framover er særleg knytt til å sikre vidare utvikling av gode og effektive samarbeidsrutinar.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	5 049	4 503	546
Refusjon lønn	-1 278	0	-1 278
Sum Lønn	3 771	4 503	-732
Drift	3 901	3 903	-2
Kjøp av produksjon	4 460	5 841	-1 381
Overføringer	0	152	-152
Sum Utgifter	8 361	9 895	-1 534
Brukerbetaling	0	-15	15
Refusjoner	0	-853	853
Overføringer	-1 500	0	-1 500
Finansinntekter	0	-1 887	1 887
Sum Inntekter	-1 500	-2 755	1 255
Netto resultat	10 632	11 643	-1 011

Kommentar til status økonomi

Tenestekområdet har eit meirforbruk på kr 1 011 010.

Løn viser eit meirforbruk på kr 732 000. Dette kjem av at sjukerefusjonane vart budsjetterte sentralt i staben, men faktisk gjekk ut til dei enkelte tenestene.


Utgifter viser eit meirforbruk på kr 1 500 000. Dette skuldast ekstra kostnader knytte til tilrettelegging etter barnehagelova § 37 og transportvedtak etter § 36, som ikkje var teke høgde for i budsjettet for 2024.

Inntekter viser eit mindreforbruk på kr 1 200 000. Dette kjem av statlege refusjonar som heller ikkje var inkluderte i budsjettet for 2024.


Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2024



Detaljvisning drift (graf)



Koordinering og tildeling

Beskriving av tenestoområde

Koordinering og tildeling har som oppgave å gi informasjon, råd og rettleiing, sakshandsame søknader og fatte enkeltvedtak etter Helse- og omsorgstenesteloven. Mange av vår brukarar har behov for samansette tenester, og vi har eit koordineringsansvar for dette. Avdelinga består av sakshandsamarar og ein barnekoordinator. Barnekoordinator har ansvar for oppfølging av barn og familiar som har, eller ventar barn, med alvorleg sjukdom/funksjonsnedsetting der det er behov for å koordinere tenestene rundt barnet og familien. Koordinering og tildeling er også ein del av Haram kommune si koordinerande eining som skal sikre heilskapleg tilbod til personar med behov for habilitering og rehabilitering.

Årsmelding 2024

Eit viktig mål er å gi god kvalitet og behandling til den enkelte innbyggjar som søker om tenester. Tenester vert tildelt etter ei individuell vurdering med fokus på brukarmedverknad, dialog og samhandling. Tildelinga tar utgangspunkt i å fordele eksisterande ressursar best mogleg.

Utvikling og utfordringar i 2024

Gjennom 2024 har koordinering og tildeling vore gjennom ein stor utviklingsprosess. Frå å vere ei teneste med mange nye tilsette, både sakshandsamarar og barnekoordinator, har vi blitt ei teneste som er på god veg mot å opparbeide kompetanse og erfaring innan sakshandsaming og å tildele tenester med utgangspunkt i eksisterande ressursar på best mogleg måte. God kvalitet og behandling til den enkelte innbyggjar som søker om tenester er målet. Utfordringa har vore å etablere dei ulike tilbod, slik at det blir sett inn rett tilbod på rett nivå.

Vi har tett samhandling med dei ulike tenestemråda i kommunen og arbeider heile tida for å systematisere flyt og samhandling mellom dei ulike tenestene.

Barnekoordinator er ei nyoppretta stilling etter lovendringa som tredde i kraft hausten 2022. Gjennom barnekoordinatoren har ein sikra at barn og familiar som har behov, får den koordineringa dei treng. Barnekoordinator har som oppgåve å sikre samhandling og koordinering både internt i kommunen, men også med spesialisthelsetenesten. Haram sin barnekoordinator har i 2024 deltatt på ulike nettverk i regi av Statsforvaltar og helseforetaket. Definerings av barnekoordinator si rolle og oppgåver, etter lovendringa, er ein kontinuering prosess både internt i kommunen, men også på nasjonalt nivå.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	9 819	9 707	112
Refusjon lønn	0	-546	546
Sum Lønn	9 819	9 161	658
Drift	1 138	2 043	-905
Kjøp av produksjon	9 935	11 309	-1 374
Overføringer	0	355	-355
Sum Utgifter	11 073	13 707	-2 634
Brukerbetaling	-12 100	-10 968	-1 132
Refusjoner	-18 418	-17 553	-865
Overføringer	-300	0	-300
Finansinntekter	0	-701	701
Sum Inntekter	-30 818	-29 221	-1 597
Netto resultat	-9 926	-6 354	-3 572

Kommentar til status økonomi

Tenestemrådet hadde i 2024 eit meirforbruk som skuldast auka utgifter på private BPA-leverandørar, mindre inntekter på institusjonsplassar og refusjon på ressurskrevande brukarar.

Oppsummering tiltak


I løpet av 2024 har vi fått oversikt over kostnader når det gjeld private BPA-leverandørar. Vi ser også på alternative tenester for å utnytte ressursane betre.

Årsmelding 2024

Kompetanseheving av sakshandsamarar og barnekoordinator for å sikre gode faglege vurderingar og tildele tenester på rett nivå, har vore viktig.

Omgjering av om lag 15 heildøgnsbemanna bustadar til institusjonsplassar.

Jobbe systematisk med å få oversikt over ressurskrevande brukarar slik at vi sikrar at alle vert tatt med.

Grafar Økonomi***Driftsutgifter og inntekter (graf)******Detaljvisning drift (graf)***



Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	1,27 %	0,41 %	1,68 %

Status sjukefråvær

Tenestemrådet har som forventa eit lågt sjukefråvær.

NAV

Beskriving av tenestemråde

Årsmelding 2024

Nav er eit partssamarbeid mellom stat og kommunen. Kommunen har ansvar for dei sosiale tenestene i NAV-kontoret.

Sosialtenesta skal i følge sosialtenesteloven:

- Gi opplysning, råd og rettleiing som kan vere med på å løyse eller førebygge sosiale problem.
- Fremme økonomisk og sosial tryggleik.
- Betre levevilkåra for vanskelegstilte.
- Bidra til auka likeverd og likestilling og førebygge sosiale problem.
- Bidra til at den enkelte får moglegheit til å leve og bu sjølvstendig og til å ha eit aktiv og meningsfylt tilvære i fellesskap med andre.
- Ha kvalifiseringsprogram for personar i yrkesaktiv alder som har vesentleg nedsett arbeids- og inntektsevne, som gir rett til kvalifiseringsstønad.

Utvikling og utfordringar i 2024

Nav Haram jobbar målretta med å få fleire arbeid og færre på ytingar. Vi har derfor i 2024 etablert felles arenaer for marknadsarbeid med både lokalt næringsliv og samarbeidspartar i kommunen. Målsetjinga er at fleire får ei stabil tilknytning til arbeidslivet gjennom auka fokus på utdanning og kvalifisering. Kontoret er derfor ein aktiv bidragsytar i ulike prosjekt i samarbeid med Haram vidaregåande skule og Haram kommune der formålet er å sikre fleire moglegheita til å nå mål om fagbrev.

Kontoret har i same periode fått tildelt prosjektmidlar frå statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Prosjekt moglegheitskoordinator har til hensikt å følgje opp utsette barnefamiliar med å sikre ein trygg økonomi, formålstenleg arbeid eller aktivitet og forhindre utanforskap.

Det har i 2024 vorte nytta mykje tid på å etablere system og rutinar for å få tenesta til å fungere. Det har i same periode vore eit stort press på dei sosiale tenestene ved kontoret som har medført auka saksgang og ekstra belastninga på dei tilsette. Fokuset på å etablere fleire samarbeid på tvers av tenestene i kommunen har derfor vert eit viktig arbeid i møte med utfordringane. Dette vil derfor vere eit vidare satsingsområde for kontoret for å skape nye og betre tenester til innbyggerene i Haram.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	5 042	4 482	560
Refusjon lønn	0	-371	371
Sum Lønn	5 042	4 111	931
Drift	400	343	57
Kjøp av produksjon	1 978	2 091	-113
Overføringer	2 900	6 894	-3 994
Finansutgifter	0	689	-689
Sum Utgifter	5 278	10 017	-4 739
Refusjoner	-150	-862	712
Overføringer	0	-100	100
Finansinntekter	0	-290	290
Sum Inntekter	-150	-1 253	1 103
Netto resultat	10 170	12 876	-2 706

Kommentar til status økonomi

Årsmelding 2024

Årsrekneskapen til NAV Haram viser eit meirforbruk på 2,7 millionar kroner. Årsaka til meirforbruket er knytt til stort press på dei sosiale tenestene.

Det har i 2024 vorte busett mange nye flyktningar i Haram i tillegg til etableringa av asylmottak for einslege mindreårige. På grunn av høgt kompetanse- og språkkrav hos arbeidsgivarar har det teke lengre tid å få flyktningar i arbeid. Spreidd busetting i kommunen har også ført til at fleire flyktningar har stått passive i påvente av oppstart av introduksjonsprogrammet.

Årsrekneskapen viser samtidig eit mindreforbruk i budsjetterte lønnsmidlar. Årsaka er mindreforbruk av plassar i kvalifiseringsprogrammet (KVP) som har medført mindre lønnsutbetaling gjennom året.

Oppsummering tiltak

Moglegheitskoordinator

“Prosjekt Moglegheitskoordinator” har som mål å jobbe tettare med utsette barnefamiliar og sørge for auka deltaking i samfunnet gjennom arbeid, aktivitet og trygg økonomi. Det er forventa at prosjektet vil ha positiv innverknad på både sosialbudsjettet, utviklinga av tenestene til NAV-kontoret og ikkje minst familiene det gjeld.

Samarbeid med verksemd integrering

Det har vore jobba tett med samarbeid rundt nye flyktningar i 2024. Ein har som mål å jobbe endå tettare for å kunne tilby hybridmodellar av språkopplæring i kombinasjon med arbeidsrelatert aktivitet i 2025 slik at ein kjem raskt i gang med introduksjonsprogrammet og sikrar rask overgang til arbeid.

Gjeldsrådgiving

NAV Haram har som mål å kunne jobbe meir førebyggjande rundt økonomisk rettleiing og gjeldsrådgiving til både samarbeidspartar og innbyggjarar. Slik kan ein unngå at fleire set seg i ein vanskeleg økonomisk situasjon og må søke hjelp frå NAV.

Arbeidsmarknadskompetanse


Eitt av tiltaka som vart tidleg etablert i 2024, var felles marknadsmøter med verksemd integrering, der marknadsrådgivar frå NAV og næringssjef frå kommunen er faste deltakarar.

NAV Haram har også i samarbeid med næringssjefen i kommunen, og i dialog med lokalt næringsliv, etablert fire faste næringstreff gjennom året for å auke kjennskap og samarbeidet mellom NAV og lokale bedrifter. Det er forventa at dette tiltaket vil halde fram med å bidra til å få fleire i arbeid og færre på ytingar frå NAV.


Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2024



Detaljvisning drift (graf)



Lege, fysio og ergo

Beskriving av tenesteområde

Tenesta er ei verksemd for førebyggjande tenester og har som overordna målsetting å bidra til at kvar enkelt innbyggjar i kommunen kan leve mest mogleg sjølvstendig og ha ein aktiv og meningsfylt kvardag uavhengig av alder og funksjonsnivå. Tenesteområdet har også ansvar for fastlegeordninga og drift av kommunale legekontor, sjukeheimslegefunksjonar m.m.

Legetenester drift Haram kommune

Kommunen har tolv heimlar. To privatpraktiserande og ti fast kommunalt tilsette fastlegar. Kommunen driftar tre legekontor:

Årsmelding 2024

- Brattvåg legekantor 6 legar
- Vatne legekantor 4 legar
- Haramsøy legekantor 2 legar

Haram kommune deltek i interkommunalt legevakt samarbeid og kjøper tenester hjå andre kommunar knytt til legevakt, overgrepsmottak og øyeblikkeleg hjelp døgnavdeling (ØHD)

Fysio og ergo

I Haram kommune har det i 2024 vore følgande dekning innanfor tenestene fysio og ergo (pr. 10000 innbyggjarar):

- Fysioterapeutar med driftsavtale 5,10 (5 heimlar)
- Fastlønnte fysioterapeutar 3,57 (3,5 årsverk)
- Ergoterapeutar 1,9 (2 årsverk)

Utvikling og utfordringar i 2024

Gjennom året har tenesteområdet hatt stort fokus på tenestekvalitet, fagleg utvikling og organisatorisk tilpassing for å møte behova i befolkninga på ein heilskapleg og berekraftig måte. Tenesteområdet er framleis i ein fase der ein har behov for å bli kjent, etablere gode arenaer for samhandling og rutinar. I 2024 fekk tenesteområdet ny organisering med ein tenesteleiar, ein avdelingsleiar for helsestasjon, ein avdelingsleiar for fysio- og ergo og ein avdelingsleiar for legetenestene. Den nye strukturen skal sikre tydleg ansvar, styrke samhandling mellom fagområda og kommunalområda, internt og eksternt.

Legetenestene

Legetenestene har arbeidd målretta med å utvikle ein legeplan som skal sikre innbyggjarane ei god og samanhengande legeteneste. Planen tek høgde for framtidige utfordringar knytt til rekruttering, kontinuitet og samhandling, og legg grunnlaget for ei strukturert og kvalitetsretta legeteneste i kommunen.

I tillegg har det vore arbeidd aktivt med rekruttering av nye fastlegar til legetenesta for å sikre eit forsvarleg tilbod til innbyggjarane. Målet er framleis å oppretthalde gode allmennlegetenester for befolkninga og sikre kvalitet og kontinuitet i pasientbehandlinga.

Fysioterapi- og ergoterapi tenesta

Fysioterapi- og ergoterapitenesten har i løpet av året utarbeidd ein samla fysio- og ergoterapiplan. Planen beskriv mål og strategiar for å styrke førebyggjande og rehabiliterande arbeid, og legg vekt på tidleg innsats, tverrfagleg samarbeid og brukarmedverknad. Dette arbeidet skal bidra til betre funksjon og meistring i kvardagen for både barn, vaksne og eldre.

Velferdsteknologi

Velferdsteknologi er både viktig og eit aktuelt verktøy for å støtte innbyggjarane i å meistre eigen kvardag og kunne bu trygt heime lengre. Målet med å ta i bruk velferdsteknologi er å bidra til at innbyggjarane opplever å vere meir sjølvstendig, betre kvaliteten på tenestene og kunne gi meir tilpassa oppfølging av individuelle behov. I 2024 har ein hatt fokus på opplysningsarbeid inn mot befolkninga i form av kurs til blant anna dei lokale pensjonistlaga. I tillegg har ein hatt fokus på kompetanseheving for tilsette i organisasjonen om bruk av velferdsteknologi.

Årsmelding 2024

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	22 467	24 267	-1 800
Refusjon lønn	0	-925	925
Sum Lønn	22 467	23 342	-875
Drift	5 927	26 237	-20 310
Kjøp av produksjon	11 747	13 435	-1 688
Overføringer	32	899	-867
Finansutgifter	0	0	0
Sum Utgifter	17 706	40 572	-22 865
Brukerbetaling	-2 620	-4 588	1 968
Refusjoner	-13 967	-10 206	-3 761
Finansinntekter	0	-174	174
Sum Inntekter	-16 587	-14 969	-1 618
Netto resultat	23 586	48 945	-25 358

Kommentar til status økonomi

Årsresultatet viser eit vesentleg meirforbruk på 25 millionar kroner. Hovudårsaka er auka kostnader knytt til bruk av vikarbyrå for legar i tillegg til mindre refusjonsinntekter og brukarbetaling.


Oppsummering tiltak

Det har vore gjennomført ein omfattande rekrutteringsprosess i 2024 for å tilsette nye fastlegar. Legesenterdrifta er kompleks, og for å sikre stabilitet og kvalitet er rekruttering av nye legar eit kontinuerleg arbeid.



Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2024

*Detaljvisning drift (graf)*

Årsmelding 2024

**Sjukefråvær****Fråvær**

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	2,50 %	2,25 %	4,76 %

Status sjukefråvær

Tenestemrådet har eit stabilt og forventa sjukefråvær. Det er ulike årsaker knytt til kort- og langtidsfråværet i tenesten. Leiar følger tett opp i høve tilsette som står i fare for eller er sjukmeldt.

Psykisk helse og rus

Beskriving av tenesteområde

Tenesteområde psykisk helse og rus består av fleire tilbod. Ressursbasen er kommunen sitt psykiske helseteam for barn/unge 0-18 år og familieane deira. Tenester til vaksne er Oasen aktivitet, rusteamet, psykisk helseteam, miljøterapeutisk team og Dalebu samlokaliserte bustader. Alle tenestene tilbyr individuell oppfølging og også gruppeoppfølging og kurs.

Målgruppa er barn/familiar som har utfordringar knytt til kommunikasjon, relasjonar, psykisk helse hos barnet/ungdomen, eller andre problemstillingar som ein står i, samt vaksne som har utfordringar knytt til psykisk helse og/eller rus. Tilboda vert individuelt tilpassa og er avhengig av behov. Det kan t.d vere endringsfokuserte samtalar der vi saman finn aktuell målsetting og kva som er viktig for den enkelte, nettverksarbeid/samarbeid med pårørande, bistand med struktur og planlegging i kvardagen, miljøterapi med fokus på meistring, samhandling med andre aktuelle instansar og koordinering av individuell plan, samt oppfølging av livskriser/krisesituasjonar.

For å kome i kontakt med tenestene, kan ein ta direkte kontakt. Tenester frå miljøterapeutisk team og bustad på Dalebu, må søkast om gjennom koordinering og tildeling.

Utvikling og utfordringar i 2024

Tenesteområdet omfattar psykisk helseteam, rusteam, samt miljøterapeutisk team, Oasen og Dalebu. Også tiltaket "Garden" låg under tenesteområdet, men dette vart avvikla til sommaren 2024.

Fokuset i starten av 2024 var å reetablere tenestene. Den største utfordringa var å finne dei nye rollene, samhandlingsarenaer og sette nivået på tenestene. Vi hadde mange vakansar, og det tok tid å få på plass naudsynte ressursar. Vi jobba likevel parallelt med å utvikle tenestene, der det har vore særleg fokus på å sjå psykisk helse/rus i eit livsløpsperspektiv ved at psykisk helse/rus og ressursbasen no har felles tenesteleiar. Vi har også jobba med å tydeleggjere ei innsatstrapp og sikre overgangen mellom dei ulike trinna i trappa. Ein del av dette har vore å utvikle meir lavterskeltilbod innan psykisk helse for vaksne og vi har bl.a avvikla krav om vedtak på psykiske helsetenester. Vidare har det vore etablert fleire kurstilbod, t.d "Tankeviruskurs" og KiB (Kurs i belastningsmestring). Det har vore jobba med å ha større fokus på at innbyggjarar i større grad skal motta ambulante tenester og slik kunne bu heime i størst mogleg grad. Det inneber å utvikle fleksible løysingar slik ein får den hjelpa ein har behov for når ein har behov for den.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000


	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	20 984	19 364	1 620
Refusjon lønn	-320	-1 457	1 137
Sum Lønn	20 664	17 906	2 758
Drift	954	934	20
Kjøp av produksjon	0	121	-121
Overføringer	-2 109	89	-2 198
Sum Utgifter	-1 155	1 144	-2 299
Brukerbetaling	0	-40	40
Refusjoner	0	-178	178
Overføringer	0	-1	1
Sum Inntekter	0	-219	219
Netto resultat	19 509	18 832	678

Kommentar til status økonomi

Tenesta hadde i 2024 eit mindreforbruk på 677 646 kroner som i hovudsak skuldast vakanse/sjukefråvær/foreldrepermisjonar og påfølgjande mindreforbruk på lønn, samt meir inntekter på refusjonar i forhold til lønn.


Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)

Årsmelding 2024

**Sjukefråvær****Fråvær**

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	3,83 %	9,21 %	13,04 %

Status sjukefråvær

Tenesten har eit samla sjukefråvær på 13,04 %. Det er ulike og samansette årsaker til sjukefråværet og vi er i dialog med tilsette for å sette i verk dei tiltaka som er naudsynt for å redusere fråværet.

Helsestasjon og jordmor

Beskriving av tenesteområde

Helsestasjon for Haram kommune har hovudkontor ved tenestehuset i Brattvåg. Helsestasjon tilbyr også tenester på Haramsøy og på Vatne, som er bemanna med helsesjukepleiar for helsestasjon 0-5 x 1 pr veke + skulehelseteneste etter behov. Ved helsestasjonen i Brattvåg har vi også Helsestasjon for ungdom kvar torsdag og jordmorteneste med dagleg svangerskapsomsorg.

I tillegg leverer vi tenester til ni barneskular, tre ungdomsskular og éin vidaregåande skule.

Utvikling og utfordringar i 2024

Helsestasjonen har halde fram med å levere tenester til barn, unge og familiar, med vekt på tryggleik, tilgjenge og låg terskel for kontakt. Tenesta har vore aktivt involvert i tverrfaglege samarbeid, særleg i møte med barn og familiar med samansette behov. I tillegg har helsestasjonen vore styrka i forhold til arbeid med flyktning helseteneste og smittevern.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	8 587	8 249	338
Refusjon lønn	-253	-474	221
Sum Lønn	8 334	7 775	559
Drift	2 321	2 381	-60
Overføringer	0	26	-26
Sum Utgifter	2 321	2 406	-86
Brukerbetaling	0	-2	2
Refusjoner	-320	-1 250	930
Sum Inntekter	-320	-1 251	931
Netto resultat	10 335	8 930	1 404

Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet har halde seg innanfor ramma. Vi har fått meir inntekter enn budsjettet, noko som er knytt til prosjektmidlar frå staten.


Oppsummering tiltak

Gjennom 2024 har vi vore nøkterne med omsyn til innkjøp, og har hatt god budsjettkontroll.


Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2024

*Detaljvisning drift (graf)*

Årsmelding 2024

**Sjukefråvær****Fråvær**

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	2,91 %	1,89 %	4,80 %

Status sjukefråvær

Samla er sjukefråværet relativt lågt i tenesta. Det har derfor ikkje vore behov for å sette i verk særskilde tiltak.

Pedagogisk fagsenter

Beskriving av tenesteområde

Pedagogisk fagsenter tilbyr støtte og rettleiing til barn, unge og voksne, barnehagar, skular, vaksenopplæring og andre kommunale tenester i tett samarbeid med familien. Målet er å fremme utvikling og læring, samt sikre tilpassa opplæring og hjelp ved behov.

Tenester inn under pedagogisk dagsenter er:

- Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT). PPT bidreg med sakkunnig vurdering, rettleiing og rådgjeving til barnehagar, skular, foreldre og elevar. Tenesta skal sikre at barn og unge får eit opplæringsstilbod tilpassa evner og føresetnader.
- Kommunal logoped for barn og unge (0–16 år). Logopeden tilbyr hjelp til barn og unge med utfordringar innan språk, tale, stemme og kommunikasjon. Tilbodet vert tilpassa kvar enkelt sitt behov.
- Styrka barnehagetilbod:
Det spesialpedagogiske teamet følger opp barn som har vedtak om spesialpedagogisk hjelp i barnehagen. Tilbodet vert gitt i samarbeid med føresette og barnehagen.

Utvikling og utfordringar i 2024

Pedagogisk fagsenter har i 2024 vidareført sitt arbeid med å levere spesialpedagogiske tenester til barn og unge i barnehage og skule. Gjennom systematisk samarbeid med barnehagar, skular og føresette har tenesta bidrege til styrka kvalitet i opplærings- og utviklingsarbeidet. Tenesta har òg hatt ei aktiv rolle i kompetanseutvikling i oppvekstområdet, gjennom fleire prosjekt og som deltakar i fleire forum.

Pedagogisk fagsenter er ein sentral aktør i arbeidet med førebygging, systemretta utvikling og tidleg innsats i barnehage og skule. Tenesta har lagt stor vekt på å styrke læringsmiljø og arbeide med fellesskapet framfor individretta tiltak. Dette føresett kontinuerleg fagleg oppdatering innan ny forskning, metodar, testverktøy og didaktiske løysingar.

Gjennom året har tenesta arbeidd målretta med å vidareutvikle tilbodet i tråd med kommunale og nasjonale føringar, med særleg vekt på inkluderande praksisar og tidleg innsats. Trass i høg fagleg kvalitet i arbeidet, har 2024 vore prega av utfordringar knytt til vakansar innan logopedtenesta, ped.psyk. rådgivar og spesialpedagog ressursar som har påverka kapasiteten i periodar. Leiar har måtta tatt over fleire faglege oppgåver, noko som har avgrensa høve for strategisk utviklingsarbeid. Likevel vert tenesteutviklinga samla sett vurdert som positiv, med gode tilbakemeldingar frå samarbeidspartnarar og føresette, med måloppnåing på sentrale område og ei tydeleg retning for vidare styrking av tilbodet. For å møte auka krav og sikre høg kvalitet i tenestene framover, er strategisk satsing på fagleg utvikling for logoped, spesial-pedagogar og ped.psyk.rådgivarar avgjerande for framtidig kapasitet og relevans.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	7 968	7 075	893
Refusjon lønn	-573	-453	-120
Sum Lønn	7 395	6 622	773
Drift	135	356	-221
Kjøp av produksjon	0	324	-324
Overføringer	0	54	-54

Årsmelding 2024


	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Sum Utgifter	135	734	-599
Refusjoner	0	-145	145
Finansinntekter	0	-197	197
Sum Inntekter	0	-341	341
Netto resultat	7 530	7 014	516

Kommentar til status økonomi



Tenesteområdet har mindreforbruk totalt. Dette skyldes en del vakanser og refusjoner for NAV som har bidratt til noko mindreforbruk i høve lønn og auka inntekter.

Oppsummering tiltak

Tiltak for betra periodisering og tettare kontroll med tenestekjøp er iverksette. Utover desse forholda er drifta tilpassa den økonomiske ramma.

Grafar økonomi**Driftsutgifter og inntekter (graf)****Detaljvisning drift (graf)**

Årsmelding 2024



Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	3,23 %	1,48 %	4,71 %

Status sjukefråvær

Tenesta har hatt lavt sjukefråvær i 2024. Dette er knytt til målretta arbeid med arbeidsmiljø, tidleg oppfølging av sjukmelde og aktiv involvering av tilsette i utviklingsprosessar internt i tenesta.

Integrering

Beskriving av tenesteområde

Tenesteområde integrering omfattar både flyktning, vaksenopplæring og spesialundervisning for vaksne. I tillegg til tenesteleiar som har det overordna ansvaret, har området to sosionomar, ein erfaringskonsulent som sjølv er flyktning og ukrainsktalande, tre adjunktar, ein lektor som arbeider med spesialundervisning og ei 30% lærarstilling som er delt i to like delar mellom spesialundervisning og norsk. Til saman er vi eit arbeidsfellesskap som har tru på det vi gjer og den integrerte måten vi jobbar på i fellesskap.

Målsettinga til tenesteområdet er å styrke flyktningane si moglegheit til å bli sjølvstendige og aktive deltakarar i samfunnet på lik linje med andre borgarar, hjelpe til med auka kvalifisering til arbeid eller utdanning og legge til rette for ei god og positiv integrering i lokalsamfunnet gjennom busetting, rettleiing, miljøarbeid og introduksjonsprogram.

Hovudoppgåvene til tenesteområdet er:

- Busetting av flyktningar i samsvar med gjeldande vedtak
- Praktisk hjelp og vegleiing
- Sette i verk og koordinere introduksjonsprogram
- Bidra med norskopplæring, og kvalifisering for utdanning og arbeid
- Arbeide for god integrering og samarbeide med frivilligheita

Utvikling og utfordringar i 2024

Tenesteområde integrering i Haram kommune hadde sin oppstart 01.01.2024, og vi har brukt dette året til å bygge opp tenesta med tanke på både innhald og personell.

Vi er samlokalisert på det som er gamle sjukeheimen i Dalevegen i Brattvågen. Dette er bra for samordning av norskopplæringa og introduksjonsprogrammet, samt at det styrker tverrfagleg samhandling. I tillegg er tett samarbeid med NAV Haram svært viktig, og ressursar er brukt for å halde ein god dialog med tanke på å få deltakarane våre ut i praksis og arbeid.

Dagleg kontakt og kjennskap til deltakarar og medarbeidarar gir betre heilskapleg forståing og treffsikre tiltak som gjer at det blir eit meir heilskapleg introduksjonsprogram. I fellesskap ser vi heile mennesket og det som påverkar progresjon, motivasjon, trivsel og moglegheiter for arbeid.

Noko av innhaldet og måten å arbeide på har vi teke med oss frå integreringsavdelinga i gamle Haram som var i drift frå hausten 2017 til nyttår 2019. Utvikling i saksområdet krev sjølvstendige og at ein må tenke både nytt og «smartare». Krav og rammer endrast, og tenesteområdet må følge opp dette. I alt utviklingsarbeid vil det vere eit element av prøving og feiling, men vi har heile tida arbeidd mot måla våre.

Vedtaket i kommunestyret om å ta imot inntil 70 flyktningar i 2024 gjorde at de vart behov for fleire tilsette. I løpet av året vart den eine flyktningkonsulenten vår kollega med ein nytilsett flyktningkonsulent og ein erfaringskonsulent. Ein lærar vart tilsett i januar og ein i august. Det er svært viktig at avdelinga er av ein viss storleik for å sikre fagmiljø og differensiert undervisning.

Det vart busett netto 53 flyktningar i Haram kommune i 2024. Dette var ei sterk auke mot kva som hadde vore vanleg dei siste åra. Til samanlikning vart det busett 26 flyktningar i 2023, 13 i 2022 og 5 i 2021 i Haram kommune.

Årsmelding 2024

Tenestekområde for integrering følger opp totalt om lag 100 flyktningar i løpet av integreringsperioden på fem år.

Spreidd busetting

Busettinga i 2024 har i tråd med kommunestyrevedtak vorte spreidd på ulike delar av kommunen. Ved kvar busetting har det vorte gjort ei heilskapleg vurdering av tenestekapasitet og individuelle behov for å sikre at busettinga vart treffsikker og tilpassa. Det har vore ei utfordring å finne passande bustad ikkje minst med tanke på storleik på bustadane og aukande leigeprisar. Det er til slutt mange variablar som skal gå ihop.

Ei anna utfordring er at nokre flyktningar vel å flytte innan kommunen. Vi har sterkt frårådd dette m.a. fordi det har vorte lagt gode og omfattande planar for tilpassing av tilbod til dei einskilde flyktningane. Tenestekområdet kan likevel ikkje nekte dei å flytte innan kommunen og har framleis dei same forpliktingane i høve til flyktningane. Dette har IMDi stadfesta.

Andre utfordringar i samband med spreidd busetting er transport både av tilsette ved avdelinga ut til dei ulike bustadane, og transport av deltakarar til vaksenopplæring og andre tenestetilbod i Brattvåg. Dette kostar både tid og pengar. Dei som vert busett utanfor Brattvåg må t.d. få dekt busstransport og det har vorte behov for tenestebil.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	10 652	10 352	300
Refusjon lønn	0	-235	235
Sum Lønn	10 652	10 117	535
Drift	246	1 730	-1 484
Kjøp av produksjon	0	408	-408
Overføringer	750	304	446
Sum Utgifter	996	2 441	-1 445
Brukerbetaling	-60	0	-60
Refusjoner	0	-239	239
Overføringer	-300	0	-300
Finansinntekter	0	-420	420
Sum Inntekter	-360	-659	299
Netto resultat	11 288	11 899	-611

Kommentar til status økonomi

Tenestekområdet har i 2024 eit meirforbruk blant anna på grunn av større utbetaling av introduksjonslønn, utgifter knytt til lærebøker, tolketenester og busetting av flyktningar.


Oppsummering tiltak

Det som vart gjort av tiltak for å tilpasse seg ramma var å spare der det var mogleg.


Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2024

*Detaljvisning drift (graf)*

Årsmelding 2024

**Sjukefråvær****Fråvær**

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	1,60 %	5,14 %	6,74 %

Status sjukefråvær

Tenestekområdet har hatt eit sjukefråvær som er stabilt og forventa i 2024. Tiltak som er gjennomført er fellesmøte med arbeidstakar, fastlege og NAV, i tillegg til tilpassing av arbeidsoppgåver og arbeidstid.

Barnevern

Beskriving av tenesteområde

Tenesteområde barnevern skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade helse og utviklinga deira får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Barn og ungdom under 18 år har krav på omsorg og rett til ein trygg oppvekst. Det er i første rekke foreldra sitt ansvar. Når foreldra i kortare eller lengre periodar ikkje greier å ivareta dette ansvaret, skal barnevernet hjelpe.

Barneverntenesta skal bidra til at barn og unge i Haram kommune har trygge og gode oppvekstvilkår og skal ta vare på dei mest utsette barna.

Utvikling og utfordringar i 2024

Tenesta starta 2024 med innføring av nytt fagprogram, Visma Flyt barnevern. Dette er eit moderne fagsystem utvikla for å støtte kommunale barnevernstenester i arbeidskvardagen gjennom eit enkelt og intuitivt saksbehandlingssystem som er skreddarsydd for å møte dei høge krava til saksbehandling i tenesta. Systemet erstatta Visma Familia, eit eldre og utdatert fagsystem. Det nye fagsystemet er integrert med nasjonale komponentar i Digibarnevern, som Nasjonal portal for bekymringsmeldingar, barnevernsfagleg kvalitetssystem (BFK), digitale innbyggjartenester og automatisk rapportering til det nasjonale barnevernsregisteret.

Andre kvartal markerte starten på ein krevjande periode for tenesta, med fleire langtidssjukmeldingar som varte gjennom heile året. I tillegg søkte fleire tilsette seg til nye stillingar i andre delar av kommunen, noko som førte til ei omstillingsperiode og behov for nyrekruttering. Tre nye medarbeidarar vart tilsette i løpet av året. Hausten var òg prega av at barnevernsleiar var sjukmeld ut året. I denne perioden hadde fagleiar stedfortrederansvar og viste stor arbeidskapasitet og fagleg tryggleik. I samarbeid med sentrale nøkkelpersonar i tenesta bidrog fagleiar til å sikre stabil og god oppfølging av tenesta sine oppgåver.

Tenesta har delteke i reflekterande team med kommunar av tilsvarende storleik, som del av eit læringsnettverk i regi av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal.

Vi har òg knytt oss til Søre Sunnmøre fosterheimsrettleiing for å oppfylle krava til oppfølging av fosterforeldre. Barnevernstenesta samarbeider òg med Høgskulen i Volda om praksisplassar for studentar, og gjennom året har vi hatt studentar både på vår- og haustsemesteret. Dette har inkludert både førsteårs- og tredjeårsstudentar, og har bidrege positivt til fagleg refleksjon og utvikling i tenesta.

Trass i bemanningsutfordringar har tenesta oppretthalde forsvarleg drift. Prioriterte oppgåver har vorte følgde opp på ein god og forsvarleg måte. Det vart gjennomført eigentilsyn i omsorgssaker initiert av tenesta sjølv, og vi har delteke på frivillig eigentilsyn av undersøkingssaker i regi av Statsforvaltaren og Helsetilsynet. Dette arbeidet held fram i 2025.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	12 288	11 465	823
Refusjon lønn	0	-1 349	1 349
Sum Lønn	12 288	10 117	2 171
Drift	2 515	2 200	315
Kjøp av produksjon	4 554	3 344	1 210
Overføringer	180	507	-327
Sum Utgifter	7 249	6 051	1 198

Årsmelding 2024


	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Refusjoner	0	-156	156
Finansinntekter	0	-137	137
Sum inntekter	0	-293	293
Netto resultat	19 537	15 875	3 662

Kommentar til status økonomi



Tenesteområdet hadde samla sett eit mindreforbruk som i stor grad skuldast refusjon av sjukelønn og kjøp av tenester frå staten.

Oppsummering tiltak

Det blei ikkje sett i verk særskilte tiltak i 2024.

Grafar Økonomi**Driftsutgifter og inntekter (graf)****Detaljvisning drift (graf)**

Årsmelding 2024

**Sjukefråvær****Fråvær**

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	5,66 %	25,01 %	30,67 %

Status sjukefråvær

I vårt første driftsår har barnevernstenesta i Haram hatt høgt sjukefråvær. Korttidssjukefråværet er i snitt noko høgare enn ønskeleg, men ikkje meir enn forventa. Det er langtidsfråværet som er langt høgare enn forventa.

Av tiltak har tenesta blant anna lagt til rette for tilpassingar for den enkelte, som til dømes redusert og tilpassa arbeidsmengd, heimekontor, moglegheit for å røre seg/ta pausar i arbeidstida, og reduksjon av reiser. Ein har hatt tett dialog med dei sjukmelde, og ein har sett sjukefråvær på agendaen i

Årsmelding 2024

personalmøta. Vi har i fellesskap sett ord på kva som vert opplevd belastande og kartlagt våre behov. Gjennom våren skal vi samarbeide med ein ekstern rettleiar for å finne løysingar på dei behova vi har kartlagt.

Ressursbase

Beskriving av tenesteområde

Ressursbasen er eit lavterskeltilbod for familiar med barn og ungdom frå 0- 18 år som bur i Haram kommune og som har utfordringar knytt til kommunikasjon, relasjonar, psykisk helse hos barn og unge, eller andre problemstillingar ein står i.

Ressursbasen gir ulike tilbod, som for eksempel samtale- eller rettleiingstilbod, gruppetilbod for barn og unge eller gruppe-/kurstilbod for føresette. Tenesten har fokus på å hjelpe barn gjennom deira viktige vaksne og har som mål at vi saman finn vegar som kan bidra til endring. Ved behov hjelper ressursbasen med å løse barnet eller ungdommen til andre instansar.

Utvikling og utfordringar i 2024

Fokuset i starten av 2024 var å reetablere tenestene. Ressursbasen var ei lita teneste i starten av 2024, og det var behov for å bygge opp att dette tilbodet som del av kommunen sitt samla tilbod innan psykisk helsetenester for barn og unge. I løpet av sommaren fekk vi på plass ein psykolog som er organisert i ressursbasen, men som har oppgåver knytt til kommunalområde Livsløp. Vidare fekk vi i løpet av hausten på plass ei prosjektstilling som LOS (oppfølging knytt til skulefråvær) der vi har vore ein aktiv pådrivar til å få etablert eit nærværsteam og bidratt til å etablere "camp klar". Vi fekk også på plass ei prosjektstilling som ruskonsulent for ungdom, som saman med erfaringskonsulent i rusteamet har utvikla eit informasjonsopplegg til ungdomsskuleelevar og ellers hatt eit tett samarbeid med SLT-koordinator. Til slutt har vi også ei halv prosjektstilling som har fokus på emosjonsfokustert foreldreveiledning der vi no jamleg tilbyr kurs for foreldre.

Utover dette har vi i 2024 jobba med å redefinere rollene våre i dei ulike tenestene og sjå på korleis vi skal få til samhandlinga på ein god måte. Parallelt med dette har vi jobba med å utvikle tenestene, der det har vore særleg fokus på å sjå psykisk helse/rus i eit livsløpsperspektiv ved at psykisk helse/rus og ressursbasen no har felles tenesteleiar. Utover dette har ein i ressursbasen jobba for å få ut informasjon om tenesta, utarbeide brosjyre og utarbeide gode prosedyrar for samhandling med dei andre tenestene som har med barn og unge å gjere.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000


	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	4 387	4 032	355
Refusjon lønn	0	-305	305
Sum Lønn	4 387	3 726	661
Drift	50	766	-716
Kjøp av produksjon	1 694	977	717
Overføringer	0	19	-19
Finansutgifter	0	996	-996
Sum Utgifter	1 744	2 758	-1 014
Refusjoner	0	-2 553	2 553

Årsmelding 2024



	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Finansinntekter	0	-126	126
Sum inntekter	0	-2 679	2 679
Netto resultat	6 131	3 805	2 326

Kommentar til status økonomi

Ressursbasen hadde i 2024 eit mindreforbruk som skuldast sjukefråvær/vakansar gjennom våren, samt tilskotsmidlar som vi fekk for heile året, som ikkje vart tatt i bruk før ut på hausten.

Grafar økonomi**Driftsutgifter og inntekter (graf)****Detaljvisning drift (graf)**

Årsmelding 2024

**Sjukefråvær****Fråvær**

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	2,31 %	5,83 %	8,15 %

Status sjukefråvær

Tenestemrådet hadde i 2024 eit samla sjukefråvær på 8,15 %. Hovudårsaken til eit relativt høgt samla sjukefråvær skuldast langtidssjukmelding i første del av 2024.

Helse og omsorg

Beskriving av kommunalområdet

Kommunalområde Helse og omsorg har eit breitt spekter av tenester som skal sikre helse og velferda til innbygarane. Dette omfattar tenester som institusjon og omsorgsbustader, der eldre og pleietrengande får nødvendig pleie og omsorg. Heimetenester tilbyr hjelp i heimen, inkludert personleg pleie, medisinsk oppfølging og praktisk bistand, slik at brukarane kan bu heime lengst mogleg.

Dagsenter gir sosiale og helsefremmande aktivitetar for eldre og personar med funksjonsnedsettingar, og bidreg til å motverke einsemd og isolasjon. Brukarstyrt personleg assistanse (BPA) gir personar med funksjonsnedsettingar høve til å styre sin eigen kvardag med assistanse tilpassa behovet deira.

Bustader og ambulerande tenester for menneske med funksjonsnedsettingar sikrar at dei får tilpassa bustad og nødvendig støtte for å leve eit sjølvstendig liv. Barne- og avlastingsbustader gir avlasting til familiar med barn som har spesielle behov, og sikrar at barna får eit trygt og stimulerande miljø.

Formålet med tenestene i kommunalområde helse og omsorg er å fremme helse, trivsel og sjølvstende blant innbygarane i kommunen, og dessutan å sikre at alle får den hjelpa dei treng, uavhengig av alder eller funksjonsnivå. Dette bidreg til eit inkluderande og omsorgsfullt lokalsamfunn.

Kommunalområdet vil møte fleire utfordringar i åra som kjem. Det vil bli stor auke i dei eldste aldersgruppene, men ein får også fleire innbyggjarar med komplekse og samansette behov i dei yngre aldersgruppene. Dette krev kontinuerleg merksemd og tilpassing for å sikre at helse- og omsorgstenestene kan møte behovet til innbyggjarane på ein effektiv og berekraftig måte.

Utvikling og utfordringar i 2024

Det første året som nyetablert kommunalområde har vore utfordrande for alle tilsette på alle nivå. Takka vere den eineståande innsatsen frå alle medarbeidarar har vi klart å navigere gjennom desse utfordringane på ein tilfredsstillande måte. Vi har teke med oss det som har fungert godt frå tidlegare, og samtidig skapt nye initiativ som bidreg til å forme ein eigen identitet for kommunalområdet. Vi har tilpassa drifta, og hatt fokus på kontinuerlege forbetringar og effektivisering av arbeidsmetodar. Vidare har vi arbeidd målretta med å samkøyre tenesteområde både internt og på tvers, for å sikre ei heilskapleg og effektiv tenesteyting. Framover vil vi fortsette arbeidet med å forbetre kvaliteten på tenestene, styrke samarbeidet mellom avdelingane, og utvikle innovative løysingar for å møte framtidige utfordringar.

Det har vore gjennomført fleire utviklingstiltak i kommunalområdet gjennom det første driftsåret. Blant anna gjorde vart det gjennomført reduksjon av institusjonsplassar på både Haram omsorgssenter og Eidet omsorgssenter, og fleire pasientar flytta tilbake til Ålesund kommune etter kommunedelinga. Ein flytta også barne- og avlastningsbustadar til Solbakken bukollektiv for å kunne ivareta fleire barn og styrke det tverrfaglege samarbeidet. I tillegg har det vore jobba aktivt med systematisk kvalitetsarbeid, etablering av leiarroller og leiargruppe, velferdsteknologi og nye arbeidsmetodar.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Virksomhet

	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
3000-Helse og omsorg	6 406	6 580	174	2,6 %
3100-Haram omsorgstenester	163 242	161 050	-2 192	-1,4 %

Årsmelding 2024

Virksomhet	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
3200-Butenester	62 024	59 682	-2 342	-3,9 %
Sum	231 672	227 312	-4 360	-1,9 %

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	225 828	232 987	-7 159
Refusjon lønn	0	-14 546	14 546
Sum Lønn	225 828	218 441	7 387
Drift	17 566	24 988	-7 421
Kjøp av produksjon	1 009	1 434	-425
Overføringer	-10 765	3 235	-14 000
Finansutgifter	0	101	-101
Sum Utgifter	7 810	29 758	-21 948
Brukerbetaling	-2 370	-1 902	-468
Refusjoner	-1 956	-12 704	10 748
Overføringer	-2 000	-118	-1 882
Finansinntekter	0	-1 803	1 803
Sum Inntekter	-6 326	-16 527	10 201
Netto resultat	227 312	231 672	-4 360

Kommentar til status økonomi


Samanlikna med budsjett viser årsresultatet for kommunalomåde Helse og omsorg eit meirforbruk på om lag 4 360 000 kr. I fagstaben har ein eit positivt avvik på 175 000 kr, som kjem av at det ikkje vart innleigd vikar ved sjukdomsfråvær. For Haram omsorgssenter ser ein eit negativt avvik på 2,2 millionar kr. Årsaka til dette er auke i matprisane, brukarbetaling frå Ålesund kommune ført på 2025, og mindre inntekter enn budsjettet når det gjeld brukarbetaling internt i Haram kommune. Butenestene hadde i 2024 eit negativt avvik på 2,3 millionar kr. Dette kjem av ikkje gjennomførte innsparingstiltak i barne- og avlastingsbustad, manglande budsjett for feriepengar, og manglande budsjett for straum, inventar og transport.

Oppsummering tiltak


For å halde budsjettet innanfor ramma har ein arbeidd med ulike tiltak i kommunalområdet. Ein har redusert talet på institusjonsplassar med 21, samtidig som ein har følgd heimetenestene tett for å sikre at omorganiseringa ikkje påverkar kommunen si evne til å tilby nødvendige tenester. Vi har også sett på saksbehandling og tildelingspraksis for å sikre at alle får tildelt nødvendige og tilpassa tenester, når dei treng det. Det har vore arbeidd aktivt for å redusere bruken av eksterne vikarbyrå og auka rekruttering av kommunale vikarar.

Flyttinga av barnebustaden frå Søvik til Solbakken bukollektiv har gitt plass til fleire brukarar og mogleggjort bruk av personell på tvers, noko som har spart kostnader. I tillegg har ein hatt fokus på organisatoriske endringar, og systematisk drift har ført til innsparing i lønns- og driftskostnader. For å spare lønnskostnader har vi redusert innleige av vikarar til administrative stillingar til eit minimum.

Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)**Detaljvisning drift (graf)**

Årsmelding 2024



KOSTRA Nøkkeltal

Kostranalyse - Pleie og omsorg

	Haram 2023	Haram 2024	Giske	Ålesund	Herøy (M. og R.)	Ørsta	Volda	Kostragruppe 01
Prioritet								
Netto driftsutgifter per innbygger (257) hjemmetjenester - personellbase knyttet til bofellesskap/samløkaliserte omsorgsboliger (B) *) **)		9 342	15 427	7 783	5 775	7 286	10 161	7 471
Produktivitet								
Utgifter per beboerdøgn i institusjon		5 949	4 737	5 603	4 583	4 596	4 636	5 526
Dekningsgrad								

Årsmelding 2024

Andel innbyggere 67-79 år med dagaktivitetstilbud (prosent)	0,9 %	1,1 %	1,0 %	0,7 %	0,0 %	0,7 %	0,9 %
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent)	30,9 %	28,8 %	24,6 %	29,4 %	34,5 %	28,6 %	28,4 %
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	8,0 %	3,8 %	8,6 %	12,2 %	11,1 %	10,1 %	8,3 %
Kvalitet							
Årsverk per bruker av omsorgstjenester (årsverk)	0,50	0,70	0,60	0,41	0,40	0,49	0,48
Andre nøkkeltal							
Netto driftsutgifter (253) Helse- og omsorgstjenester i institusjon *)	0	90 022	28 517	509 708	115 966	131 754	107 953
							2 631 612

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Hovudfunn for omsorgstenesta i Haram kommune. Analysen er basert på nøkkeltal og samanlikningar med Kostra-gruppe 1 og andre samanliknbare kommunar, Ålesund, Herøy, Giske, Volda og Ørsta.

Årsverk per bruker

Haram har 0,48 årsverk per bruker i helse og omsorg totalt, som er på linje med Kostra-gruppe 1, men lågare enn Ålesund, Volda og Giske. Dette kan tyde på effektiv bruk av arbeidskraft. Årsverk per bruker er ein indikator på ressursbruk, og viser talet på årsverk som blir brukte per person som får omsorgstenester (heimetenester, institusjon, bustader, BPA, avlasting, dagtilbod).

Heimetenester

Haram har ein høgare del eldre innbyggjarar som bruker heimetenester enn gjennomsnittet for Kostra-gruppe 1 og alle dei andre kommunane i utvalet. Dette kan tyde på at kommunen har eit godt utbygd heimetenestetilbod og at tenestene blir brukte aktivt for å leggje til rette for å bu lengst mogleg heime. Haram har ein lågare del yngre brukarar av heimetenester enn gjennomsnittet for Kostra-gruppe 1 og andre kommunar, men høgare enn Giske. Dette kan indikere eit lågare behov for heimetenester blant yngre innbyggjarar.

Institusjon

Haram har ein lågare del eldre innbyggjarar med institusjonsopphald enn gjennomsnittet for Kostra-gruppe 1 og dei andre kommunane, men høgare enn Giske. Dette kan tyde på ei god heimebasert omsorg som gjer at eldre kan bu lengre heime.

Netto driftsutgifter for institusjon viser kva kommunen sjølv må dekkje av kostnader, altså kostnader etter brukarbetaling, tilskot frå staten og anna er trekt frå. Her ligg Haram under gjennomsnittet for Kostra-gruppe 1 og dei andre kommunane i utvalet, men høgare enn Giske. Dette må sjåast i samanheng med at vi veit at vi har bebruarar som bur i heildøgnsbemanna bustader som etter kvart må over i institusjonstenester.

Haram har høgare utgifter per opphaldsdøgn i institusjon enn gjennomsnittet for Kostra-gruppe 1 og alle andre kommunar i utvalet. Dette kan indikere høgare kostnader for institusjonsopphald.

Dagaktivitetstilbod

Haram har ein lågare del innbyggjarar 67-79 år med dagaktivitetstilbod enn Ålesund og Giske, men lik som Kostra-gruppe 1. Ligg høgare enn både Herøy, Volda og Ørsta. Dette kan tyde på eit godt tilpassa tenestetilbod for dagsenter i kommunen.

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
Innsparingstiltak			
Tilpasse drift ved Eidet omsorgssenter	-10 000	Ferdig	Gjennom målretta tiltak og effektiv ressursstyring, i tett samarbeid med alle avdelingar, har vi oppnådd ein reduksjon på 11 heildøgns-bemanna bustader. Dette har vi klart samtidig som vi har sørge for at pasientane, pårørande og personalet sine behov blir godt ivaretatt. Sjølv om tiltaket ikkje har hatt heilårseffekt, har betaling for tenester til Ålesund kommune knytt til bebuarar frå dei, gjort at vi har kompensert for dei kostnadane som ikkje blei spart på grunn av at tiltaket ikkje var heilårseffektivt.
Tilpasse drift ved Haram omsorgssenter	-8 000	Ferdig	Gjennom målretta tiltak og effektiv ressursstyring, i tett samarbeid med alle avdelingar, har vi oppnådd ein reduksjon på 10 langtids plassar. Dette har vi klart samtidig som vi har sørge for at pasientane, pårørande og personalet sine behov blir godt ivaretatt. Sjølv om tiltaket ikkje har hatt heilårseffekt, har betaling for tenester til Ålesund kommune knytt til bebuarar frå dei, gjort at vi har kompensert for dei kostnadane som ikkje blei spart på grunn av at tiltaket ikkje var heilårseffektivt.

Årsmelding 2024

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving
Omstilling og effektivisering - Reduksjon av sjukefråver og bruk av innleigd arbeidskraft	-4 000	Ferdig Vi har redusert bruken av eksterne vikarbyrå og styrka eiga bemanning med vikarar, noko som har ført til kostnadsbesparingar og auka stabilitet i tenestene våre.
Omstilling og effektivisering- endre lokasjon og drift av barnebolig.	-1 400	Ferdig Vi har ikkje oppnådd sparemålet med samlokalisering av barnebustad, då det vart meldt fleire nye brukarar av barnebustad og avlasting. Dette medførte ei auke, ikkje reduksjon, av bemanning og dermed lønskostnader. Dersom vi ikkje hadde flytta bustaden, ville vi hatt eit større meirforbruk, då vi ikkje ville hatt tilstrekkeleg plass til alle nye tenestemottakarar.
Sum	-23 400	
Politisk vedtak		
Flatt kutt ca 2,5 prosent	-5 830	Ferdig Vi har oppnådd nødvendige innsparingar ved å fordele besparingane jamt utover heile kommunalområdet, utan å gå på kostnad av tenestekvaliteten.
Sum	-5 830	
Sum tiltak	-29 230	

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	3,87 %	7,38 %	11,25 %

Status sjukefråvær

Sjukefråværet i kommunalområdet er høgare enn ønska. Etablering av ny kommune gir eit høgare arbeidspress enn det som er vanleg, og med tanke på alle endringane og dei krevjande prosessane dei tilsette har vore gjennom det siste året, er likevel fråværet lågare enn frykta.

Det vert jobba målretta med å halde sjukefråværet lågt i alle tenestene blant anna gjennom kontakt med NAV arbeidslivssenter, vernerundar, dialogmøter med den sjukmeldte og rekruttering av vikarar for å redusere belastninga på faste tilsette. Sjukefråvær er fast tema på leiarmøta, og ein har fokus på å rettleie dei tilsette.

Helse og omsorg

Beskriving av tenesteområde

Staben i kommunalområdet Helse og omsorg har ansvar for strategisk og fagleg støtte til tenesteområda innan helse- og omsorgssektoren. Staben skal bidra til heilskapleg styring, utvikling og kvalitetssikring av tenestene, og fungerer som eit bindeledd mellom administrativ leiing, tenesteeiningar og politisk nivå.

Staben har kompetanse innan fagutvikling, økonomi, analyse, planlegging, digitalisering, kvalitet og pasienttryggleik. Arbeidet omfattar mellom anna:

- Utvikling og implementering av strategiar og planar
- Oppfølging av lovverk, forskrifter og nasjonale føringar
- Støtte til leiarar og einingar i faglege og organisatoriske spørsmål
- Kvalitetsarbeid og internkontroll
- Analyse og rapportering av tenestedata
- Samhandling med andre kommunale einingar, spesialisthelsetenesta og eksterne aktørar

Utvikling og utfordringar i 2024

Etableringa av stab i det nye kommunalområdet Helse og omsorg har vore viktig for å styrke leiing, struktur og samheng i tenestene. Gjennom året har staben utvikla gode arbeidsformer og samarbeidsrelasjonar, og lagt eit solid grunnlag for vidare utvikling og innovasjon.

Alt arbeid i 2024 har vore forankra i fire overordna utfordringar som pregar sektoren no – og vil gjere det i åra framover:

- **Aldrande befolkning og fleire yngre med behov for tenester**
Auka behov for helse- og omsorgstenester, inkludert avlasting og institusjonsplassar, krev meir spesialiserte og kostnadskrevjande tenester.
- **Strammare økonomi og personellmangel**
Tilgang på faglært og ufaglært personell er ei av dei største utfordringane. Dette krev nye driftsformer og tydeleg prioritering.
- **Auka omsorgsoppgåver og forventingar**
Kompleksiteten i tenestene aukar, og det same gjer forventingane frå brukarar og tilsette. Det er naudsynt å balansere dette med tilgjengelege ressursar.
- **Behov for optimalisering og nytenking**
Effektivisering, digitalisering og utvikling av nye løysingar er avgjerande for å møte framtidens behov.

Staben har arbeidd aktivt for å fremje forståing for desse utfordringane, og for å styrke samhandling og innsikt på tvers av nivå og einingar, både internt og eksternt. Dette er avgjerande for å sikre ei berekraftig utvikling av tenestene.

Sentrale satsingsområde i 2024

- **Kompetanseutvikling og rekruttering**
Fokus på fagleg utvikling, forutsigbare arbeidsdagar og samarbeid med vidaregåande skular og opplæringskontor for å styrke rekruttering og lærlingeløp.
- **Helseplattformen**
Betydelig innsats i opplæring og rett bruk av Helseplattformen for å sikre pasienttryggleik og tilgang til styringsdata.
- **Samhandling og pasientforløp**
Utarbeiding av heilskaplege tenesteflytar og tenestebeskrivingar for å sikre samanheng i tenestene.
- **Berekraft og ressursstyring**
Analyse og prioritering av ressursbruk for å sikre økonomisk berekraft og rett bruk av kapasitet.

Økonomistatus per konto*Beløp i 1000*


	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	3 586	3 507	79
Refusjon lønn	0	-287	287
Sum Lønn	3 586	3 220	366
Drift	3 796	3 242	553
Kjøp av produksjon	1 010	1 171	-161
Overføringer	188	774	-586
Finansutgifter	0	101	-101
Sum Utgifter	4 994	5 289	-295
Refusjoner	0	-858	858
Overføringer	-2 000	0	-2 000
Finansinntekter	0	-1 245	1 245
Sum Inntekter	-2 000	-2 103	103
Netto resultat	6 580	6 406	174

Kommentar til status økonomi


Årsresultatet i forhold til budsjett viser eit mindreforbruk på 175 000 kroner. Dette kjem av at det ikkje er leigd inn vikar ved sjukdom og at det er kome inn noko meir inntekter enn budsjettet.

Grafar økonomi**Driftsutgifter og inntekter (graf)**

Årsmelding 2024



Detaljvisning drift (graf)



Haram omsorgstenester

Beskriving av tenesteområde

Haram omsorgstenester omfattar fleire tilbod. Kommunen tilbyr institusjonsbasert omsorg i sjukeheim for personar med omfattande behov for medisinsk og pleiefagleg oppfølging. Sjukeheimen gir eit heilskapleg og fagleg forsvarleg tilbod til personar som ikkje lenger kan bu heime, og som treng døgntilpassing og pleie. Tenesten omfattar medisinsk behandling, pleie og omsorg, rehabilitering, aktivitetstilbod og støtte til pårørande. Det vert lagt vekt på verdigheit, tryggleik og individuell tilpassing av tenestene. Sjukeheimen har tverrfagleg bemanning med høg kompetanse, og det vert arbeidd systematisk med kvalitetsforbetring og pasienttryggleik.

Kommunen har også heildøgnsbemanna bustadar for eldre som har behov for omfattande omsorg og tilsyn, men som ikkje har behov for institusjonsplass. Desse bustadene gir eit tilrettelagt bu- og

tenestetilbod i eit meir heimeleg miljø, med tilgang til personale heile døgnet. Tenestene omfattar praktisk bistand, personleg hjelp, medisinsk oppfølging og sosiale aktivitetar. Det vert lagt vekt på å fremje tryggleik, meistring og livskvalitet, og å støtte bebuarane i å leve eit mest mogleg sjølvstendig liv.

Dagsentertilbodet for eldre skal bidra til ein meningsfull kvardag, førebygge isolasjon og utsette behovet for meir omfattande tenester. Tilbodet omfattar sosiale, kulturelle og fysiske aktivitetar, samt måltid og kvile.

Dagsenteret gir også pårørande nødvendig avlasting. Tenesta vert tilpassa den enkelte sine behov og føresetnader, og det vert lagt vekt på trivsel, fellesskap og brukarmedverknad. Transport til og frå dagsenteret vert organisert ved behov.

Heimetenestene i kommunen omfattar heimesjukepleie, praktisk bistand og andre nødvendige tenester for at innbyggjarar skal kunne bu heime så lenge som mogleg. Tenestene vert gitt etter individuell vurdering og skal sikre tryggleik, verdigheit og god livskvalitet. Heimesjukepleia gir helsefagleg oppfølging, medisinhandtering og pleie, medan praktisk bistand omfattar hjelp til daglege gjeremål som reinhald, matlaging og personleg hygiene. Tenestene vert utført av kvalifisert personell, og det vert lagt vekt på kontinuitet og brukarmedverknad.

Utvikling og utfordringar i 2024

2024 har vore eit år med store endringar i drifta vår. Vi har gjennomført store omstillingar, med auka forventingar frå både tilsette og innbyggjarar om å levere meir og betre kvalitet på tenestene.

Reduksjonen av institusjonsplassar samt den auka etterspurnaden etter heimetenester, har kravd ei omfattande tilpassing i drifta. Samarbeid og effektivisering har vore nøkkelen til å møte desse utfordringane, og vi har jobba hardt for å sikre at alle behov blir ivaretekne.

Det er redusert 10 institusjonsplassar ved Haram omsorgssenter og 11 heildøgnsbemanna omsorgsbustader ved Eidet Omsorgssenter. Fleire pasientar ønskte seg tilbake til Ålesund kommune etter kommunedeling, og den siste pasienten reiste i desember. Omstillingsprosessen har vore tett følgt opp av leiinga med hyppige interne møte for å sikre at pasientane, pårørande og personalet sine behov blir varetekne.

Vi har også redusert tilgangen til korttidsplassar og arbeid for at heimetenesta kan behandle flest mogleg pasientar i eigen heim, samtidig som vi har hatt tilstrekkeleg med korttidsplassar til dei som treng det. Det har vore tett samarbeid mellom korttidsavdelingane, heimetenesta og tildelingskontoret med faste møte for å prioritere og gjennomføre nødvendige tiltak. Det er fokus på behovsstyrt tildeling av tenester.

Personalressursar i institusjonane er redusert fortløpande etterkvart som talet på institusjonsplassar har gått ned. Heimetenesten har opplevd auka behov, og vi arbeider med å handtere den aukande arbeidsmengda med dei ressursane vi har tilgjengeleg.

Med auka behov for tenester grunna fleire eldre, og redusert tilgang til personell er det naudsynt å drifte tenestene på nye måtar for å få eit berekraftig tenestetilbod. Fokus på å gjere pasientane mest mogleg sjølvhjelpne og samarbeid med pårørande som ønskjer å hjelpe, er viktig. Pårørande er ein viktig ressurs, og mange pårørande ønskjer å hjelpe sine nærmaste. Det er gjort eit godt arbeid med å kartleggje, tilpasse og prioritere arbeidsoppgåver for å effektivisere drifta, og vi har også jobba med å effektivisere og samkøyre bruken av Helseplattforma for å gjere ytterlegare tilpassingar i drift.

I samarbeid med kommunalområde Livsløp har vi jobba for å forbetre kvaliteten i tenestetildelinga for å sikre like helsetilbod til innbyggjarane. Arbeidet, som held fram i 2025, har involvert grundig kartlegging,

Årsmelding 2024

idémyldring og evaluering. Alle tilsette har bidrege med innspel, og leiinga har prioritert tid til dette. Tiltaket er godt motteke av dei tilsette og har som mål å på sikt gi innbyggjarane klarare forventningar, effektiv sakshandsaming, betre kommunikasjon, auka tillit og målretta tenester til innbyggjarane.

I tillegg har det vore jobba blant anna med bruk av velferdsteknologi, KS-prosjektet "Tørn" og kontinuerleg fokus på reduksjon av vikarbruk. Leiarstruktur og tydeleggjering av leiarrolle og leiargruppe har også vore eit viktig fokusområde i 2024.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	162 628	163 295	-667
Refusjon lønn	0	-9 456	9 456
Sum Lønn	162 628	153 839	8 789
Drift	12 967	20 520	-7 552
Kjøp av produksjon	-1	56	-57
Overføringer	-10 349	2 202	-12 551
Finansutgifter	0	0	0
Sum Utgifter	2 617	22 778	-20 161
Brukerbetaling	-2 239	-1 801	-438
Refusjoner	-1 956	-11 476	9 520
Overføringer	0	-96	96
Finansinntekter	0	-2	2
Sum Inntekter	-4 195	-13 375	9 180
Netto resultat	161 050	163 242	-2 192

Kommentar til status økonomi

Årsresultatet viser eit meirforbruk på 2 192 226 kroner. Dette skuldast fleire faktorar. For det første har vi hatt ei auke i matprisane på 850 000 kroner. Vidare har brukarbetaling frå Ålesund kommune på om lag 855 000 kroner blitt ført på 2025. Til slutt har vi hatt mindre inntekter enn budsjetttert på brukarbetaling internt i Haram kommune, noko som utgjør 700 000 kroner.

Oppsummering tiltak

Institusjonsplassane er redusert frå 104 til 83, noko som har spart både lønns- og driftskostnadar. Nedbemanninga har vore styrt av pasientane sine behov, og personalressursar har blitt redusert i takt med nedgangen i institusjonsplassar.


Det har vore betydeleg reduksjon i bruk av eksterne vikarar, og vikarinnleige krev godkjenning frå tenesteleiar. Alle alternative løysingar skal vere utprøvd først.

Det har vore mykje fråvær i leiing og merkantile funksjonar, men det er ikkje leigd inn vikarar, noko som har spart lønnskostnadar. Dette har ført til auka arbeidsbelastning for gjenverande personell, men gir samtidig meir stabilitet og kontinuitet i tenestene.

Grafar økonomi


Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2024



Detaljvisning drift (graf)

Årsmelding 2024

**Sjukefråvær****Fråvær**

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	3,52 %	6,70 %	10,22 %

Status sjukefråvær

Det jobbast målretta med sjukefråværsarbeid i tenesten. Målet er å halde dette lågt på alle avdelingane. Mange avdelingar oppnår dette, medan andre avdelingar har relativt høgt fråvær. Det gjer at det totale sjukefråværet er høgare enn ønska, men likevel som forventa ut frå tala frå tidlegare år. Det blir rapportert om gode arbeidsmiljø.

2024 har vore eit år prega av omorganisering. Ein har unngått sjukmeldingar som følge av omorganiseringsprosessen vi står ovanfor på Eidet og Haram omsorgssenter, sjølv om personalet det

har vore krevande for personalet. På Haram omsorgssenter gjekk gjennomføringa av prosessen raskt og det er motteke gode tilbakemeldingar frå dei tilsette. På Eidet omsorgssenter opplever mange det som belastande at prosessen har tatt lengre tid. Her kom vi i mål med omorganisering først i oktober. Slike endringar medfører at leiing må følge tett opp i etterkant, slik at endringar og ny samansetting av personalgruppe skal fungere godt.

Bruk av eigenmeldingar er høgare enn ønska. Som tiltak skal tilsette som har utstrakt bruk av eigenmeldingar skal følgast tett opp av nærmaste leiar og det skal meldast vidare til tenesteleiar dersom det ikkje opplevast betring etter oppfølging lokalt.

Butenester

Beskriving av tenesteområde

Kommunen sine butenester tilbyr tilrettelagde bustader med heildøgns omsorgstenester for personar med psykisk utviklingshemming og/eller sterkt nedsett funksjonsevne. Her i kommunen er dette Solbakken bukollektiv, Haram bustadar 1 og Haram bustadar 2. Tenestene blir ytte i tråd med helse- og omsorgstenestelova og er baserte på prinsippa om brukarmedverknad, verdigheit og individuell tilpassing. Bustadene er organiserte som bufellesskap eller sjølvstendige leilegheiter med tilgang til personal base. Butenesten har også ambulerande team som hjelper brukar i eige heim. Tenestene omfattar mellom anna bistand til dagleglivets gjeremål, personleg hygiene, ernæring, medisinsk oppfølging, sosial deltaking og fritidsaktivitetar. Det blir lagt vekt på å fremje meistringa, sjølvstendet og livskvaliteten til bebuarane. Tenestene blir ytt av tverrfagleg kvalifisert personell, og det blir utarbeidd individuelle tiltaksplanar i samarbeid med kvar enkelt brukar og eventuelt pårørande eller verna.

Kommunen tilbyr barne- og avlastingsbustad for barn og unge med omfattande omsorgsbehov grunna funksjonsnedsettingar eller andre særlege utfordringar. Tilbodet skal bidra til å sikre barn og unge eit trygt og meningsfullt oppvekstmiljø, samtidig som det gir pårørande nødvendig avlasting.

Tenestene vert gitt i tilrettelagde bustader med døgnbemanning, der det vert lagt vekt på tryggleik, struktur og individuell oppfølging. Personalet har relevant fagkompetanse og arbeider etter målretta planar i tett samarbeid med føresette og andre fag. Opphald i bustaden kan vere både planlagd og akutt, og vert tilpassa den enkelte familien sitt behov. Målet er å fremme utvikling, meistring og livskvalitet for barnet, og å støtte familien i omsorgsrolla.

Kommunen tilbyr også dagaktivisering for personar med psykisk utviklingshemming og/eller sterkt nedsett funksjonsevne. Tilbodet skal bidra til ein meningsfull kvardag, fremme sosial deltaking og styrke den enkelte si oppleving av meistring og eigenverd. Dagaktiviseringa vert gitt i tilrettelagde lokale med tilgang til fagpersonell, og omfattar varierte aktivitetar tilpassa den enkelte sine interesser, behov og føresetnader. Aktivitetane kan inkludere fysisk aktivitet, sansestimulering, kreative verkstader, musikk, matlaging, turar og sosialt samvær. Tenesta vert planlagt i samarbeid med brukar, pårørande og eventuelt andre samarbeidspartnarar, og det vert utarbeidd individuelle planar for innhaldet i tilboda. Det vert lagt vekt på kontinuitet, tryggleik og brukarmedverknad. Dagaktiviseringa er eit viktig supplement til andre tenester, og skal bidra til struktur i kvardagen, førebygging av isolasjon og støtte til pårørande.

Utvikling og utfordringar i 2024

Årsmelding 2024

I 2024 har tenestemrådet opplevd ei merkbar auke i talet på born og vaksne som treng tenester, inkludert heildøgnsbemanna bustadar, punkttjenester og avlastningstenester.

Tenestemrådet har fått ny tenesteleiar, og tre nye avdelingsleiarar i løpet av året. Vi har brukt tid på å samkøye gruppa for å etablere felles kultur og arbeidsmetodikk, der kompetanseutvikling, samarbeid og tillit er sentralt for å sikre at leiarane har dei nødvendige verktøya og kunnskapane for å leie avdelingane effektivt. Leiarane har hatt fokus på kompetanseheving, arbeidsmiljø og samarbeid mellom avdelingane.

Vi har starta eit systematisk arbeid med utgangspunkt i Helsedirektoreet sin rettleiar "Gode helse- og omsorgstenester for personar med utviklingshemming" over ei 4-års periode. Dette arbeidet inkluderer både organisering og innhald i tenestene for å sikre betre kvalitet og effektivitet, med mål om å skape eit meir robust og kompetent tenestetilbod som kan møte aukande behov på ein berekraftig måte. Samtidig har tenestene arbeidd med tenesteflyt, tenestebeskriving, og utvikling av ny kartleggingsmal for vedtaksbaserte tenester. Gjeldande vedtak er også tilpassa ny praksis for å sikre likeverdige tenester for alle brukarar, med evaluering av vedtaka minst ein gong i året.

Personelloppfølging har vore eit viktig fokusområde i 2024, spesielt med tanke på at mykje av personalet er ufaglært og det har vore utfordrande å rekruttere til butenestene. På hausten flytta vi kontorbasen vår frå Vesterheim og ned til gamle kommunehuset i Brattvåggata 19, slik at leiargruppa og felles personellbase for tenestene er samla på ein stad. Ein håper at dette vil sikre samhandling og like arbeidsrutinar for alle avdelingane i tenestemrådet.

I april vart barne- og avlastningsbustaden flytta frå Søvik til Solbakken bukollektiv, for å kunne ivareta fleire born, noko som var nødvendig då talet på born med tenester auka frå 1 til 8 i løpet av året. Denne flyttinga har styrka det tverrfaglege samarbeidet og kvaliteten på tenestene, ved at barne- og avlastningsbustaden no er samlokalisert med bustader for vaksne, noko som gir eit større fagmiljø for tilsette. Det er arbeidd med etablering av den nye bustaden, inkludert alt frå rutine og organisering, til møblering og vedtak. I tillegg er det tilsett eigen leiar for barnebustaden for å sikre overordna kontroll på lovverk og sørge for gode faglege og forsvarlege tenester til borna.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	59 614	66 184	-6 570
Refusjon lønn	0	-4 802	4 802
Sum Lønn	59 614	61 382	-1 768
Drift	803	1 225	-422
Kjøp av produksjon	0	206	-206
Overføringer	-604	259	-863
Sum Utgifter	199	1 691	-1 492
Brukerbetaling	-131	-102	-29
Refusjoner	0	-370	370
Overføringer	0	-22	22
Finansinntekter	0	-556	556
Sum Inntekter	-131	-1 049	918
Netto resultat	59 682	62 024	-2 342

Kommentar til status økonomi


Årsresultatet for 2024 viser eit meirforbruk på 2 341 716 kroner. Hovudsakleg er dette grunna ikkje gjennomførte innsparingstiltak i barnebustad med lønnskostnader på 1,4 millionar kroner, manglande budsjett for feriepengar på 400 000 kroner, og manglande budsjett for straum, inventar og transport på 500 000 kroner.

Oppsummering tiltak

Flyttinga av barnebustaden frå Søvik til Solbakken bukollektiv har gitt plass til fleire brukarar og mogleggjort bruk av personal på tvers, noko som har spart kostnader. Organisatoriske endringar og systematisk drift har ført til ytterlegare innsparing i lønns- og driftskostnader. Vi har også fokusert på kompetanseheving, arbeidsmiljø og samarbeid mellom avdelingane.



Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)

Årsmelding 2024

**Sjukefråvær****Fråvær**

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	4,87 %	8,80 %	13,67 %

Status sjukefråvær

Sjukefråværet er omtrent på same nivå som tidligare år. Det er arbeidd med fleire tiltak for å få ned sjukefråværet, som for eksempel kontakt med NAV Arbeidslivssenter for rettleiing og vidare arbeid med sjukefråvær og førebygging og vernerundar. Sjukmelde har blitt følgt opp med dialogmøte innan 14 dagar etter første sjukmeldingsdag, og sjukefråværsarbeid er fast sak på leiarmøta. For å redusere belastning på faste tilsette vert det jobba kontinuerlig med rekruttering av fleire vikarar, og dette arbeidet har gitt positiv effekt.

Barnehage og skule

Beskriving av kommunalområdet

Kommunalområdet omfattar tenestene barnehage, skule og SFO. Barnehagen skal i samarbeid med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Det er fire kommunale og fem private barnehagar i Haram. Dei kommunale barnehagane er lokalisert i Søvik, Tennfjord, på Lepsøya og på Haramsøya. Dei private barnehagane er lokalisert i Brattvåg, på Vatne, på Grytastranda og på Hildre.

Opplæringa i skule og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring. Kommunalområdet gir opplæring ved sju skular. Søvik, Brattvåg, Tennfjord og Vatne har elevar frå 1. til 7. trinn. Haramsøya har elevar frå 1. til 10. trinn. Brattvåg og Vatne har elevar frå 8. til 10. trinn. I tillegg er det to privatskular i kommunen; ein på Hildre (1. til 10. trinn), og ein på Grytastranda (1. til 7. trinn). Frå hausten 2025 vil skulane på Vatne og i Tennfjord slå seg saman til éin skule (Eidet, 1. -10. trinn)

Skulefritidsordninga (SFO) er eit tilbod til elevar før og etter skuletid, og i nokre av skuleferiane. Målgruppa er barn i aldersgruppa 6-9 år, og barn med særskilde behov på 5.-7. trinn. SFO skal gi elevane høve til leik, kultur- og fritidsaktivitetar utanom skuletida. SFO skal utvikle barna sitt erfaringsgrunnlag, og styrke evner og kunnskap på område som ikkje er med i den ordinære undervisninga ved skulen.

Utvikling og utfordringar i 2024

I 2024 har kommunalområde barnehage og skule jobba målretta for å tilpasse driftsnivået til dei økonomiske rammene, og samtidig fokusert på kvalitet i tenestene. Målet i alt vi har jobba med har vore gode oppvekstvilkår for alle barn og unge i Haram kommune.

Vi starta opp med eit for høgt driftsnivå i forhold til dei økonomiske rammene, noko som førte til ei strukturendring. Frå august vart Hildre barnehage, Flem skule og Lepsøy skule nedlagt. Samtidig var Haramsøy skule nyrenovert og utvida med eit flott påbygg, der det var det kapasitet til å ta imot alle elevane på Nordøyane.

Det vart tidleg identifisert ei rekke utfordringar for barn og unge i kommunen vår, mellom anna høge mobbetal og eit høgt tal elevar med bekymringsfullt skulefråvær. Samtidig uttrykte tenesteleiarane behov for å "bygge opp igjen laget".

Våren gjekk med til å fullføre det arbeidet som var igangsett for barnehage- og skuleåret i Ålesund, og å planlegge ei målretta kompetanseutvikling med fokus på at alle skal vere "innafor" frå hausten av.

I august starta vi med ein felles fagdag i regi av Dysleksi Norge. Denne var for alle tilsette i både private og kommunale barnehagar og skular, samt tilsette i "laget rundt". I løpet av hausten vart det også gjennomført fagsamlingar og mellomarbeid for alle tilsette i regi av Høgskulen i Volda. Det har vore fokus på "å høyre til" i barnehagane, og god klasseleiing i skulane. Det vart også arrangert regionale leiarsamlingar der temaet var samhandling i laget rundt barna. Kompetanseutviklinga vart finansiert gjennom dei nasjonale ordningane "Rekomp", "Dekomp" og "Kompetanseløftet". Kommunalområdet samarbeider tett med støttetjenestene i Livsløp i utviklingsarbeida. Fleire tilsette har også delteke på etter- og vidareutdanning.

Årsmelding 2024

Barnehage og skule har gjennom felles fokus i utviklingsarbeid, bygd både kompetanse og kultur i kommunalområdet i heile 2024.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Virksomhet	Rekneskap	Rev. bud.	Avvik i kr	Avvik i %
	2024	2024		
4000-Barnehage og skule	61 266	66 814	5 548	8,3 %
4050-Eidet skule	289	0	-289	0,0 %
4100-Vatne barneskule	12 063	11 115	-948	-8,5 %
4200-Vatne ungdomsskule	14 274	12 630	-1 644	-13,0 %
4300-Tennfjord skule	18 564	18 890	326	1,7 %
4400-Haramsøy skule	19 382	17 204	-2 178	-12,7 %
4500-Søvik skule	12 540	11 448	-1 091	-9,5 %
4600-Brattvåg barneskule	24 522	21 390	-3 132	-14,6 %
4700-Brattvåg ungdomskule	19 764	16 774	-2 990	-17,8 %
4810-Tennfjord Barnehage	10 987	11 087	100	0,9 %
4820-Søvik barnehage	7 472	7 983	510	6,4 %
4830-Hildre barnehage	1 878	2 875	997	34,7 %
4840-Haramsøy barnehage	6 733	6 877	144	2,1 %
4850-Lepsøy barnehage	2 773	3 175	402	12,7 %
Sum	212 508	208 263	-4 245	-2,0 %

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr
	2024	2024	
Lønn	154 689	173 779	-19 091
Refusjon lønn	-1 122	-11 597	10 476
Sum Lønn	153 567	162 182	-8 615
Drift	13 303	17 987	-4 684
Kjøp av produksjon	56 775	55 391	1 383
Overføringer	1 806	4 241	-2 435
Finansutgifter	0	608	-608
Sum Utgifter	71 884	78 227	-6 343
Brukerbetaling	-10 116	-8 160	-1 956
Refusjoner	-7 072	-13 979	6 907
Overføringer	0	-1 005	1 005
Finansinntekter	0	-4 757	4 757
Sum Inntekter	-17 188	-27 901	10 713
Netto resultat	208 263	212 508	-4 245


Kommentar til status økonomi

Kommunalområde barnehage og skule greidde ikkje å halde den tildelte ramma i 2024, og enda med eit meirforbruk på omlag 4,2 mill. kroner.


Oppsummering tiltak

Hildre barnehage, Lepsøy skule og Flem skule vart nedlagt, og dette fekk 5 mnd effekt i 2024.

Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)**Detaljvisning drift (graf)**

Årsmelding 2024



KOSTRA Nøkkeltal

Kostranalyse - Grunnskole

	Haram 2023	Haram 2024	Giske	Ålesund	Herøy (M. og R.)	Ørsta	Volda	Kostragruppe 01
Prioritet								
Brutto investeringsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger *)		20 706,1	1 366,7	4 333,3	152,6	7 868,5	646,8	4 413,8
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223) i prosent av samlede netto driftsutgifter		22,4 %	28,0 %	22,6 %	21,9 %	23,2 %	21,9 %	23,7 %
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år *) **)		105 242	117 078	110 977	118 483	122 715	122 740	124 253

Årsmelding 2024

Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år *) **)	140 044	145 513	143 610	146 572	154 736	158 964	157 781
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år *) **)	18 672	14 913	12 717	13 330	18 358	14 428	14 227
Dekningsgrad							
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	7,5 %	7,6 %	9,8 %	8,0 %	6,0 %	5,7 %	9,5 %
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	2,3 %	4,4 %	7,1 %	6,4 %	5,5 %	6,7 %	5,2 %
Kvalitet							
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	3,9	3,7	4,0	4,1	4,0	4,3	3,9
Nasjonale prøver 5. trinn: Lesing	45,0	48,0	49,0	44,0	47,0	48,0	
Nasjonale prøver 5. trinn: Regning	48,0	47,0	51,0	47,0	47,0	51,0	

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Kostra-analyse - Barnehage

	Haram 2023	Haram 2024	Giske	Ålesund	Herøy (M. og R.)	Ørsta	Volda	Kostragruppe 01
Prioritet								
Barnehage brutto driftsutgifter andel av totale utgifter (prosent)		10,3 %	13,8 %	11,3 %	10,3 %	12,2 %	10,9 %	10,3 %
Netto driftsutgifter i prosent 211 styrket tilbud til førskolebarn (B)		1,0 %	1,7 %	1,5 %	1,1 %	1,9 %	1,5 %	1,0 %
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager *) **)		221 615	217 179	214 066	224 568	234 124	241 611	231 002
Kvalitet								
Andel barnehagelærere i prosent av grunnbemanningen (prosent)		37,3 %	39,6 %	41,6 %	45,7 %	44,6 %	52,1 %	42,4 %

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving
Politisk vedtak		
Camp Nordøyane	-2 300	Ferdig Orientering om framdrift i kommunestyret 23.05.
Flatt kutt ca 1 prosent	-2 050	I arbeid Barnehage og skulestruktursaka skulle føre til at vi nådde kuttmålet, men per i dag er vi framleis usikre på utfallet. Dette grunna vedtak om å opprette privat barnehage på Hildre, flytting av Utigarden barnehage,

Årsmelding 2024

Tiltak	Ramme år 1	Status	Beskriving
			samt å opprette Longva som eigen barnehage.
Effektivisering/omorganisering skule	0	I arbeid	Det er no tilsett rektor, og det vil bli utarbeida bemanningsplan for Eidet skule iløpet av hausten 2024.
Sum	-4 350		
Nye tiltak			
Camp Nordøyane	2 500	Ferdig	Orientering om framdrift i kommunestyret 23.05.
Sum	2 500		
Sum tiltak	-1 850		

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	3,20 %	6,16 %	9,36 %

Status sjukefråvær

Våren 2024 sette vi oss eit mål i kommunalområdet vårt om å auke nærværet med 1 prosentpoeng. For å nå dette målet ønska vi å skape ein kultur der tilsette går til leiar før lege, og at alle leiarane skulle tilby utviklingssamtale der nærvær er tema. I 2024 hadde kommunalområde barnehage og skule eit samla sjukefråvær på 9,36 %. Dette var fordelt på 3,2 % korttidsfråvær og 6,16 % langtidsfråvær.

Barnehage og skule

Beskriving av tenestekområde

Kommunalområde barnehage og skule har på dette tenestekområdet ein fagstab med 2,5 årsverk. Oppgåvene er mange, og består i all hovudsak av sakshandsaming/vedtaksarbeid til alle barnehagane og dei private skulane, saksførebuing til politikken, fagleg støtte og rådgjeving, planlegging og gjennomføring av kompetansehevingstiltak, samt det å skape meningsfulle og lærande møteplassar/nettverk for leiarar og tilsette i barnehage, SFO og skule.

Ansvarsområdet har eit stort budsjett, sidan det er her kompetansemidlar frå stat og region kjem inn, og kommunen sine utbetalingar av tilskot til private barnehagar og refusjon etter vedtak til privatskular vert utbetalt. Vi har også valt at skuleskyss, svømmeskyss, refusjon for fosterheimsplasserte elevar (og

Årsmelding 2024

andre gjesteelevar) til andre kommunar vert utbetalt frå dette fellesområdet, istaden for at kvar nærskule skal ta desse utgiftene. Fagstab har også ansvar for IKT investeringane.

Utvikling og utfordringar i 2024

Fagstab for barnehage og skule starta med to tilsette som var innplassert og ein tilsett som vart nyrekruttert. I 2024 har fokuset vore på å etablere gode møteplassar og ei god ansvarsfordeling for å løyse oppgåvene til det beste for innbyggjarane. Alle har vore fleksible og løysingsorienterte i møte med nye utfordringar, og det har vore vist stor vilje til å samarbeide både internt og eksternt.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	3 756	3 862	-106
Refusjon lønn	0	-18	18
Sum Lønn	3 756	3 843	-87
Drift	4 521	6 796	-2 275
Kjøp av produksjon	56 731	55 372	1 358
Overføringer	1 806	1 851	-45
Finansutgifter	0	464	-464
Sum Utgifter	63 058	64 483	-1 425
Refusjoner	0	-2 217	2 217
Overføringer	0	-245	245
Finansinntekter	0	-4 599	4 599
Sum Inntekter	0	-7 060	7 060
Netto resultat	66 814	61 266	5 548


Kommentar til status økonomi

Tenestekområdet hadde eit mindreforbruk på omlag 5,5 mill. i 2024. I all hovudsak handla det om meir inntekter enn vi hadde budsjettert med, i form av refusjonar og overføringar, til dømes kommunedelingsmidlar.

Grafar økonomi



Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2024



Detaljvisning drift (graf)

Årsmelding 2024



Vatne barneskule

Utvikling og utfordringer i 2024

Skuleåret 2024 balanserte vi mellom å vere ny kommune, bygging av nye Eidet skule, både bygging av nytt bygg og ny organisasjon. Samstundes gjekk dagleg skuledrift for fullt, med mindre rammer og ressursar enn skuleåret 2023.

Omstillingsarbeid krev mykje tid og energi, og det har det gjort også i denne prosessen. Vi er ikkje eit unntak i så måte. Alle har med eit stort ynskje om «det beste for elevane våre», gjort det beste som ein kan forvente av dei og litt til. Sjølv med svært låge ramme, og krevjande prioriteringar kring økonomi. Tilsette har teke eit stort ansvar for at elevane skal ha gode, lærerike dagar på skulen. Kanskje til tider større ansvar enn ein kan forvente. Gjennom godt arbeid og ikkje minst godt samarbeid med andre

Årsmelding 2024

instansar og føresette, lukkast vi å skape ein best mogleg skuledag for elevane. Vi har vore **modige**, **engasjerte** og **opne** i arbeidskvardagen vår.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000


	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	11 815	13 508	-1 693
Refusjon lønn	-550	-1 246	696
Sum Lønn	11 265	12 262	-997
Drift	990	830	159
Overføringer	0	159	-159
Finansutgifter	0	36	-36
Sum Utgifter	990	1 025	-35
Brukerbetaling	-670	-611	-59
Refusjoner	-470	-569	99
Overføringer	0	-44	44
Sum Inntekter	-1 140	-1 224	84
Netto resultat	11 115	12 063	-948

Kommentar til status økonomi



Meirforbruket er ein konsekvens av behov for auka bemanning.

Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	2,68 %	6,83 %	9,51 %

Status sjukefråvær

Nivå som forventa.

Vatne ungdomsskule

Utvikling og utfordringar i 2024

2024 var eit godt år for dei fleste elevane på Vatne ungdomsskule. Svært gledeleg at dei nye 8.klassingane våre scora svært høgt både på trivsel, motivasjon og læringskultur på elevundersøkelsen. Vi var veldig oppteken av ein god start då vi skulle begynne med ny klasse og dette slo svært godt ut på elevundersøkelsen i november og var eit steg i rett retning samanlikna med åra etter pandemien.

Mykje av tida på hausten gjekk til å planlegge flytting frå Vatne ungdomsskule til nye Eidet skule. Dette måtte gjerast effektivt då vi i realiteten berre hadde ei veke til disposisjon. Vi ga elevane heimeskule og alle tilsette gjorde ein formidabel jobb med å rydde, sortere og kaste etter 50 år med drift av Vatne ungdomsskule. Dette gjorde at vi var klar til å ta Eidet skule i bruk på nyåret 2025.

Vi opplevde også positiv hjelp frå kommunale instansar for elevar som strevar med bekymringsfullt skulefråvær. Det tok litt tid før alt var på plass i nye Haram kommune, men vi merka positiv utvikling i støtta frå ressursbasen på hausten. Dette og Camp Nordøyane er viktige støttespelarar for skulen i arbeidet med dei som strevar med å kome seg på skulen.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	12 764	14 301	-1 537
Refusjon lønn	0	-453	453
Sum Lønn	12 764	13 848	-1 084
Drift	778	1 275	-497
Overføringer	0	232	-232
Finansutgifter	0	67	-67
Sum Utgifter	778	1 574	-796
Refusjoner	-913	-1 092	179
Overføringer	0	-56	56
Sum Inntekter	-913	-1 148	236
Netto resultat	12 630	14 274	-1 644


Kommentar til status økonomi

Avvik stort sett grunna lønn i forhold til budsjett. Samtidig viser GSI at vi dreiv under lærarnorm, noko vi også fekk pålegg om å endre. Sjukefråvær har også ført til ein del bruk av vikarar utanfrå og løysingar internt.

Grafar økonomi


Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2024



Detaljvisning drift (graf)

Årsmelding 2024

**Sjukefråvær****Fråvær**

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	2,18 %	4,02 %	6,20 %

Status sjukefråvær

Tenestekområdet har i 2024 hatt eit bra år i forhold til fråvær om ein ser bort frå dei langtidssjukemeldte. Tiltak som er gjort er blant anna å auke med ein kontaktlærar på dei mest krevande elevgruppene. Vi har også prøvd å redusere mengda med tunge fag for dei som har hatt mest og som har ønska ein "letteare" kvardag.

Tennfjord skule

Utvikling og utfordringar i 2024

Året 2024 har vore spesielt for Tennfjord skule. Fokus har i stor grad vore retta mot samanslåinga av dei tre skulane i området, til Eidet skule frå hausten 2025. Samtidig har vi arbeidd for å oppretthalde kvalitet og drift på Tennfjord skule. Fokuset til dei tilsette har vore at siste året på Tennfjord skule skal vere eit år der ein leverer tenester og tilbod til elevane som ein har gjort før og ein skal avslutte "med flagget til topps". Vi har vore med på to større satsingsområde til Haram kommune innan klasseleiing gjennom DEKOMP ved Høgskulen i Volda og "Bry deg-prosjektet" gjennom Læringsmiljøsenderet. Vi stilte med to lag i First Lego League med 7. klasse, der begge laga gjorde det veldig bra. Det eine laget vant Championprisen i Ålesund og gjekk vidare til Skandinavisk finale. Skulen arrangerte juleforestillinga "Snus og Finn i Nisseland" i desember med 300 tilskodarar på generalprøva og 500 på kvelden. Det er eit stort arrangement som er særskilt viktig for både elevane og dei tilsette som vi legg mykje arbeid i.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	19 902	23 173	-3 271
Refusjon lønn	0	-2 634	2 634
Sum Lønn	19 902	20 539	-637
Drift	989	1 162	-172
Kjøp av produksjon	17	4	13
Overføringer	0	263	-263
Sum Utgifter	1 006	1 428	-422
Brukerbetaling	-1 000	-821	-179
Refusjoner	-1 018	-2 447	1 429
Overføringer	0	-136	136
Sum Inntekter	-2 018	-3 403	1 385
Netto resultat	18 890	18 564	326


Kommentar til status økonomi

Tennfjord skule hadde eit mindreforbruk på i overkant av 300 000 kroner. Årsaka til dette er refusjonar for sjukefråvær, samt at skulen har hatt mindre administrasjonsutgifter frå august av, der det ikkje har vore assisterande rektor som ein del av ei overgangsløysing til den nye skulen på Eidet er i drift.


Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2024

*Detaljvisning drift (graf)*

Årsmelding 2024

**Sjukefråvær****Fråvær**

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	4,18 %	8,68 %	12,86 %

Status sjukefråvær

Sjukefråværet er mykje høgare enn forventa og gjeld spesielt langtidsfråværet. Vi har hatt tett oppfølging av sjukmeldte og gjennom dialog prøvd å tilrettelegge for at sjukmeldte skal kome tilbake i arbeid.

Haramsøy skule

Utvikling og utfordringar i 2024

Den største utfordringa vår i 2024, var skulestrukturdebatten og vedtaket om nedlegging av Flem og Lepsøy skular frå 01.08.25. Dette er tøffe prosessar å stå i for både tilsette, foreldre og lokalsamfunna elles. Det gjorde også planlegginga og gjennomføringa av skuleåret meir komplisert. Vi føler likevel at vi har kome oss bra på plass. Det nye kollegiet og dei nye klassene har på imponerende vis takla overgangen frå 3 skular til 1. Vi har jobba godt med skuleutvikling, og vi har gode resultat på dei måleparameter som vert nytta. Vi har fokus på relasjonar og at både elevar og tilsette skal trivast. Dette fungerer godt.

Vi veit at skulen er ein viktig samfunnsbygger. Med elevar frå fire av Nordøyane, er det viktigare enn nokon gong at vi har dette lang framme i panna. Vi ønsker å vere med på å bygge trygge og gode lokalsamfunn. 2024 var også året då vi sette i gang med Camp Nordøyane, som er eit eige prosjekt som ligg under Haramsøy skule. Det har vore spennande, lærerikt og arbeidskrevande. Vi har mange som støttar prosjektet, og ikkje minst mange tilsette som er positive og innstilte på at dette skal vi få til. 2024 var prosjektstart. Så er målet at dette skal vidareutviklast dei neste 3 åra. Vi har trua, og ser allereie positive resultat.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	17 715	20 355	-2 640
Refusjon lønn	0	-739	739
Sum Lønn	17 715	19 616	-1 901
Drift	1 607	2 220	-614
Kjøp av produksjon	0	6	-6
Overføringer	0	506	-506
Finansutgifter	0	30	-30
Sum Utgifter	1 607	2 762	-1 155
Brukerbetaling	-836	-776	-60
Refusjoner	-1 282	-1 870	588
Overføringer	0	-196	196
Finansinntekter	0	-154	154
Sum Inntekter	-2 118	-2 996	878
Netto resultat	17 204	19 382	-2 178


Kommentar til status økonomi

Totalt har vi eit meirforbruk på i overkant av 2 millionar kroner. I hovudsak skuldast dette auka utgifter til elevar med særskilte behov som kom til skulen i løpet av året, auka utgifter knytta til skyss av elevar med kommunale vedtak, skulesamanslåing som gjorde bemanningskabalen krevande og auke i kommunale avgifter og gebyr.


Oppsummering tiltak

Vi har redusert bemanninga med tre stillingar i løpet av 2024. Skulesamanslåinga gjorde at det var uoversiktleg i høve bemanning.

Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)**Detaljvisning drift (graf)**

Årsmelding 2024

**Sjukefråvær****Fråvær**

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	1,36 %	3,91 %	5,27 %

Status sjukefråvær

Sjukefråværet vårt er lavt. Vi har langtidssjukmeldingar som dreg opp, men korttidsfråværet er stabilt på eit svært lavt nivå. Det ser vi på som positivt, og eit uttrykk for at våre tilsette trivast godt på jobb.

Søvik skule

Utvikling og utfordringar i 2024

Søvik skule og SFO er prega av godt arbeids- og læringsmiljø og god trivsel både blant elevar og tilsette. Det er låge mobbetal og lite skulefråvær. Ved Søvik skule har vi ei godt innarbeidd aktivitetsordning i friminutta (TL) som bidreg til at alle har noko å gjere og nokon å vere med. Vi er heldige å få bruke Norborghallen aktivt kvar einaste dag og både i timar og i friminutt. Vi har jobba mykje for å dreie frå eit individ-fokus til eit fokus på fellesskapen, der vårt motto i år har vore "Vi gjer kvarandre gode." I november 2024 inviterte vi Mobbeombodet til eit foreldremøte med fokus på korleis vi alle kan bidra til eit meir inkluderande samfunn.

Vi har vore med på Dekomp- satsing med kompetanseheving innan klasseleiing. Personalet har eit positivt elevsyn og strekker seg langt for å tilrettelegge for elevar som treng det. Arbeidet med å halde oppe trykket som dysleksivennleg skule har også vore prioritert. Hausten 2024 hadde Haram kommune ein eigen fagdag om dysleksi, der alle tilsette fekk god kunnskap. I år var det særleg fokus på overgangar, der både barnehage, barneskule og ungdomsskule deltok. På eigen skule arrangerte vi kurs for aktuelle foreldre og elevar. Vi meiner det er viktig å ha ein god balanse mellom digital og praktisk undervisning. Særleg for dyslektikarar er digitale hjelpemiddel svært viktige. Vi brukar elles mykje naturen og nærområdet rundt oss i undervisninga.

FAU ved Søvik skule bidreg aktivt med trivselstiltak og arrangement på skulen og i lokalmiljøet. FAU er velfungerande, og vi ønsker å bygge vidare på dette med tanke på å bygge fellesskapen og førebygge utanforskap. Vi skal lage plan for skule-heim samarbeidet i 2025. Utfordringar i 2024 dreier seg i stor grad om økonomi.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	12 852	13 803	-952
Refusjon lønn	0	-413	413
Sum Lønn	12 852	13 390	-538
Drift	345	804	-459
Kjøp av produksjon	0	5	-5
Overføringer	0	151	-151
Sum Utgifter	345	960	-615
Brukerbetaling	-1 320	-1 015	-305
Refusjoner	-429	-716	287
Overføringer	0	-77	77
Finansinntekter	0	-2	2
Sum inntekter	-1 749	-1 811	62
Netto resultat	11 448	12 540	-1 091

Kommentar til status økonomi


I 2024 hadde Søvik skule eit negativt resultat på 1.091.418 kroner. Avviket skuldast meirforbruk på lønn sjukevikarar og fastlønn lærar. Søvik skule har hatt auka utgifter til drift med spesped. og alternativ opplæringsarena (inkludert skyss). Overgangen frå Ålesund til Haram kommune har vore utfordrande med tanke på driftsmidlar til lærebøker og digitale lisensar. Utgifter til leirskule låg heller ikkje inne i budsjettet.

Oppsummering tiltak

Av tiltak kan vi nemne at ein har prøvd å halde utgiftene nede, blant anna til vikar. Det er tatt inn inntekter på refusjon av sjukelønn og refusjon for studie. Nokre av dei tilsette har hatt reduserte stillingar, og vi har redusert bemanning i SFO frå august.



Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)

Årsmelding 2024

**Sjukefråvær****Fråvær**

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	3,08 %	3,36 %	6,44 %

Status sjukefråvær

Sjukefråværet er innanfor det ein kan forvente. Vi jobbar aktivt med å førebygge og følge opp. Det er stadig fleire oppgåver som er forventa løyst innanfor ordinær opplæring, og presset på dei tilsette er stort. Det er viktig med ein tilstrekkeleg grunnressurs slik at ein kan løyse oppgåvene ein er sett til. Nokre gongar har det også vore naudsynt å leige inn vikarar for å førebygge sjukmeldingar.

Brattvåg barneskule

Utvikling og utfordringar i 2024

Brattvåg barneskule fekk godkjent å bygge om ein del av gamleskulen som står på tomte til ei slags forsterka avdeling (sanse rom). Vi har fått tre heilt nye rom som vi starta innreiing av slik vi kan imøtekome ulike behov. Det vil vere ein styrke for skulen vår og for ein del av våre elevar.

Vi har eit godt tverrfagleg samarbeid med dei aller fleste instansane i kommunen og har jamlege møte. Vi har også gjort om på organisering av team på enkelte trinn for å jamne ut ansvar og lette arbeidet for den enkelte, dvs at nokre har fått meir ansvar og andre igjen litt mindre. Erfaringar vi har gjort oss i løpet av åra har sett at dette har vore nødvendig.

Utfordringar som vi har hatt i 2024 har vore med å få tak i nok folk, men vi har vore bevisst og hatt eit godt samarbeid med andre instansar i kommunen slik at vi har hatt mange flinke folk med oss likevel. Det er ei utfordring vi framleis kjem til å ha framover, mangel på folk.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	23 698	27 915	-4 217
Refusjon lønn	-572	-2 142	1 570
Sum Lønn	23 126	25 773	-2 647
Drift	769	1 503	-734
Kjøp av produksjon	27	5	23
Overføringer	0	282	-282
Finansutgifter	0	11	-11
Sum Utgifter	797	1 802	-1 005
Brukerbetaling	-1 713	-947	-766
Refusjoner	-821	-1 992	1 172
Overføringer	0	-114	114
Sum inntekter	-2 533	-3 053	520
Netto resultat	21 390	24 522	-3 132


Kommentar til status økonomi

Meirforbruket på lønn er grunna auke i elevar med store hjelpebehov. Skuleåret er startar 1.august og det kan kome store endringar i løpet av denne perioden. Lønnsutgifter er ein kombinasjon av at det er fleire stillingar som skal dekke ein del av behovet opp mot elevar og når vi har hatt så mange sjukmeldingar så har vi måtte leige inn ein del. Det har også vore ei vesentleg lønnsauke for nokre, knytt til etterutdanning.



Det er også eit stort avvik på SFO-delen, der ein ikkje har justert prognosen for sjølvkost. Budsjettet er om ein har barn som betaler full pris, men for vår del så har vi hatt omlag halvparten gratis plasser og berre det, samt redusert foreldrebetaling. Og når ein ikkje får kompensert dette fullt ut så må ei likevel ha same bemanninga, men det blir langt frå sjølvfinansiert som var eit mål ein gong i tida.

Oppsummering tiltak

Vi har flytta folk på huset for å få dette til å gå ihop enkelte dagar. Er veldig bevisst på innleige og leiinga sjølv har også måtte tatt vikartimar, vore på SFO o.l. Med tanke på korttidsfråværet som vi har måtte dekt inn så er det på sikt ein del å hente på å få ned sjukefråvær, men noko av det er det vanskeleg å gjere noko med.

Grafer Økonomi***Driftsutgifter og inntekter (graf)******Detaljvisning drift (graf)***

Årsmelding 2024

**Sjukefråvær****Fråvær**

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	3,24 %	6,94 %	10,18 %

Status sjukefråvær

Vi har hatt eit stabilt høgt sjukefråvær gjennom 2024. Nivået er som forventa i denne arbeidsgruppa for vår del. Sjølv om vi på papiret skal ha ei god grunnbemanning så er det mykje tilpassingar og tilretteleggingar vi må gjere. Vi har ikkje hatt ein dag med normal drift gjennom heile fjoråret.

Vi har hatt eit stort langtidsfråvær heile året av ulike grunnar. Samla sett både kort og lang så ligg SFO-delen på om lag 17 %. og skuledelen på om lag 15,5% som sjølvsagt er altfor høgt. Enkelte dagar på det verste har vi hatt omlag 40 % borte frå jobb.

Årsmelding 2024

Korttidsfråværet gjer at det tappar ein del av budsjettet og dette er tema ved oppstart av nytt skuleår og gjennom heile året. Dette er fråvær som vi ikkje får refusjonar for og som må dekkast inn av det ordinære budsjettet. Vi arbeider kontinuerleg med dette i HSU-møta der leiinga, tillitsvalte, verneombod er tilstades. Vi har jamlege samtaler med tilsette om dette og arbeidsmiljø, der sistnemnte er tema fast på medarbeidersamtaler.

Vi har hatt NAV arbeidslivssenter inne for rådgøring, men vi gjer mykje bra og følg opp og tilrettelegg der vi kan.

Brattvåg ungdomskule

Utvikling og utfordringar i 2024

2024 har vore eit år der ein på nytt har tilpassa seg ny kommune, nye rutiner og nye personar i ulike stillingar i kommunen. Dette har for det meste gått greitt, men har også vore utfordrande på nokre område.

Skulen har ei mangfaldig elevgruppe, med mange elevar med fleirkulturell bakgrunn. Vi har elevar som har budd lenge i Noreg, men som likevel presterer lågt på ungdomsskulen. Dette er mykje på grunn av manglande opplæring, og vi ser behov for å sjå nærare på korleis den tospråklege opplæringa kan bli betre i Haram. I 2024 opna asylmottak for einslege mindreårige i Hamnsundet, og Brattvåg ungdomsskule er nærskulen for dei av ungdommane som har rett til grunnskuleopplæring. Desse elevane kjem på kort varsel, og vi arbeider framleis med å finne gode rutinar for å kunne ta imot dei på ein god måte. Vi opplever at det er for knappe ressursar i skulen, slik at vi ikkje har nok personale til å gi eit så godt tilbod som vi ønsker. Likevel, strekker personalet seg langt for å yte kvalitet og gode tenester.

Det er mange gode initiativ i Haram, som gjer at ein på nokre område ser at ein utviklar seg i rett retning, her kan Camp Nordøyane nemnast og samarbeid med Læringsmiljøsenderet. Vi har eit godt samarbeid med «laget rundt eleven», og vi jobbar aktivt for å fremme skulen sin visjon «vi skal ville kvarandre vel, og gjere kvarandre gode». Dette heng saman med MOT-programmet som vi har gode rutinar for å gjennomføre. I elevundersøkinga er det gledeleg å sjå at Brattvåg ungdomsskule har lågare mobbetal på 10. trinn enn nasjonalt, og at elevar held fram med å oppleve faglege utfordringar.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	16 805	19 199	-2 394
Refusjon lønn	0	-1 328	1 328
Sum Lønn	16 805	17 871	-1 065
Drift	1 386	2 744	-1 358
Overføringer	0	460	-460
Sum Utgifter	1 386	3 204	-1 819
Refusjoner	-1 417	-1 230	-187
Overføringer	0	-82	82
Sum Inntekter	-1 417	-1 311	-105
Netto resultat	16 774	19 764	-2 990

Kommentar til status økonomi


Brattvåg ungdomsskule hadde eit høgt meirforbruk i 2024. Dette har samband med utgifter til lønn og t.d. skyss som ikkje har vore kompensert i budsjett. Utgiftene er også knytt til ekstra behov ved skulen. I tillegg til dette ligg Brattvåg ungdomsskule rett over lærernorm, slik at det er vanskeleg å redusere meir på talet på tilsette for å få lønnsutgiftene til å bli mindre.

Oppsummering tiltak


Vi ser heile tida etter måtar å organisere oss på, slik at vi kan få ned utgiftene. Dette dreier seg om å redusere talet på tilsette, sidan det er lønnsutgifter vi må redusere. Vi har redusert noko, og omorganisert slik at ein del av utgiftene blir mindre i 2025. Mykje av utgiftene er knytt til elevar med ekstra behov, noko som bør kome inn som auke i budsjettet.

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	4,08 %	5,62 %	9,70 %

Status sjukefråvær

Vi har eit relativt høgt fråvær totalt sett. Det som er knytt mot langtidsfråvær er for det meste fråvær det er lite å gjere med, men vi prøver å legge til rette for mest mogleg arbeid der det er hensiktsmessig. Korttidsfråværet er også noko høgt, og vi ser dessverre ein trend som ein bør forsøke å snu. Vi er for få tilsette i forhold til oppgåvene som skal løysast. Dette gjer at vi er svært sårbare for fråvær, då tilsette må dekke over for dei som er borte, noko som igjen fører til slitne arbeidstakarar.

Tennfjord Barnehage

Utvikling og utfordringar i 2024

Tennfjord barnehage har ein avtale om partnerskap med barnehagelærerutdanninga ved høgskulen i Volda. Vi har jobba med å utvikle og forbetre utdanningskvaliteten for studentane, og styrke kompetanseutviklinga i barnehagen gjennom eit likeverdig samarbeid. Avtalen har bidratt til vidareutvikling og styrking av kvaliteten både i praksisfeltet og i utdanninga, og den har skapt gode samarbeidsrelasjonar mellom utdanning og praksisfelt, som for eks: delt stilling mellom barnehagen og HIV, hospitering, forskning, og fleire tar vidareutdanning.

Tennfjord barnehage har også i 2024 drive med utviklingsarbeid. Vi har jobba mot at alle barn skal oppleve eit tilpassa og inkluderande språkmiljø og gitt dei moglegheit til utvikling, meistring, læring og trivsel utifrå barnet sine føresetnader.

Tennfjord barnehage har samarbeidd tverrfagleg med ulike aktørar som til dømes PPT, barnevernet, helsestasjonen, ulike skular m.m. Vi har tatt imot studentar frå Høgskulen i Volda som går barnehagelærerutdanninga og lærlingar frå barne- og ungdomsarbeidarfaget. Vi har også tatt imot elevar på utplassering frå ungdoms- og vidaregåande skule. Vi har hatt eit samarbeid med Eidet omsorgssenter, såkalla «Livsglede». Vi har også hatt eit tett samarbeid med foreldra ved å halde foreldresamtalar, temamøte der foreldra kan melde inn behov for tema og dagleg tett kontakt, og vi har faste møte i samarbeidsutvalet.

Vi har eit personale som sett pris på at vi har eit godt fagmiljø, og dei tilsette har lang erfaring og stort engasjement for jobben sin. Vi ser at med fokus på det som er nemnt over her så gir dette ei positiv utvikling av tenestekvaliteten, men vi har også stått i utfordringar som høg arbeidsbelastning og til tider lav bemanning, då det har vore vanskeleg å få tak i vikarar. Dette kan igjen medføre at ein ikkje føler at ein gir eit godt nok tilbod til brukarane og drifta har vore utfordrande.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	12 570	14 257	-1 687
Refusjon lønn	0	-1 178	1 178
Sum Lønn	12 570	13 079	-509
Drift	602	301	300
Overføringer	0	138	-138
Sum Utgifter	602	439	163
Brukerbetaling	-1 802	-1 609	-193
Refusjoner	-282	-871	589
Overføringer	0	-50	50
Sum Inntekter	-2 084	-2 531	447
Netto resultat	11 087	10 987	100

Kommentar til status økonomi


Tennfjord barnehage tok inn meir born enn budsjettet med i 2024. Dette medførte ei auke i lønnsutgifter då vi måtte tilsette meir personal i tråd med bemanningsnorm. Totalt sett er det eit mindreforbruk og vi har klart å tilpasse oss ramma for 2024 basert på tiltak vi har gjort.

Oppsummering tiltak

Vi har vore bevisst på bruk av vikar og gjort interne omrokkingar før eventuelt innleige av vikarar. Vi har vore nøktern med innkjøp utover bruk av øyremerka midlar, til dømes tenkt gjenbruk.


Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)

Årsmelding 2024

**Sjukefråvær****Fråvær**

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	4,29 %	9,53 %	13,83 %

Status sjukefråvær

Vi har eit samla stabilt høgt sjukefråvær. Vi har høgast langtidsfråvær, og dette forventa vi utifrå ulike årsaker. Vi har god dialog og oppfølging rundt sjukefråvær. Vi jobbar systematisk med HMS gjennom året og har faste møte i HMS-gruppa vår som består av styrar, verneombod, tillitsvalte og brannansvarleg. Vi har fokus på god informasjon ut til alle tilsette og jobbar med handlingsplan for våre HMS-mål i personalgruppa.

Våre HMS mål for 2024 var:

Årsmelding 2024

- Sikre eit trygt og godt psykososialt barnehage- og arbeidsmiljø.
- Jobbe for å sikre at liv, helse, miljø og materielle verdier ikkje går tapt

Søvik barnehage

Utvikling og utfordringar i 2024

Gjennom året har vi jobba for ein meir åpen og informativ dialog. Dette har skapt eit betre samarbeid og forståing mellom barnehagen og heimane, og vi fekk god tilbakemelding på foreldreundersøkelsen.

I 2024 har vi fått til eit samarbeid med biblioteket og foreldre, der vi har utlån internt i barnehagen. Dette har ført til auka leseglede og leselyst blant barna, som igjen fremmer ordforrådet. Foreldre har gitt mykje positiv tilbakemelding på dette samarbeidet.

Vi har kutta ut unødig tidsbruk på morgonmøter ved å gjere dei digitale. Dette er eit lite steg, men noko som fjernar mykje stress i kvardagen. Personalet har uttrykt stor glede over å sleppe å gå ut av avdelinga som allereie er pressa på bemanninga midt i samling og påkledning. Dette gir dei meir tid til barna, og meir overskot i kvardagen, noko som igjen gjer foreldre glade. I tillegg har vi digitalisert internkontrollane, slik at dei er lett tilgjengelege. Leiar har hatt fokus på tilgjengelegheit og det å gjere kvardagen for dei tilsette enkel. Det dei treng for å gjere ein god jobb saman med barna, skal vere tilgjengeleg og lett å finne når dei skal utføre sitt arbeid. Å ha nok personal til å gi barna den omsorga og oppfølginga dei treng kan vere utfordrande, spesielt i periodar med høgt sjukefråvær eller andre ressursutfordringar.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	9 121	9 733	-612
Refusjon lønn	0	-987	987
Sum Lønn	9 121	8 746	375
Drift	295	69	226
Overføringer	0	93	-93
Sum Utgifter	295	162	133
Brukerbetaling	-1 236	-1 130	-105
Refusjoner	-198	-300	102
Overføringer	0	-5	5
Sum Inntekter	-1 433	-1 435	2
Netto resultat	7 983	7 472	510


Kommentar til status økonomi

Søvik barnehage hadde eit mindreforbruk på omlag 0,5 mill kroner i 2024. I all hovudsak var dette grunna refusjonar.


Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2024

*Detaljvisning drift (graf)*

Årsmelding 2024

**Sjukefråvær****Fråvær**

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	5,31 %	8,91 %	14,22 %

Status sjukefråvær

Generelt kan det seiast at nivået på sjukefråværet i 2024 var høgare enn ønska. Samtidig har fråværet vore høgare historisk sett, så utviklinga går likevel i positiv retning. Vi har hatt eit spesielt fokus på å møte tilsette med forståing, ta personalet på alvor, og vere raus med kvarandre internt i personalgruppa. Vi har lagt vekt på å skape teamkjensle og å gjere kvarandre gode.

Hildre barnehage

Årsmelding 2024

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	3 144	1 942	1 201
Sum Lønn	3 144	1 942	1 201
Drift	155	258	-103
Overføringer	0	10	-10
Sum Utgifter	155	268	-113
Brukerbetaling	-372	-243	-129
Refusjoner	-51	-89	38
Overføringer	0	0	0
Sum inntekter	-423	-332	-91
Netto resultat	2 875	1 878	997

Kommentar til status økonomi


Hildre barnehage vart nedlagt frå 01.08.24, og enda difor med eit mindreforbruk på omlag 1 mill.

Oppsummering tiltak



Barnehagen vart nedlagt 01.08.24

Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)



Haramsøy barnehage

Utvikling og utfordringer i 2024

Haramsøy barnehage har i 2024 drive to avdelingar på to ulike lokalitetar. Haramsøy med 28 barn og Longva med 9 barn. Vi har hatt faste vaksne knytt opp til dei ulike avdelingane, og vi har hatt faste som har arbeidd på begge lokalitetar.

Vi har vore eit personalfellesskap som har gjennomført faste møter i lag og i 2024 har vi hatt eit gjennomgåande utviklingsarbeid i barnehagen, som kommunen har gitt namnet "Å høyre til". Dette har bidrege til at barnehagen har utvikla sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling. Vi har hatt partnerskap med høgskulen i Volda, og vore i nettverksgruppe med to andre kommunale barnehagar.

Årsmelding 2024

Vi har gjennomført tre fagsamlingar/planleggingsdagar; språkvennleg barnehage/Dysleksi Noreg, utforming av det fysiske miljøet og rommet si betydning for språkleg aktivitet og Trygt og godt v/mobbeombodet i M&R. I 2024 vart det innført rapportering til Statsforvalteren, om vi har barn i barnehagane som ikkje har det trygt og godt. Denne rapporteringa skal skje årleg. Arbeidet med trygt og godt skal vere med oss på neste utviklingsarbeid i Haram.

Gjennom partnerskap med andre har vi skapt ein arena, der vi utviklar kunnskap saman, på grunnlag av teori, forskning og praksisnære erfaringar. Vi har hatt eit tett samarbeid med Lepsøy Barnehage og Haramsøy skule, der vi har arbeidd etter årshjul som sikrar fellesaktivitetar/treffstader både i barnehagane og på skulen. Eit tett samarbeid skaper tryggleik og meistring for barna, og bidreg til å skape samanheng og kontinuitet fagleg og sosialt. Vi ønsker at barna skal oppleve overgangen til skulestart med glede. Vi har eit tett samarbeid med kommuneleiinga og andre barnehagar i kommunen, gjennom faste leiarmøte, styrarmøte og pedagogmøte.

I kvardagen elles har vi fokus på HMS. Vi er ein miljøsertifisert barnehage og har i den samanheng eit felles årshjul med aktivitetar knytt opp til dette saman med andre HMS aktivitetar og rutinar. Mange av desse blir gjennomført i tett samarbeid med verneombod og gjennom faste HMS-møter.

Vi gjennomførte førstehjelp- og brannvernkurs i 2024, og dette gjennomfører vi fast kvart andre år.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	7 122	7 520	-397
Refusjon lønn	0	-118	118
Sum Lønn	7 122	7 402	-280
Drift	714	218	496
Overføringer	0	68	-68
Finansutgifter	0	0	0
Sum Utgifter	714	286	428
Brukerbetaling	-826	-719	-107
Refusjoner	-133	-234	101
Overføringer	0	0	0
Finansinntekter	0	-2	2
Sum Inntekter	-960	-955	-4
Netto resultat	6 877	6 733	144


Kommentar til status økonomi

Når det gjeld det økonomiske resultatet for 2024, så har Haramsøy barnehage eit mindreforbruk på 143 526 kroner. I hovudsak kjem dette av refusjon sjukelønn og bevisst bruk av midlar/innkjøp. Når det gjeld sjukelønn er det refundert meir enn vi har klart å bruke grunna manglande vikartilgang. Vi er ein miljøsertifisert barnehage og skal ha fokus på ei berekraftig utvikling. Det inneber å redusere og unngå unødvendige innkjøp. Vi tenker gjenvinning og gjenbruk der vi kan.

Grafar økonomi


Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2024



Detaljvisning drift (graf)

Årsmelding 2024

**Sjukefråvær****Fråvær**

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	2,40 %	2,17 %	4,58 %

Status sjukefråvær

Vårt overordna HMS-mål er at vi skal ha eit trygt og sikkert arbeidsmiljø som hindrar skade og sjukdom og som fremmer helse, motivasjon og arbeidsglede. Vi arbeider etter eit HMS-årshjul, der vi har ulike oppgåver, system og rutinar som vi følger i kvardagen. Dette er viktig for oss for å oppretthalde og vidareutvikle psykososiale, organisatoriske og ergonomiske faktorar. Sjukefråværet i 2024 var stabilt lavt. Av nærværstiltak vi arbeider med kan vi nemne kollegastøtte, tett oppfølging og tilrettelegging av oppgåver der det er mogleg.

Lepsøy barnehage

Utvikling og utfordringar i 2024

Frå august 2024 blei barnehagen åleine i bygget då drifta av Lepsøy skule vart nedlagd og elevane blei flytta til Haramsøy skule. Barnehagen tok då på seg eige reinhald for å spare inn på utgifter og samtidig bruke av dei ressursane vi allereie har, i barnehagen. Eit godt samarbeid med eigedom.

Lepsøy barnehage deltok i barnehagebasert utviklingsarbeid gjennom ReKomp. Der deltok vi på fleire felles planleggingsdagar og utviklingsmøte med andre barnehagar og Høgskulen i Volda. Vi aukar kvaliteten i drifta ved å drive utviklingsarbeid saman med andre. I ei lita gruppe pedagogar, får vi godt utbytte av dette samarbeidet. Pedagogane har også delteke på pedagogsamlingar.

I overgangen frå barnehage til skule har vi innarbeidd nye rutinar i og med vi har fått ny skule. Der har vi samarbeidd med både Haramsøy skule og Haramsøy barnehage om eit felles årshjul som sikrar barna ein trygg og god overgang med treffpunkt både i barnehagane og i skulen. Våren 2024 hadde vi felles brann- og førstehjelpskurs saman med Haramsøy barnehage.

Det har vore utfordrande dette året med høgt sjukefråvær og utfordrande å finne vikarar til å dekke opp dette. Med ei lita personalgruppe er dette ekstra sårbart.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	3 424	3 645	-221
Refusjon lønn	0	-341	341
Sum Lønn	3 424	3 305	119
Drift	152	82	71
Overføringer	0	25	-25
Sum Utgifter	152	107	45
Brukerbetaling	-342	-288	-54
Refusjoner	-59	-350	291
Sum Inntekter	-401	-638	237
Netto resultat	3 175	2 773	402


Kommentar til status økonomi



Lepsøy barnehage hadde eit mindreforbruk på om lag 400.000 kroner i 2024. Hovudgrunnen til dette er mindreforbruk på lønn og meirinntekter på refusjonar.

Oppsummering tiltak

Vi tok inn barn utan rett til barnehageplass for å dekke opp det vi har gått overbemanna i forhold til bemanning- og pedagognorm. Vi samarbeidde med tenesteområde eigedom der barnehagen tar reinhaldet av vårt område i bygget og har då flytta over ei 20% stilling. Dette gjer at vi har fleire folk på huset når vi har barn her og drifta blir forsvarleg.

Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)**Detaljvisning drift (graf)**



Plan Eigedom Landbruk Teknisk (PELT)

Beskriving av kommunalområdet

Kommunalområdet for plan, eigedom, landbruk og teknisk (PELT) har eit omfattande ansvarsområde. Det inneber eit vidt spekter av lovpålagde tenester til innbyggjarar, samtidig som det støttar og bidreg til utviklinga av andre kommunalområde.

Dette føreset god samhandling og tverrfagleg dialog internt mellom kommunalområda og med innbyggjarar, næringsliv og fag- og undervisningsmiljø. Haram kommune har lang tradisjon for godt samarbeid med næringslivet, og kommunalområde PELT skal fortsette å vere ein aktiv medspelar i tilrettelegging etter «Haramsmodellen».

Utvikling og utfordringar i 2024

I det første driftsåret til Haram kommune, er kommunalområde PELT samde om at vi er spesielt stolte av og ønsker å framheve prosjektet med bygging av Eidet skule. I januar 2024 overtok Haram kommune formelt byggherrerolla i prosjektet, og deltok 2. januar på første byggherremøte med eigen prosjektansvarleg. Sidan då har prosjektet hatt god framdrift, og vore prega av tett samarbeid mellom totalentreprenør, prosjektleiing og kommunen. Allereie i løpet av året er det gjort over 60 endringsbestillingar til totalentreprenøren for å sikre best mogleg kvalitet og funksjonalitet i det ferdige skulebygget. Ei viktig avklaring tidleg i prosessen, var då det blei bestemt at skulebygget også skal huse folkebiblioteket, noko som har vore diskutert som ei mogleg løysing tidlegare.

Mot slutten av året fekk prosjektet ei hektisk avslutning. Gamle Vatne ungdomsskule skulle rivast, og elevane flytta inn i den nye ungdomsskuledelen ved Eidet skule. Overtakingsforretning for denne delen blei gjennomført 16. desember, og bygget blei då også testa i fullskala. Dei siste vekene av desember gjekk med til flytting av møblar, bøker og skulemateriell, samt montering og installasjon av nytt inventar og teknisk utstyr.

Året har vore prega av høg aktivitet på alle område. Kommunen fekk ein brå start som byggherre, og alle tilgjengelege ressursar blei sett i sving. Lærarane har bidrege aktivt i brukargrupper, og teknisk personell har både gitt faglege råd, foreslått løysingar og fått nødvendig opplæring. Kulturhallen har vore ein viktig samarbeidspartnar og ein svært tålmodig nabo gjennom heile byggeperioden.

Trass brå overgang til byggherreansvar og med få interne ressursar, har prosjektet hatt god framdrift, og vi er no i god driv mot fullføring av byggeprosjektet i løpet av 2025.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Virksomhet	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
5000-Plan Eigedom Landbruk Teknisk (PELT)	1 733	1 092	-642	-58,8 %
5100-Landbruk	1 141	1 979	838	42,3 %
5200-Plan	4 359	5 109	750	14,7 %
5300-Eigedom	23 701	26 777	3 077	11,5 %
5400-Teknisk	27 864	28 454	590	2,1 %
Sum	58 798	63 411	4 613	7,3 %

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	45 835	43 501	2 333
Refusjon lønn	-1 192	-1 792	600
Sum Lønn	44 643	41 710	2 933
Drift	37 712	37 963	-251
Kjøp av produksjon	46 069	45 156	913
Overføringer	4 986	10 154	-5 168
Finansutgifter	17 710	14 822	2 888
Sum Utgifter	106 477	108 095	-1 618
Brukerbetaling	-77 483	-72 864	-4 619
Refusjoner	-9 907	-14 991	5 084
Finansinntekter	-319	-3 152	2 833
Sum Inntekter	-87 709	-91 007	3 298

Årsmelding 2024

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Netto resultat	63 411	58 798	4 613

Kommentar til status økonomi

Kommunalområde PELT har eit mindreforbruk for 2024 på ca. 4,6 millionar kroner. I kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2024 vart ramma redusert med eitt flatt kutt på 2,5% som tilsvara 1 650 000 kr. Sjølvkostbudsjettet var allereie lagt og då det ikkje kan endrast undervegs, måtte kuttet i hovudsak gjerast i tenestområdet eigedom, med noko støtte frå vegavdelinga på tenestområdet teknisk.

Eigedomsforvaltninga har difor stramme økonomiske rammer. Driftsbudsjettet i 2024 var på om lag 7,56 mill. kr, tilsvarande 108 kr/m² – berre ein tredel av det som vert rekna som nødvendig for å oppretthalde god standard. Vi har også måtte bygge opp nye rutinar og system i samband med overgangen frå eit stort kommunalt føretak til eit kommunalt tenestområde. Ein hadde dårleg oversikt over fordeling av utgifter og gebyr i den første driftsfasen.

Oppsummering tiltak


Tidleg i året såg vi at det ville bli krevjande å halde oss innanfor budsjetttrammene. Det vart difor raskt sett i verk tiltak for å redusere kostnader. Gjennom året har vi hatt tett oppfølging og god styring, og vi er nøgde med å ha klart å avgrense meirforbruket på utgiftssida. Vi sette også av midlar til eit forsikringsoppgjer, og fekk inn fleire refusjonar enn forventa.

For å halde kostnadane nede blei det brukt mindre enn budsjettert mellom anna på vedlikehald og sommardrift på veg. Vi avventa også å tilsette i vakante stillingar, og vi sette regelmessige FDV-tiltak på vent og brukte tida på å bygge gode rutinar, fag- og arbeidsmiljø. Dette førte til underforbruk i første omgang, og alt som er sett på vent må no takast igjen for å unngå fordyrande vedlikehaldsetterslep. Desse faktorane har likevel vore avgjerande for å hente inn tidlegare avvik og vere sikre på økonomisk balanse i ei uoversiktlig tid.

Grafar økonomi



Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2024



Detaljvisning drift (graf)

Årsmelding 2024



KOSTRA Nøkkeltal

Kostranalyse - Plan, kulturminner, natur og nærmiljø

	Haram 2023	Haram 2024	Giske	Ålesund	Herøy (M. og R.)	Ørsta	Volda	Kostragruppe 01
Grunnlagsdata (Nivå 3)								
Søknader i samsvar med plan med 12 ukers frist Byggesøknader i alt		26		95	16	38	54	43
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager)								
Søknader i samsvar med plan med 3 ukers frist Byggesøknader i alt		12		37	13		15	19
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid (dager)								

Årsmelding 2024

Kostra-analyse - Vann, avløp og renovasjon

	Haram 2023	Haram 2024	Giske	Ålesund	Herøy (M. og R.)	Ørsta	Volda	Kostragruppe 01
Produktivitet								
Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (kr) *)		3 869	4 200	3 835	3 991	3 525	3 525	3 711
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (kr) *)	0	3 656	4 931	5 277	4 749	3 551	3 784	6 542
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (kr) *)		451,0	500,0	476,0	0,0	654,0	608,0	554,0
Årsgebyr for septiktømming - ekskl. mva. (kr) *)		2 079	1 092	1 360	1 058	3 206	2 490	2 141
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (kr) *)		7 169	4 985	3 935	3 372	3 434	5 251	5 587

*) Inflasjonsjustert med deflator

Kostra-analyse - Brann og ulykkesvern

	Haram 2023	Haram 2024	Giske	Ålesund	Herøy (M. og R.)	Ørsta	Volda	Kostragruppe 01
Prioritet								
Beredskap mot branner og andre ulykker nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *)		2 125	1 200	1 283	1 642	1 234	1 541	1 162

*) Inflasjonsjustert med deflator

Kostra-analyse - Eiendomsforvaltning

	Haram 2023	Haram 2024	Giske	Ålesund	Herøy (M. og R.)	Ørsta	Volda	Kostragruppe 01
Prioritet								
Eiendomsforvaltning, kommune korrigerte brutto driftsutgifter beløp pr innb (kr) *)		7 436	4 870	6 122	6 152	6 498	7 556	7 036

*) Inflasjonsjustert med deflator

Kostra-analyse - Samferdsel

	Haram 2023	Haram 2024	Giske	Ålesund	Herøy (M. og R.)	Ørsta	Volda	Kostragruppe 01
Prioritet								
Netto driftsutgifter til kommunale veier og gater per km (kr) *)		121 802	108 517	259 826	146 283	119 236	156 537	139 985

*) Inflasjonsjustert med deflator

Status økonomiplantiltak

Rammeendringer i økonomiplanen

Beløp i 1000

Årsmelding 2024

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving
Politisk vedtak		
Flatt kutt ca 2,5 prosent	-1 630	Ferdig I kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2024 vart ramma redusert med eit flatt kutt på 2,5%, tilsvarande 1 650 000 kroner. Sjølvkostbudsjettet var allereie lagt og då dette ikkje kan endrast undervegs måtte kuttet i hovudsak gjerast i tenesteområdet eigedom med noko støtte frå vegavdelinga på tenesteområdet teknisk. Eigedomsforvaltninga har difor stramme økonomiske rammer. Driftsbudsjettet i 2024 var på om lag 7,56 mill. kr, tilsvarande 108 kr/m² – berre ein tredel av det som vert rekna som nødvendig for å oppretthalde god standard.
Sum	-1 630	
Sum tiltak	-1 630	

Status investeringsprosjekt

Plan Eigedom Landbruk Teknisk (PELT)

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året		Status
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap	
Eidet barne- og ungdomsskule	226 800	186 300	142 000	186 300	Iht. plan
ENØK	10 100	2 818	1 300	2 818	Iht. plan
Fiberutbygging	-	-	2 000	0	Ikkje vurdert
Generelle investeringar - VA	-	-	8 800	7 557	Iht. plan
Haramsøy barne og ungdomsskule	5 400	5 122	5 400	5 122	Iht. plan
Kartverk	-	-	700	238	Iht. plan
Kjøp av eigedom	-	-	5 000	3 033	Iht. plan
Lager Vatnedalen	5 100	3 119	5 100	3 119	Iht. plan
Rehabilitering, vedlikehald, tilrettelegging og utvikling kommunale formålsbygg og bustader	48 500	7 779	10 200	7 779	Iht. plan
Rehabilitering, vedlikehald, tilrettelegging og utvikling skular og barnehagar	44 500	2 444	4 900	2 444	Iht. plan
Veganlegg	-	-	3 000	2 858	Iht. plan
Sum	340 400	207 582	188 400	221 268	

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	2,59 %	4,39 %	6,98 %

Status sjukefråvær

Sjukefråværet var gjennomsnittleg lågt i 2024. Det er derfor ikkje sett i verk særskilde tiltak knytt til sjukefråvær.

Plan Eigedom Landbruk Teknisk (PELT)

Beskriving av tenesteområde

Fagstab si rolle i 2024 har i stor grad vore knytt opp til å støtte tenesteområda si utvikling og støtte opp om deira utvikling og utfordringar dette første krevande driftsåret. Det ligg til rolla vi har. Utover det har

Årsmelding 2024

fagstab arbeidd med å bygge opp kommunalområdet på tvers for å fremme lagfølelse og skape synergier i og mellom tenestene. Det har og vore jobba mykje med sentrale fagsystem, retningslinjer og rutinar.

Utvikling og utfordringar i 2024

Året 2024 har i stor grad handla om å tilpasse seg ein ny kvardag som eiga kommune. Mykje av dette er no på plass, takka vere den samla innsatsen i kommunalområdet. Det har vore brukt betydelege ressursar på å bidra inn i arbeidet med overordna planverk. Først og fremst knytt til å arbeide fram eit godt kunnskapsgrunnlag for eigedomstrategien, men også inn mot arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel. PELT har ikkje eiga prosjektavdeling. Derfor fell prosjektlederrolla / byggherreansvarleg i si heilheit på fagstab. Det har vore lærerikt og vi har hausta mykje kunnskap og erfaringar vi tek med oss vidare i arbeidet med samfunnsutviklinga i Haram framover. Særleg frå arbeidet med prosjektet "nye Eidet skule".

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	2 925	2 884	42
Refusjon lønn	-1 000	0	-1 000
Sum Lønn	1 925	2 884	-958
Drift	-222	-379	157
Overføringer	-612	11	-623
Sum Utgifter	-834	-368	-466
Brukerbetaling	0	0	0
Refusjoner	0	-11	11
Finansinntekter	0	-772	772
Sum Inntekter	0	-783	783
Netto resultat	1 092	1 733	-642


Kommentar til status økonomi


Forventa inntekt er knytt opp mot intern prosjektleiing i samband med Eidet skule. Dette skal fakturerast internt. Det blei mykje meir arbeid med prosjektleiinga av Eidet skule enn forventa. Elles ligg det ei feilbudsjettering på løn som no er retta. Refusjon av sjukelønn er no fordelt på tenesteeiningane. Ellers er tenesteområdet fagstab i balanse.

Grafar økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2024

*Detaljvisning drift (graf)*



Landbruk

Beskriving av tenesteområde

Nordre Sunnmøre landbrukskontor er eit interkommunalt landbrukskontor for kommunane Haram, Sula, Ålesund og Giske. Landbrukskontoret skal medverke til gjennomføring av den nasjonale landbrukspolitikken, gjennom informasjon om og forvaltning av verkemiddel. Den enkelte kommune skal også bidra til gjennomføring av lokalt tilpassa tiltak.

Landbrukskontoret sine oppgåver er forvaltning knytt til særlovene i landbruket, som jordlova og konsesjonslova, men forvaltning av tilskotsordningane innan jord- og skogbruk ligg også her. I tillegg har landbrukskontoret også ansvar innan område som omfattar miljø, viltforvaltning og ulike tiltak innan skogbruk, samt bygdeutviklingssaker.

Årsmelding 2024

Landbrukskontoret har fire tilsette med brei kompetanse innanfor sakshandsaming, tilskotsforvaltning, tilskotsordningar, viltforvaltning, omdisponering og konsesjon. Alle produsentar innan jordbruket og grunneigarar av landbrukseigedommar, og også publikum kan få rådgiving frå landbrukskontoret.

Utvikling og utfordringar i 2024

Landbrukskontoret har i løpet 2024 gått gjennom store endringar, og hatt utfordringar med vakante stillingar og store arbeidsmengder. På tross av dette har avdelinga gjort ein god jobb. Dei tilsette har lært mykje nytt på kort tid og hatt ei fin utvikling fagleg. Ein opplever også betre samarbeid mellom medlemskommunane og landbrukskontoret.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	3 989	3 250	739
Refusjon lønn	-192	-377	185
Sum Lønn	3 797	2 873	924
Drift	450	404	46
Kjøp av produksjon	2 619	3 081	-462
Overføringer	149	57	92
Sum Utgifter	3 218	3 542	-323
Brukerbetaling	-303	-1 316	1 013
Refusjoner	-4 508	-3 776	-732
Finansinntekter	-225	-181	-44
Sum inntekter	-5 036	-5 273	237
Netto resultat	1 979	1 141	838

Kommentar til status økonomi

Landbrukskontoret har hatt eit mindreforbruk i forhold til budsjettet i 2024. Mindreforbruket kjem av mindre utgifter til lønn, blant anna grunna vakanse på avdelinga. Vi har også hatt ei høgare inntekt enn det som var budsjettet for i 2024. Meirforbruket på utgiftssida kan ha samanheng med det kommunen brukar på fallviltettersøk og veterinærvakt. Ein kan ikkje vite heilt sikkert kor mange oppdrag det blir for året, og det er vanskelig å budsjettere for desse postane. Mindreforbruket på lønn og høgare inntekt på gebyr enn budsjettet for, gjer at landbrukskontoret på tross av meirforbruk på utgiftsposten, kjem ut med eit ganske stort mindreforbruk og greier å halde seg godt innanfor totalbudsjettet til avdelinga. Meirforbruket på enkelte postar blir difor dekt opp.


Oppsummering tiltak


Det har vore utlyst stillingar for å få inn folk i dei vakante stillingane på avdelinga, justert budsjettet der det har vore overforbruk.

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2024

*Detaljvisning drift (graf)*



Plan

Beskriving av tenesteområde

Tenesteområde plan er forvaltar og utøvar av mynde knytt til land- og sjøareal i kommunen. Oppgaver som arealplanlegging (overordna planar, temaplanar, områdeplanar og detaljregulering), byggesakshandsaming, geodata inkludert oppmåling og eigedomsinformasjon er organisert under dette tenesteområdet.

Kommunalområdet skal bidra til å bygge ein attraktiv og næringsvennleg kommune. I denne samanhengen er ein effektiv arealpolitikk som legg til rette for ei berekraftig samfunnsutvikling, viktig. Strategiane i regional plan for areal, klima og transport (PAKT) står sentralt. Dette gjeld til dømes ved utvikling av eigedomsstrategiar og lokalisering av offentleg tenestetilbod, utvikling av kollektivtilbod samt i planar for veg, vatn og avløp.

Årsmelding 2024

Tenesteområdet plan forvaltar alle tenester knytt til forvaltning av plan- og bygningslova. Området er i hovudsak finansiert av gebyr fastsett etter sjølvkost for kommunen sine kostnader med sakshandsaming. I tillegg utfører tenesteområdet det administrative arbeidet knytt til eigedomsskatt og er sekretariat for sakkyndig nemnd og skattetakstklagenemnda. Tenesteområdet har tilsaman ni tilsette med kompetanse innanfor forvaltningsområdet.

Utvikling og utfordringar i 2024

I tenesteområde plan har ein arbeidd mykje med å få på plass rutinar og prosedyrer i vårt første driftsår. I enkelte fagområde kunne vi dra nytte av prosedyrar og rutinar frå fellesperioden med Ålesund, medan i andre område måtte vi lage heilt nye. Vi har etablert samarbeidsrutinar mellom dei ulike tenesteområda innanfor kommunalområdet, og desse har det vore arbeidd med gjennom heile året og med brei deltaking. Særleg vil vi framheve samarbeidet mellom byggesak, landbruk og teknisk som positivt. Vi har også etablert eit godt opplegg for samarbeid mellom relevante organisatoriske einingar innan arbeidet med arealplanlegging.

Det har hatt høg prioritet å ha gode rutinar for informasjon og service overfor innbyggjarane i kommunen og lokalt næringsliv. Vi ser det som viktig å vere tilgjengeleg på telefon og å ha fysiske møter og møter på Teams. Vi har hatt ei god utvikling på tenesteproduksjonen gjennom året og kvaliteten på tenestene våre er god. Vi overheld fristane for sakshandsaming som er sett i lovverket med god margin.

I 2024 har vi samarbeidd med plan og bygning i Ålesund kommune, og vi har bidratt med kapasitet og kompetanse innanfor byggesakshandsaming og reguleringsplanarbeid når det har vore rom for. Dette har gitt gode inntekter utan at det har gått utover eigen produksjon. I tillegg har vi eit godt samarbeid med geodataavdelinga i Ålesund og Statens kartverk når det gjeld forvaltning og produksjon av kartdata.

Det er ei utfordring at vi er få på kvart fagområde og slik sårbare for sjukdom eller vakanse.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	8 522	7 906	617
Refusjon lønn	0	-113	113
Sum Lønn	8 522	7 793	730
Drift	1 856	1 850	6
Kjøp av produksjon	0	27	-27
Overføringer	85	228	-143
Finansutgifter	0	432	-432
Sum Utgifter	1 942	2 537	-596
Brukerbetaling	-5 355	-4 657	-698
Refusjoner	0	-673	673
Finansinntekter	0	-641	641
Sum Inntekter	-5 355	-5 971	616
Netto resultat	5 109	4 359	750

Kommentar til status økonomi


Mindreforbruket på lønn skuldast at det ligg inne i budsjettet ei ny stilling som arealplanleggar som det ikkje vart tilsett nokon i, i 2024. Stillinga vart utlyst men det vart ikkje gjennomført tilsetning på grunn av manglande kvalifikasjonar hos søkerane.

Meirforbruket på utgifter skuldast i hovudsak underbudsjettering av utgiftene til programvare som ein nyttar til kartforvaltning og utskriving av eigedomsskatt. Tenesteområdet fekk ansvar for administrasjon av innkreving av eigedomsskatt i kommunen utan at det vart tilført ekstra midlar til dette arbeidet. Det har og vore større utgifter til konsulenthjelp som ikkje har blitt dekt inn av kommunedelingsprosjektet.

Mindreforbruket på inntekstposten skuldast i all hovudsak større gebyrinntekter på kart og oppmålingsarbeidet. Det var særleg arbeidet med oppmåling av Nordøyvegen som ga ekstra inntekter. I tillegg har vi i 2024 selt tenester til Ålesund kommune innanfor handsaming av byggjesaker og reguleringsplanarbeid.


Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)



Detaljvisning drift (graf)

Årsmelding 2024

**Sjukefråvær****Fråvær**

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	0,94 %	2,36 %	3,31 %

Status sjukefråvær

Tenestemrådet har eit samla sjukefråvær på 3,31 % fordelt på 2,36 % for langtid og 0,94% for korttid. Dette er positive tal og det har såleis ikkje vore nødvendig å gjennomføre tiltak knytt til sjukefråveret.

Eigedom

Beskriving av tenesteområde

Tenesteområde eigedom har som hovudmål å sørge for ei forretningsmessig og kostnadseffektiv forvaltning av kommunen sine eigedomar og ikkje utbygde areal. Dette gjeld drift, vedlikehald, rehabilitering, utbygging, næringsutleige og -innleige, kjøp og sal. Tenesteområdet tek over det som var Ålesund Kommunale Egedomseskap (ÅKE) sine ansvarsområde i fellesperioden med Ålesund, og er under omorganisering for å tilpasse seg nye roller som del av ein generalistkommune. Området har ikkje eiga prosjektavdeling og kommunen må i stor grad støtte seg på eksterne profesjonelle aktørar. Oppdraget som ligg til tenesteområde eigedom er difor avgrensa til overordna koordinering av prosjektoppgåvene, og til å forvalte kommunen sitt lovpålagde byggherreansvar på ein forsvarleg måte.

Vidare har området ansvar for forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling (FDVU) av eigedomsmassen til kommunen. Det omfattar både kommunen sine formålsbygg, nærings eigedommar og omsorgs- og utleigebustader. Området har òg ansvar for fleire av dei publikumsretta anlegga i kommunen, slik som idrettsanlegg og symjehall. Eigedomsmassen til kommunen utgjer store verdier og skal forvaltast og utviklast i samsvar med behova til den nye kommunen. Sentralt i dette er utvikling og tilrettelegging av areal for gode tenester til innbyggjarane, både no og i framtida. Tenesteområdet har ein tenesteleiar, tre byggforvaltarar, ein gruppeleiar for reinhald, og ein gruppeleiar for drift. Det er omtrent fjorten årsverk på reinhald, fordelt på større og mindre stillingsprosentar. Driftseininga har åtte vaktmeistarar som er samorganisert med teknisk.

Utvikling og utfordringar i 2024

2024 vart eit år prega av både spennande moglegheiter og krevjande omstillingar for tenesteområde eigedom. To nye byggforvaltarar kom på plass, og eigedomsmassen vart delt mellom dei for å sikre betre oversikt og oppfølging. Med innføringa av systemet Multimap fekk vi gjennomført ei omfattande kartlegging av tilstandsgraden på heile eigedomsmassen. Dette var eit viktig steg i arbeidet med å forvalte store verdier på ein strategisk og kunnskapsbasert måte.

Driftsansvaret vart flytta frå område teknisk og lagt til eigedom. Dette har gitt meir heilskap og betre samhandling mellom drift, vedlikehald og forvaltning. Vi har òg sett i gang fleire større prosjekt, blant anna ombygginga av det gamle rådhuset til nye lokale for vaksenopplæringa. Det har gitt bygget nytt liv og rom for fleire kommunale tenester. Brannstasjonen på Longva vart kjøpt og er no i full drift, og gamle Brattvåg barneskule er ombygd med universell utforming og nye moglegheiter for bruk. På reinhaldssida har innføringa av GAT bidrege til betre struktur og meir effektiv arbeidskvardag for reinhaldarane våre.

Tenesteområde eigedom er i endring og vi står støtt i oppdraget vårt - å utvikle, forvalte og drifte eigedomane til beste for innbyggjarane i kommunen.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	20 675	20 519	156
Refusjon lønn	0	-971	971
Sum Lønn	20 675	19 549	1 126
Drift	20 105	19 479	626
Kjøp av produksjon	0	39	-39
Overføringer	5 615	7 125	-1 510
Finansutgifter	0	0	0
Sum Utgifter	25 720	26 643	-923

Årsmelding 2024


	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Brukerbetaling	-14 220	-13 947	-274
Refusjoner	-5 397	-7 418	2 021
Finansinntekter	0	-1 126	1 126
Sum Inntekter	-19 618	-22 491	2 874
Netto resultat	26 777	23 701	3 077

Kommentar til status økonomi



Tenestekområdet eignedom har eit mindreforbruk på 3 076 828 kroner. Eit viktig bidrag til det positive resultatet har vore reduserte lønskostnader, samt at vi har fått inn fleire refusjonar enn forventa. Desse faktorane har vore avgjerande for å hente inn tidlegare avvik og sikre økonomisk balanse.

Oppsummering tiltak

Tidleg i året såg vi at det ville bli krevande å halde oss innanfor budsjetttrammene, og det vart difor raskt sett i verk tiltak for å redusere kostnader. Gjennom året har vi hatt tett oppfølging og god styring, og vi er nøgde med å ha klart å avgrense meirforbruket på utgiftssida til under éin million kroner, sett i samanheng med både detaljnivå og totalramme for budsjettet.

Grafar økonomi**Driftsutgifter og inntekter (graf)****Detaljvisning drift (graf)**

Årsmelding 2024

**Sjukefråvær****Fråvær**

	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	3,89 %	6,11 %	10,00 %

Status sjukefråvær

Sjukefråværet i 2024 har variert mellom dei ulike delane av tenesteområdet. For eigedom og eigedomsforvaltning har nivået vore lågt, noko som viser at strukturen og organiseringa i eininga fungerer godt, og at arbeidsmiljøet er stabilt.

For tenesta eigedomsdrift har sjukefråværet vore noko høgare enn kommunen sitt mål. Det blir jobba aktivt med førebygging og oppfølging. Vi ser at det i hovudsak er snakk om langtidsfråvær, og tiltak knytt til nærvær og trivsel er vidareført gjennom året.

Det er innan reinhaldstenesta vi har hatt det største fråværet, og det har dessverre vore høgare enn det vi hadde håpa på. Å tilrettelegge arbeid i reinhald er krevande. Både grunna dei fysiske belastningane og fordi det ofte ikkje er rom for å omfordele oppgåver på ein enkel måte. Gradert sjukemelding har vist seg å vere ei betre løysing enn deling av arbeidsoppgåver, mellom anna av økonomiske årsaker.

Vi har halde fram med tiltak innan ergonomi og arbeidsmiljø, som opplæring i løfteteknikk, bruk av rett utstyr, og tett kollegastøtte i kvardagen. Det vert også jobba vidare med å styrke systematikk og dialog med dei tilsette, for å skape betre føresetnader for både førebygging og tilbakeføring til arbeid.

Teknisk

Beskriving av tenesteområde

Tenesteområde teknisk har ansvar for å forsyne innbyggjarane med drikkevatn og handtere avløpsvatnet. Området har ansvar for drift, vedlikehald og fornying av reinseanlegg, leidningsnett og pumpestasjonar for både drikkevatn og avløpsvatn. Verksemda blir finansiert gjennom vass- og avløpsgebyr. Samla sett har denne delen av kommunalområdet ei sentral rolle både for kommunen sine egne, men også natur-, miljø- og klimaretta tiltak retta mot innbyggjarane, slik som tilsyn med private avløpsanlegg. Andre viktige oppgåver er forvaltning av vasskjeldeområde, tilsyn, rettleiing og informasjon til kundar, abonnentar og samfunnet elles.

Tenesteområdet forvaltar og utviklar også det kommunale vegnettet og har ansvar for sommar- og vintervedlikehald. I tillegg ligg forvaltning av Haram sine deltakarinteresser i dei interkommunale avtalane om brann og redning, beredskap og renovasjon/slam, til dette tenesteområdet.

Tenesteområde teknisk har tilsaman 19 tilsette med samansett ingeniørkompetanse innan fagområda. Driftseininga er organisert saman med tenesteområde eigedom og består av ein fagleiar og tolv driftsoperatørar som utfører vaktmeistertjenester, driftsoppgåver, handverkertjenester og vatn, avløp, veg og grønt.

Utvikling og utfordringar i 2024

2024 har vore eit prøveår for korleis vi skal klare å levere gode tenester. Vi starta opp med fleire nye tilsette, og minimalt med utstyr. Vi har brukt mykje tid på å få oversikt over kunnskap og kapasitet. Vi har kjøpt inn ein del nødvendig utstyr som krevst for å drifte veg og anlegg.

Av større prosjekt har vi etablert ny vassleidning mellom Lepsøya og Haramsøya, og bytta ut fleire kummar. Vi har også utført nødvendig ombygging av lageret i Vatnedalen. Elles har vi starta planlegging av prosjekt som skal utførast i 2025 og seinare. Vi laga ny trafikktryggingssplan for Eidsvika som danna grunnlag for søknad om trafikktryggingssmidlar frå Statens vegvesen. Søknaden gjaldt etablering av gang-/sykkelveg ved Sandane byggefelt, og etablering av trygge stadar for kryssing mellom Eidsvika og Eidet skule. Denne søknaden vart innvilga, og prosjektet er klart til gjennomføring i 2025.

Vi har hatt god beredskap ved varsla ekstremvær. Vi har hatt gode rutinar på kontroll av overvasspunkt, samt laga planar for kva utstyr som skal ligge på lager til slike situasjonar. Ved ei flaumhending ved Reiteelva i Søvika bistod vi med gravemaskin, noko som hindra skadar på hus og veg.

Tenesteområde teknisk har ei stor og viktig lovpålagd oppgåve som gjeld tilsyn på avløpsanlegg etter forureiningsforskrifta. Vi har kome godt i gang med arbeidet i 2024, og lagt plan for vidare utføring dei neste åra.

Årsmelding 2024

Vi har fått til eit godt samarbeid mellom ulike einingar i løpet av dette første året. Spesielt mellom teknisk og eigedom, men også mot skuletenesta, plan og landbruk. Dette gjer at vi greier å skape gode løysingar på tvers av fagområde, som igjen gir god service til innbyggjarane. Vi opplever at innbyggjarane er fornøgde med tenestene vi har levert.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Lønn	9 723	8 943	780
Refusjon lønn	0	-331	331
Sum Lønn	9 723	8 612	1 111
Drift	15 523	16 608	-1 086
Kjøp av produksjon	43 450	42 009	1 441
Overføringer	-251	2 734	-2 985
Finansutgifter	17 710	14 389	3 321
Sum Utgifter	76 431	75 740	691
Brukerbetaling	-57 604	-52 944	-4 660
Refusjoner	-2	-3 112	3 110
Finansinntekter	-94	-432	338
Sum Inntekter	-57 700	-56 488	-1 212
Netto resultat	28 454	27 864	590

Kommentar til status økonomi

Veg: Resultatet for 2024 viser eit meirforbruk på om lag 1 000 000 kr. Dette skuldast i hovudsak faste utgifter som det ikkje var tatt høgde for i budsjett. Den største utgifta i denne samanheng er kostnad til Nordvestnett for vedlikehald av gatelys i kommunen. Av andre utgifter var også postar for utgifter til straum gatelys, og driftsutgifter transportmidlar (brøytetraktoren) underbudsjettet.

Vatn: Etterkalkyle viser eit overskot på om lag 1,5 mill.kr. Dette beløpet går inn i sjølvkostfondet for å dekke tidlegare underskot.

Avløp: Etterkalkyle viser eit underskot på om lag 400 000 kr. Dette går inn i sjølvkostfondet og må dekkast inn over 5 år.


Renovasjon, slamtømming, feiing: Områda har mindre avvik i forhold til budsjett. Overskot/underskot vert ført i sjølvkostfond innanfor områda.

Forureiningsmynde (funksjon 302): Området har eit overskot på i underkant av 1. mill.kr, som går inn i sjølvkostfondet. Overskotet skuldast ei stilling der det ikkje vart tilsett nokon før seint på året.

Grafar Økonomi

Driftsutgifter og inntekter (graf)

Årsmelding 2024



Detaljvisning drift (graf)



Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2024	1,03 %	0,51 %	1,53 %

Status sjukefråvær

Sjukefråværet i området teknisk er lavt, og på det nivå ein kan forvente av ordinært sjukefråvæ. Vi har hatt lite langtidsfråvæ.

Frie inntekter, finans mm

Årsmelding 2024

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Virksomhet	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
9000-Frie disponible inntekter	0	-1 824	-1 824	-100,0 %
9100-Overføringer	11 671	11 573	-97	-0,8 %
9200-Premieavvik og pensjonskostnad	10 796	-8 623	-19 419	-225,2 %
9300-Finans	0	0	0	0,0 %
9700-Fellesutgifter- og inntekter	-20 675	5 727	26 402	461,0 %
Sum	1 791	6 854	5 063	73,9 %

Kommentar til status økonomi

Frie disponible inntekter

Budsjettert med inntekter knytta til norskopplæring, men disse blei utbetalt og bokført saman med integreringstilskott på eige ansvar.

Overføringer

Her ligg overføringane av driftstilskot og interne transaksjonar til Ingebrigt Davik-huset KF og Haram kyrkjelege fellesråd.

Premieavvik og pensjonskostnad

Omtalt under hovudoversikten. Budsjettert med eit større premieavvik i 2024 på 9000-område, men premieavvik endte mykje lågare enn dei amortiserte avdraga slik at det blei utgiftsføring på fellesområde framfor inntektsføring som budsjettert. Einingane fekk i staden store nedjusteringar i pensjonsutgifter på slutten av året. Dei totale samla pensjonsutgiftene for 2024 blei likevel noko lågare enn budsjettert.

Fellesutgifter- og inntekter

Felles programvare og lisensar - Felleskostnader store fellessystem flytta til 9000-området. Fordelt per kostra funksjon ifm. årsoppgjør.

Overføring til Fylkeskommuner - Nordøyvegen, årlig bidrag. Kalkulert ihht. sak til skjønsmnd. Taper Haram saken, vil årlig kostnad auke med om lag 3,7 mill.kr.

Kommunedeling - refusjon felles ressursbruk timer. Fordelt kostra funksjon.

KOSTRA Nøkkeltal

Årsmelding 2024

Kostra-analyse - Investering, finansiering, balanse

	Haram 2023	Haram 2024	Giske	Ålesund	Herøy (M. og R.)	Ørsta	Volda	Kostragruppe 01
Økonomi								
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter		3,3 %	3,8 %	1,8 %	2,0 %	0,6 %	7,8 %	8,4 %

Kostra-analyse - Kirke

	Haram 2023	Haram 2024	Giske	Ålesund	Herøy (M. og R.)	Ørsta	Volda	Kostragruppe 01
Prioritet								
Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 i prosent av samlede netto driftsutgifter		1,2 %	0,9 %	1,1 %	1,1 %	0,8 %	0,9 %	1,0 %
Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner *)		903	703	779	921	648	794	827
Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner (B) *) **)		903	703	779	921	648	794	827

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Kostra-analyse - Hovedtall drift

	Haram 2023	Haram 2024	Giske	Ålesund	Herøy (M. og R.)	Ørsta	Volda	Kostragruppe 01
Økonomi								
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)		31,0 %	24,8 %	7,1 %	10,3 %	-2,7 %	14,2 %	12,3 %
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger *)		104 282	98 436	105 186	114 938	109 445	129 373	113 677
Frie inntekter i kroner per innbygger *) **)		67 295	67 653	69 593	69 620	67 309	69 926	68 739
Korrigert netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B)		0,3 %	-2,6 %	1,1 %	-0,3 %	-9,0 %	-4,3 %	-1,4 %
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter		119,7 %	122,9 %	117,1 %	76,5 %	120,1 %	139,8 %	92,6 %

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Status økonomiplan tiltak

Rammeendringar i økonomiplanen

Beløp i 1000

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving
Politisk vedtak		
Kutt til kyrkjeleg fellesråd	-600	Ferdig Økonomiplan tiltak er gjennomført

Årsmelding 2024

Tiltak	Ramme år 1	Status Beskriving
Sum	-600	
Sum tiltak	-600	

Status investeringsprosjekt

Frie inntekter, finans mm

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
Dummy prosjekt - ordinære investeringer	-	-	16 757	0 lht. plan
Egenkapitaltilskot KLP	8 800	1 957	2 200	1 957 lht. plan
Investeringar Kyrkjeleg Fellesråd	9 855	712	3 855	712 lht. plan
Utlån	-	-	3 360	3 360 lht. plan
Sum	18 655	2 670	26 171	6 030

Sum andre prosjekt

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status
Sum andre prosjekt	0	1 649	1 319	1 649
Sum	0	1 649	1 319	1 649

Årsrekneskap

Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

Beløp i 1000

	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Rammetilskot	-325 840	-325 840	-347 020	21 179	6,5 %	-325 840	21 179	6,5 %
Skatt på inntekt og formue	-325 800	-325 800	-301 465	-24 335	-7,5 %	-325 800	-24 335	-7,5 %
Eigedomsskatt	-16 947	-18 352	-18 470	118	0,6 %	-18 352	118	0,6 %
Andre skatteinntekter	-2 464	-2 464	-2 015	-449	-18,2 %	-2 464	-449	-18,2 %
Andre overføringar og tilskot frå staten	-37 660	-37 660	-52 320	14 660	38,9 %	-37 660	14 660	38,9 %
Overføringar og tilskot frå andre	-74 851	-74 851	-156 783	81 932	109,5 %	-73 848	82 935	112,3 %
Sals- og leigeinntekter	-105 009	-105 009	-99 632	-5 377	-5,1 %	-105 009	-5 377	-5,1 %
Sum driftsinntekter	-888 571	-889 976	-977 704	87 727	9,9 %	-888 974	88 730	10,0 %
Utgifter til løn	443 754	443 754	474 294	-30 540	-6,9 %	439 724	-34 570	-7,9 %
Sosiale utgifter	126 922	126 922	122 561	4 361	3,4 %	125 700	3 139	2,5 %
Kjøp av varer og tenester	227 859	187 225	295 375	-108 149	-57,8 %	232 108	-63 267	-27,3 %
Overføringar og tilskot til andre	30 035	27 452	55 772	-28 321	-103,2 %	27 452	-28 321	-103,2 %

Årsmelding 2024

	Opph. bud. 2024	Politisk vedtatt budsjett 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Avskrivningar	35 062	35 062	38 934	-3 872	-11,0 %	35 062	-3 872	-11,0 %
Sum driftsutgifter	863 631	820 415	986 936	-166 521	-20,3 %	860 046	-126 890	-14,8 %
Brutto driftsresultat	-24 940	-69 561	9 232	-78 794	-113,3 %	-28 928	-38 160	-131,9 %
Renteinntekter	-14 760	-14 760	-19 347	4 587	31,1 %	-14 760	4 587	31,1 %
Utbytte	0	0	0	0		0	0	
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidlar	-20 000	-20 000	-32 195	12 195	61,0 %	-20 000	12 195	61,0 %
Renteutgifter	50 700	50 700	53 361	-2 661	-5,2 %	50 700	-2 661	-5,2 %
Avdrag på lån	32 900	32 900	30 308	2 592	7,9 %	32 900	2 592	7,9 %
Netto finansutgifter	48 840	48 840	32 125	16 715	34,2 %	48 840	16 715	34,2 %
Motpost avskrivningar	-35 000	-35 000	-38 934	3 934	11,2 %	-35 000	3 934	11,2 %
Netto driftsresultat	-11 100	-55 721	2 424	-58 145	-104,3 %	-15 088	-17 512	-116,1 %
Disponering eller dekning av netto driftsresultat								
Overføring til investering	0	0	0	0		0	0	
Avsettingar til bundne driftsfond	2 750	2 750	38 762	-36 012	-1309,5 %	2 750	-36 012	-1309,5 %
Bruk av bundne driftsfond	-319	-319	-37 965	37 646	11801,2 %	-319	37 646	11801,2 %
Avsettingar til disposisjonsfond	8 669	54 473	0	54 473	100,0 %	13 840	13 840	100,0 %
Bruk av disposisjonsfond	0	-1 183	-3 221	2 038	172,3 %	-1 183	2 038	172,3 %
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0		0	0	
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	11 100	55 721	-2 424	58 145	104,3 %	15 088	17 512	116,1 %
Framført til inndecking i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0		0	0	

Kommentar til skjema § 5-6 Økonomisk oversikt - drift

Resten av dei pliktige og godkjente forskriftskjema fins vedlagt i saka.

Årsmelding 2024

PS: Framsikt "plukkar" litt ulikt frå Visma Enterprise økonomisystemet, slik at forskriftsskjema ikkje blir 100% like. Forskriftsskjema vedlagt i saka er henta frå økonomisystemet og er dei som er godkjente og reviderte.